



## ÅRSMELDING FOR NASJONALMUSEET 2007

**NASJONALMUSEET  
FOR KUNST, ARKITEKTUR  
OG DESIGN**

—

Ansvarleg redaktør: Allis Helleland  
Redaktør: Anita Rebolledo  
Redaksjon: Toril Fjelde Høye, Françoise Hanssen-Bauer,  
Anne Qvale og Birgitte Sauge  
Omsetjing til nynorsk: Brit Bildøen  
Design: Petter Baggerud  
Redaksjonen vart avslutta 08. mai 2008  
Opplag: 700

Den utvida utgåva av Nasjonalmuseet si årsmelding 2007 har detaljerte lister over museet sine nye innkjøp og gåver, utlån og dei tilsette ved museet.

#### Forsidebildet:

Filmskaparen Harun Farocki fekk tilgang til filmopptak frå fotball-VM 2006 i Tyskland. Documenta 12, Museet for samtidskunst i Barcelona (MACBA) og Nasjonalmuseet inviterte han til å lage ein videoinstallasjon.

I banksalen i Museet for samtidskunst vart "Deep Play" vist på 12 storskjermar. Kunstverket omfattar filmopptak frå FIFA, tryggleikskamera (overvakingskamera?), Farockis egne filmopptak, digitale spelanalyser og to- og tredimensjonale animasjonar frå fotballrørslar. Publikum fekk på ny oppleve heile den spennande VM-finalen mellom Italia og Frankrike med inngåande analysar og digitalisering av spelarane si tid med ballen, driblingar, pasningar og feilpasningar. Kunstprosjektet er ei total analyse av det individuelle spelet, også den uengjymmande nedskallinga til Zinédine Zidane.

"Deep Play" vart vist under den store kunstmønstringa Documenta 12 i Kassel sommaren og hausten 2007. Verket er kjøpt inn til Nasjonalmuseets samling.  
Foto: Stillbilder

**Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design**  
**The National Museum of Art, Architecture and Design**  
Postboks 7014 St. Olavs plass  
NO-0130 Oslo Norge

—  
**Telefon: + 47 21 98 20 00**  
**Fax: + 47 21 98 20 91**

—  
**info@nasjonalmuseet.no**  
**www.nasjonalmuseet.no**

# INNHALD

1	ÅRSMELDINGA FRÅ STYRET 2007	4
2	DIREKTØREN SITT FORORD	10
	DIREKTØREN SIN STAB	11
4	NASJONALMUSEET SINE UTBYGGINGSPROSJEKT	14
5	FORSKING OG UTVIKLINGSVERKSEMD	16
6	LANDSDEKJANDÉ PROGRAM	19
7	MUSEET SITT PROGRAMARBEID	22
8	UTSTILLINGS- OG FORMIDLINGSVERKSEMDA	23
9	AVDELING SAMLING OG UTSTILLING	37
10	AVDELING FORMIDLING	42
11	AVDELING MUSEUMSTJENESTER	48
12	AVDELING DRIFT OG SIKKERHET	53
13	AVDELING ADMINISTRASJON	54
14	ARBEIDSMILJØ	56
15	AVDELING ØKONOMI OG REGNSKAP	58
16	ÅRSREKNESKAP FOR STIFTELSEN NASJONALMUSEET FOR KUNST 2007	59
17	NYERVERVELSER	74
18	UTLÅN	79
19	TILSETTE I NASJONALMUSEET	88

# 1 ÅRSMELDINGA FRÅ STYRET 2007

## 1.1 ÅRSMELDINGA FRÅ STYRET

Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design er eit museum for heile Noreg som tek vare på den norske kulturarven og inviterer til utfordrande møte med kunst, arkitektur og design. Museet driv museumsverksemd i sentrum av Oslo, og har eit omfattande, landsdekjande utstillingsprogram. Institusjonen sine utstillingsarenaer i Oslo i 2007 har vore lokala i Universitetsgata 13, St. Olavs gate 1 og Bankplassen 4, i tillegg til Kunsthallen som står på Tullinløkka. Biblioteket og hovuddelen av personalet ved museet held til i Kristian Augusts gate 23. Ein del av museet sine samlingar er magasinert i eksterne, leigde lokale.

## 1.2 AKTIVITETEN I OSLO

2007 var det fjerde ordinære driftsåret for Nasjonalmuseet. I tillegg til samlingsutstillingane vart det vist 14 skiftande utstillingar i Oslo. Nymontering av samlingsutstillingane for historisk kunst (i Nasjonalgalleriet) og for samtidskunst (i Museet for samtidskunst) vart gjennomført.

Det samla talet på besøkande for utstillingsstadene i Oslo var 517.223. Det er ein nedgang på 4,5 % frå 2006. Nedgangen i talet på besøkande skuldast i hovudsak at det vart vist færre temporære utstillingar i 2007 enn i 2006.

Utstillingane dekte alle av museet sine fagområde. "Skatter fra Shanghai" var den store eigenpro-

duserterte utstillinga på kunstindustrifeltet, innan samtidskunst var videoutstillinga med bestillingsverket *Deep play* av den tyske kunstnaren Harun Farocki eit høgdepunkt. Den nordiske samarbeidsproduksjonen "Naturens speil" vart etterfølgt av ei retrospektiv utstilling av Olle Bærtlings verk, laga i samarbeid med Moderna Museet. I Kunsthallen viste vi mellom anna den internasjonale vandreutstillinga om den finske arkitekten Eero Saarinen.

Eit omfattande formidlingsprogram var knytt til desse utstillingane. Det samla talet på omvisningar var 1.565.

Dei utstillingslokala som finst i Oslo i dag, er ikkje optimale. Dei eldre museumsbygningane Nasjonalgalleriet, Kunstindustrimuseet og Museet for samtidskunst oppfyller ikkje notidige museumskrav til brann-, tjuveri- og klimatryggleik.

## 1.3 LANDSDEKJANDE PROGRAM – UTSTILLINGAR, FORMIDLING OG KOMPETANSEBYGGING I NOREG

Ved sida av produksjon og formidling av vandreutstillingar har arbeidet med landsdekjande formidling bestått av ei rekkje kompetansehevande tiltak i nettverk skole og galleri: to opplæringsseminar for regionale formidlarar, åtte regionale lærarseminar, to formidlingsseminar for formidlarar frå regionane og Oslo, eitt produksjonsseminar for

ulike produksjonsmiljø frå heile landet, eitt kunsttorg for vising og evaluering av nye skoleutstillingar, eitt nordisk formidlingsseminar i samarbeid med mellom andre Finsk-norsk kulturinstitutt, og elles eit toårig deltidsstudium i kuratorarbeid i samarbeid med Norske Kunstforeningar og Høgskolen i Telemark. Studiet inkluderte eit regionalt og eit nordisk seminar. 20 studentar deltok på studiet i 2007.

Til saman vart det arrangert 8 nasjonale og 9 regionale seminar med fokus på formidling med i alt 404 deltakarar.

### 1.3.1 Nettverk skole

Siktemålet med nettverket er å medverke til auka kunst- og formidlingskompetanse, i tillegg til å medverke til variasjon i utstillingstilbodet. Det er gjennomført evalueringsmøte med tolv fylkeskommunar og éin kommune.

I 2007 var 15 utstillingar på turné i nettverket. To nye utstillingar til nettverket vart sett i produksjon og ferdigstilt: "Oslo by night" og "Designjungelen", og tre nye utstillingar vart sett i produksjon: "Det lille galleri III", "Tema skulptur" og "Utopi og fantasi".

Dei 15 skoleutstillingane som var på vandring i 2007, hadde 287 turnéstopp og vart besøkt av 32.536 elevar.

Nasjonalmuseet fekk i 2007 tildelt prisen Gullsekken for beste produksjon til skolane. Prisen Gullsekken var nyoppretta av Kultur- og kyrkjedepartementet i 2007 og vart overrekt av kulturminister Trond Giske. Prisen gjekk i sin heilskap til kunstnargruppa Jam – eit samarbeidsprosjekt mellom aksjonskunstnarane Adbusters og Nasjonalmuseet.



### 1.3.2 Nettverk galleri

Siktemålet med nettverket er å medverke til høg kvalitet og variasjon i utstillingstilbodet, i tillegg til å overføre formidlingskompetanse til ei rekkje av kunstforeiningane, kunsthallane, kunstnar-sentra, kulturhusa og høgskolane i landet. Ein ny formidlingsmodell vart utarbeidd og prøvd ut for å overføre formidlingskompetanse til lokale kunstformidlarar. Formidlingsmodellen vart prøvd ut på ni ulike foreiningar og galleri, og dessutan på ein større turné i Nord-Noreg i samarbeid med SKINN, Samorganisasjonen for kunstformidling i Nord-Noreg. Formidlingsmodellen er verdifull, fordi kompetansen vert verande i regionane etter turnéslutt. Modellen vert no nytta til alle vandreutstillingane i dette nettverket.

I 2007 var det åtte utstillingar på turné i nettverket. Utstillingane hadde 34 turnéstopp og vart besøkt av 30.074 publikummarar (16.166 vaksne og 13.808 barn og ungdom). Til nettverket høyrer òg samarbeidet om kuratorstudiet med Norske Kunstforeiningar og Høgskolen i Telemark.

### 1.3.3 Nettverk museum

Siktemålet med nettverket er å fremje samarbeid om forskning og formidling på tvers av institusjons- og faggrensar, som resulterer i kompetanseheving og utstillingar. Det har vore ønskjeleg å utvide nettverket til å omfatte alle museum i Noreg som har ansvar for kunst, arkitektur og design. På grunn av direktørskifte vart det ikkje halde nettverksmøte i 2007, men på slutten av året vart det planlagt og sendt ut invitasjon til eit stort nettverksmøte i januar 2008 for alle musea innanfor felta.

### 1.4 VERKSEMD I UTLANDET

Nasjonalmuseet viste tre vandreutstillingar i utlandet i 2007. Utstillinga "The new Bibliotheca Alexandria" (Snøhetta Arkitekter) er produsert av Nasjonalmuseet og finansiert av Utanriksdepartementet. I 2007 vart utstillinga vist i Tel Aviv.

"Norwegian Contemporary Architecture" laga vi som ei engelsk utgåve av utstillinga "Norsk Samtidsarkitektur". Vandringa vart finansiert av Utanriksdepartementet og gjekk i 2007 til Antwerpen,

Helsinki, Berlin, Bratislava og Banská Bystrica. "Scandinavian Design Beyond the Myth" er eit forskingsbasert nordisk turnésamarbeid finansiert av Nordisk Råd, og vart i 2007 vist i A Coruña, Sofia, Beograd og Zagreb. Til Biennalen i São Paulo i 2007 tok vi med oss utstillinga "Lost in Nature. Jarmund og Vignæs Arkitekter" som vart finansiert av Utanriksdepartementet. I tillegg har vi medverka til utstillingar i utlandet ved utlån av 83 eigne verk.



Styret for Nasjonalmuseet i 2007: Frå venstre styreleiar Christian Bjelland, Turid Aakhus, Ellen Lérberg. Bak: Nestleiar Kari Kjenndalen, William Nygaard, Jorunn Veiteberg, og Viggo Hagstrøm.

Foto: Borre Høstland, Nasjonalmuseet



*Polyester er eit nyinnkjøpt verk til samlinga. Det er skapt av kunstnaren Diana Burger. Verket er brodert på papir.*

Foto: Anne Hansteen Jarre, Nasjonalmuseet.

### 1.5 UTLÅN

Utlån er viktig for å få presentert samlingane våre, og norske kunstnarar i heile Noreg og i utlandet. Det er viktig med tanke på innlån av kunst frå andre institusjonar til Nasjonalmuseet. Utlån vert gjort ut frå faglege vurderingar av bevaring og tryggleik m.a. I 2007 handsama Nasjonalmuseet 232 lånesøknader. Det vart lånt ut

295 verk frå samlingane som inngår i Nasjonalmuseet; 212 verk til 28 utstillingar i Noreg, og 83 verk til 26 utstillingar i utlandet.

Vi har lånt ut verk til seriøse og viktige utstillingar i inn- og utland, og fleire av utstillingane har utelukkande verk frå samlinga vår; for eksempel "Grensetilstander", kuratert av Kunstmuseene i Bergen.

Etterspurnaden etter verk av Edvard Munch er stadig aukande, og i 2007 har museet bidrege med verk til utstillingar ved Fondation Beyeler, Basel, The National Museum og Western Art, Tokyo, Hyogo Prefectural Museum of Art, Kobe, Palazzo dei Diamanti, Ferrara og Galleria Nazionale i Roma.

### 1.6 FORSKING OG UTVIKLING

Forskningskoordinator gjekk ved byrjinga av 2007 over til stilling som konstituert avdelingsleiar for samling og utstilling.

Forskningsaktiviteten har i 2007 konsentrert seg om vidareføring av pågåande prosjekt og samarbeid med mellom andre Kunsthistorie, IFIKK, Universitetet i Oslo.

#### 1.6.1 Nasjonalmuseet arrangerte fire forskningsseminar i 2007

"Eero Saarinen. Framtiden tar form". Arrangert i samarbeid med og med støtte frå Kunsthistorie, IFIKK, UiO, og med støtte frå Finsk-norsk kulturinstitutt og Den amerikanske ambassaden.

"Edvard Munch: dansk-norsk seminar". Arrangert i samarbeid med og med støtte frå Kunsthistorie, IFIKK, UiO.

"Norsk Arkitekturhistorie: Det forsømte 1800-tallet / Arkitektur og teknologi". Arrangert med støtte frå Stiftelsen Sat Sapienti.

"USA i våre hjerter? Om forholdet til USA i etterkrigstiden med blick på tidens kunst, arkitektur og design fra perioden 1945 til 1965". Arrangert i samarbeid med og med støtte frå Kunsthistorie, IFIKK, UiO.

Seminara inneheldt innlegg både av museet sine egne tilsette og av eksterne bidragsytarar.

### 1.6.2 Forskingsartiklar frå museet i 2007:

Nina Denney Ness: "Dynamikk, uendelighet og manifester", i *Olle Bærtling. En moderne mester*, katalog Nasjonalmuseet / Moderna Museet 2007, s. 33–39.

Øystein Ustvedt: "Autodidakten som ble en moderne klassiker", i *Olle Bærtling. En moderne mester*, katalog Nasjonalmuseet / Moderna Museet 2007, s. 9–21.

Marit Ingeborg Lange: "The Young Munch: Max Klinger's Impact on his Imagery", i *Kunst og kultur*, Oslo, nr. 3 2007 s. 160–173.

### 1.7 MAGASIN

Styret har i 2007 prioritert tryggleiken og bevaringstilhøva for samlingane høgt.

Nasjonalmuseet har gjennomført mange forbetringstiltak innanfor dei eksisterande magasin, og det er inngått avtale om nye brutto 3.000 m<sup>2</sup> førebelse magasin av høg kvalitet. Desse er innflyttingsklare medio 2008.

Dei tiltaka som er gjennomførte, representerer forbetringar, men tilhøva er generelt av ein slik karakter at dei verkeleg store og merkbare betringane først vil skje med gjennomføringa av byggeprosjektet.

Luftkvaliteten og klimatilhøva er problematiske i dei gamle, eksisterande bygga våre. Det vil krevje total rehabilitering av desse bygningane å få dette på eit tilfredsstillande nivå for kunstverka.

Arbeidet med å betre tryggleiken og bevaringstilhøva for samlingane held fram i 2008 med same høge prioritet.

### 1.8 INNKJØP AV KUNST

Samla innkjøp av kunst i 2007 utgjer kr 8,6 mill. mot kr 11,4 mill. i 2006.

Avgift til Bildende Kunstneres Hjelpefond er i 2007 betalt med kr 131.408.

I samsvar med avtalen mellom Stiftelsen Nasjonalmuseet for kunst og Kultur- og kyrkjedepartementet har museet drifts- og forvaltningsansvar for samlingane. Nyskaffingar til samlingane er ein viktig del av dette forvaltningsansvaret. Museet skaffar verk innan felte arkitektur, biletkunst, design og kunsthåndverk. Museet ser på dei eksisterande samlingane og vil i hovudsak komplettere ved samtidige nasjonale verk, men òg internasjonale verk med særskilt interesse for samlingane, eller dersom verket har viktige tilknytingspunkt til Noreg. Det vil bli lagt vekt på å samle hovudverk og enkelte kunstnarskap som har særskild verdi for ein periode, for ei materialgruppe eller for eit anna område i samlinga.

Høve til å skaffe sentrale norske og utanlandske verk vil òg kunne vere eit viktig trekkplaster og auke interessa for museet sine utstillingar. Nasjonalmuseet har ikkje vore tilstrekkeleg finansiert til å kunne ta hand om denne oppgåva på ein god nok måte, med dei gjeldande marknadsprisane på sentrale kunstverk. Styret har over fleire år uttrykt bekymring over dette svake punktet. Styret har derfor hatt ein ambisjon om å bygge opp eit omfattande innkjøpsfond for dette føremålet. I 2007 har det vore prioritert å redusere driftskostnader, mellom anna for å frigjere midlar til eit slikt fond. Det har resultert i ei avsetjing til fond for innkjøp av kunst på kr 3,3 mill. i 2007. Samla avsetjing til fond for innkjøp av kunst er pr. 31.12.07 kr 5,0 mill.

### 1.8.1 Av større verk som er innkjøpte eller mottatte som gåve i 2007, kan nemnast:

Isa Genzken, *Empire Vampire V (C)*, 2005, skulptur, Ragnhild Keyser, *Lescahier*, måleri, Leonard Rickhard, *To figurer ved fugleskap*, 2007, måleri, Harun Farocki, *Deep Play*, 2007, videoinstallasjon, Per Spook, antrekk frå 80-talskolleksjonane, Tone Vigeland, *Veggarbeid 1*, 2006, installasjon, privatarkivet etter arkitektkontoret Arkitim og David Andersen, sølvskrin frå 1893.

### 1.9 NYTT MUSEUMSBYGG

Hausten 2007 samarbeidde Nasjonalmuseet med Kultur- og kyrkjedepartementet (KKD), Statsbygg og Entra for å forfatte eit nytt konkurranseprogram for eit samla museumsanlegg for Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design på Tullinløkka. Programmet omfattar dei eksisterande (Nasjonalgalleriet og Kulturhistorisk museum) og nye bygningar. Det nye museumsanlegget skal innehalde areal for publikum og utstillingar, og areal knytt til verkstader, gjenstandsmagasin, mottak og drift.

Arbeidet med programmet har òg omfatta samarbeid med mellom anna Oslo kommune, Riksantikvaren og Norske Arkitekters Landsforbund (NAL). Funksjonshemmedes fellesorganisasjon, Deltasenteret, Norges handikappforbund og Statens råd for funksjonshemmede har òg deltatt i prosessen.

Konkurranseprosessen vil bli gjennomført i to fasar, der fase 1 er ein open plan- og designkonkurranse på overordna nivå. Fase 2 er ein ny, avgrensa konkurranse etter forhandla prosedyre, med vidare omarbeiding og detaljering, der vinnarane av fase 1 vil bli inviterte til å delta.

Nasjonalmuseet har òg i samarbeid med Statsbygg utvikla ein ny program- og funksjonsanalyse for det nye bygget, der spesifikasjonar for dei no nyintegreerte funksjonane (magasin, verkstader, mottak og drift) er gjort greie for. Dokumentet baserer seg på ein rapport som vart laga av LPO arkitektur og design as i januar 2005 og revidert i 2006. Arbeidet med desse to dokumenta vil bli slutførte i løpet av 2008.

### **1.10 PERSONALE OG ARBEIDSMILJØ**

Arbeidsmiljøutvalet hadde seks møte i 2007, der eit ekstraordinært møte var knytt til medarbeidarundersøkinga. Nasjonalmuseet har vidareført avtalen om bedriftshelsetenester med Bedriftshelse Norge AS.

Viktige saker som har vore diskuterte i AMU og følgt opp i 2007, er sjukefråvær, gjennomført medarbeidarundersøking med oppfølgingsmøte i november/desember i samarbeid med bedriftshelsetenesta, evaluering av vertsordninga og påfølgjande vedtak om avvikling, arbeidsmiljømessige tilhøve med bakgrunn i utskifting av leiarar, disponering av velferdsmidlar og opplæring.

Sjukefråværet i museet har auka frå eit snitt på 5,5 % i 2006 til 6,1 % i 2007. Museumsvertane har hatt eit spesielt høgt sjukefråvær. I 2006 hadde dei eit gjennomsnittleg fråvær på 9,1 %, og i 2007 har gjennomsnittleg fråvær vore 9,7 %. Styret har vorte jamleg orientert om sjukefråværet til museumsvertane. Som eit tiltak for å redusere dette sjukefråværet vart vaktplanane endra frå 1. april 2007, for å minke påkjønninga. Samstundes vart sjølve vertsfunksjonen vurdert med tanke på tryggleik, kostnader og ressursbruk i 2007, og den 1. no-

vember vedtok styret å avvikle ordninga med fast tilsette vertar, og at administrasjonen skulle hente inn anbod frå eksterne vaktelskap om å overta vaktfunksjonen. Denne evalueringa og avgjerda har vore ei påkjønning for mange vertar, og spesielt i Nasjonalgalleriet har sjukefråværet auka siste halvår.

Tilrettelegging for å bli ei IA-bedrift har av ressursmessige omsyn vorte utsett, men vil bli vurdert gjennomført i 2008.

Museet har gjennomført kurs for prosjektleiarar i budsjettering, oppfølging og kontoføring i 2007.

Ved utgangen av 2007 hadde Nasjonalmuseet 196 tilsette, 189 fast tilsette og 7 personar i engasjementsstillingar. Av desse jobba 69 personar som museumsvertar. Omrekna i årsverk disponerte museet 155 årsverk i 2007, samanlikna med 160 årsverk i 2006. Fordelinga på kvinner og menn i 2007 var 73,5 % kvinner og 26,5 % menn, og lønngjennomsnitt for kvinner var kr 342.432 og for menn kr 340.290.

Nasjonalmuseet arbeider aktivt for å sikre at det ikkje skjer forskjellsbehandling grunna kjønn, religion eller etnisk bakgrunn i saker som rekruttering, lønn og avansement.

Seniorкурator Anne Kjellberg var konstituert direktør frå 1. januar og fram til Allis Helleland tok til i stillinga som direktør 6. august.

### **1.11 STYRET**

Styret har i 2007 halde åtte ordinære og eitt ekstraordinært møte. Vibeke A. Mohr etterfølgde Grete Jarmund som eksternt varamedlem. Viggo Hagstrøm trekte seg frå styret med verknad frå 11. april 2008.

### **1.12 VENNEFOREININGAR KNYTT TIL NASJONALMUSEET**

Det eksisterer fire venneforeiningar knytt til Nasjonalmuseet. Desse er: Nasjonalgalleriets Venner, Museet for samtidskunsts Venner, Venneforeiningen for Kunstindustrimuseet i Oslo og Norsk Arkitekturmuseums Venner. Nasjonalgalleriets venneforeining, som vart stifta i 1917, hadde 90-årsjubileum i 2007, og skjenka i dette høvet ei pengegåve på kr 250.000 til Nasjonalmuseet til produksjon av ei bok om den franske kunsten som venneforeininga har kjøpt til Nasjonalgalleriet gjennom tidene.

Nasjonalgalleriets venneforeining har ca. 500 medlemmer, Kunstindustrimuseets venneforeining, som vart stifta i 1919, har ca. 500 medlemmer, Museet for samtidskunsts venneforeining, som vart stifta i 1990, har ca. 200 medlemmer, og Arkitekturmuseets venneforeining, som vart stifta i 1994, har ca. 40 medlemmer.

### **1.13 SPONSORMIDLAR**

Den femårige sponsoravtalen med Entra Eiendom AS, inngått i 2005, gav i 2007 det årlege bidraget på kr 3 mill.

Samla er det mottatt prosjektrelaterte tilskot og gåver på kr 3,1 mill. frå andre bidragsytarar.

Styret vil takke Nasjonalmuseet sine venneforeiningar og andre støtte-spelarar for det omfattande øko-nomiske bidraget i 2007.

### **1.14 ØKONOMISKE FORHOLD**

Ser ein bort frå donasjonen frå Umoe AS på kr 12,2 mill., gjekk museet med eit driftsunderskot på kr 3,2 mill. i 2006. Allereie ved inngangen til 2007 såg ein derfor behov for å bringe kostnadsbasen



ned og meir i tråd med inntekts-  
sida. Våren 2007 såg ein vidare  
ein svikt i budsjetterte inntekter, i  
tillegg til nokre uventa kostnader,  
og fann det derfor nødvendig å  
reduasere kostnadane ytterlegare  
for å sikre eit positivt årsresultat i  
2007, og dessutan legje grunnlaget  
for eit budsjett i balanse for 2008. I  
tillegg hadde museet ein ambisjon  
om å frigjere midlar over drift, for  
å realisere arbeidet med å innhente  
store restansar i registrering og  
digitalisering av samlingane, og til  
innkjøp av kunst. Driftsramma frå  
Staten i 2007 inkluderte også  
kr 8,0 mill. i husleige for Bankplas-  
sen 3, eit leigeforhold som ikkje  
vart realisert før i 2008. Driftsre-  
sultatet for 2007 på kr 12,5 mill.  
er derfor ein konsekvens av sparte  
leigekostnader, pluss arbeidet med  
å frigjere midlar ut over budsjett-  
ramma for 2008 til prioriterte  
oppgåver.

Nasjonalmuseet gjekk inn i 2007  
med ein eigenkapital på kr 53,4 mill.,  
og av dette stamma kr 36,9 mill frå  
donasjonen frå Umoe AS. Bunden  
avsetjing til innkjøp av kunst ut-  
gjorde pr. 31.12.06 kr 1,7 mill.  
Fri eigenkapital utgjorde kr 39,5  
mill. Driftsinntekter i 2007 vart  
kr 220,7 mill. mot kr 215,9 mill. i  
2006. Eigeninntektene var kr 12,7

mill. mot kr 10,9 mill. i 2006. Gå-  
ver og donasjonar utgjorde  
kr 6,1 mill., mot kr 18,5 mill. i 2006.

Driftskostnader vart kr 208,2 mill.,  
mot kr 207,6 mill i 2006. Driftsre-  
sultatet vart kr 12,5 mill., mot kr  
8,3 mill. i 2006. Resultatet etter  
finanskostnader vart kr 14,0 mill.,  
mot kr 8,9 mill. i 2006.

Bundne avsetjingar til fond for  
innkjøp av kunst er kr 5,0 mill. Fri  
eigenkapital utgjorde ved utgangen  
av 2007 kr 61,5 mill.

Likviditeten i 2007 har vore god.

Det er i 2007 aktivert investeringar  
for til saman kr 4,8 mill. Av dette  
er det investert for kr 2,8 mill. i  
leigde lokale. Det er investert for  
kr 2,0 mill. i inventar, kontor-  
møblar og driftsmidlar.

Vidare drift er lagt til grunn ved  
avlegging av rekneskapen.

### 1.15 DISPONERING AV ÅRETS RESULTAT

Styret foreslår at årets overskot på  
kr 14,0 mill. vert disponert slik:  
kr 3,3 mill. vert overført til fond  
for innkjøp av kunst, kr 10,7 mill.  
vert overført til annan eigenkapital.

Fjorårets tilskot på kr 12,2 mill. til  
forskning frå Umoe AS vert over-  
ført frå fond til forskning til annan  
eigenkapital.

### 1.16 ANDRE FORHOLD

Stiftinga er ikkje involvert i verk-  
semd som medfører forureining  
av det ytre miljøet. Stiftinga driv  
kjeldesortering.

Oslo 25. april 2008

Styret for Stiftelsen Nasjonalmuseet for kunst

Christian Bjelland  
Styreleder

Kari Kjeandalen  
Nestleder

Turid Aakhus  
Styremedlem

Ellen Lerberg  
Styremedlem

William Nygaard  
Styremedlem

Jorun Veiteberg  
Styremedlem

Allis Helleland  
Direktør

Ingrid Blekastad  
Varamedlem

## 2

# DIREKTØREN SITT FORORD

Nasjonalmuseet si årsmelding for 2007 viser at den fire år gamle institusjonen framleis er i utvikling og held fokus på dei kjerneoppgåvene eit nasjonalmuseum skal ta hand om – innsamling, registrering, bevaring, forskning og formidling. Nasjonalmuseet er for heile Noreg, og ut over aktivitetane i museumsbygningane i Oslo skjer ein stor del av museumsaktivitetane i heile landet i samarbeid med museum, galleri og skolar.

Heile året gjennom har utsikta til eit stort, nytt, samla museums-

anlegg på Tullinløkka påverka arbeidet i museet. Det førebuande arbeidet med kvalitetssikring av utbyggingsprosjektet, og utforming av konkurranseprogram og romprogram, har vore i full gang og er nesten ferdiggjort. Men utlysinga av konkurransen var ved utgangen av året enno ikkje sett i gang. Samstundes tok den nye museumsbygningen for arkitektur på Bankplassen form, og kunne takast i bruk rundt årsskiftet. Parallelt med desse byggjeprojekta har det vore nødvendig å analysere og førebu utbetringa av dei tryggleiks- og

miljømessige forholda i dei eksisterande museumsbygningane.

Det er stadig stor offentleg interesse for verksemda ved museet – og divergerande meiningar rundt denne. Nasjonalmuseet opptok også i 2007 stor plass i media, med mellom anna omtalar av dei mange aktivitetane ved museet, meldingar av utstillingar, direktørskiftet, verksemdsoverdraging av vertsordninga, ein debatt om ytringsfridom og framleis ein debatt rundt plasseringa av og innhaldet i det nye museumsbygget. Frå eit stort publikum, både i musea i Oslo og frå alle kantar av landet, mottok museet kontinuerleg mange positive tilbakemeldingar.

Allis Helleland  
Direktør



Allis Helleland har frå dag ein vore eit ettertrakta intervjuobjekt. Her vert ho intervjuva i samband med mottakinga ho heldt på Tullinløkka i august, rett etter at ho hadde tiltredt stillinga som ny direktør ved Nasjonalmuseet.

Foto: Morten Thorkildsen, Nasjonalmuseet

# 3 DIREKTØREN SIN STAB

Direktøren sin stab vart leidd av Toril Fjelde Høye fram til 6. august då ny direktør tok til.

I direktøren sin stab inngjekk i 2007 Elise Lund, medie- og presesjef, Atle Faye, informasjonssjef og direktøren sin assistent Anita Rebollo. Katia Banoun var PR- og sponsorsjef fram til 11. mai.

### 3.1. INFORMASJON

Det er lagt stor vekt på at museet skal framstå som *eitt* museum og informere om utstillingar og formidlingsaktivitetar i heile museet. Museumsbygningane har informasjonstavler med plakatar over det som skjer i museet. Dette er eit viktig tiltak for å gjere publikum kjent med dei ulike tilboda og få turistar til å besøke meir enn ein museumsbygning.

#### 3.1.1 Ekstern informasjon

Nyheitsbrevet har vorte ei stadig viktigare informasjonskjelde for kunstinteresserte og venna av museet. I 2007 vart det redaksjonelle innhaldet utvida frå informasjon om utstillingsopningar, arrangement og turné av vandreutstillingar, til også å omfatte nytt frå fagavdelingane, seminar og nye bøker i biblioteket. Stofutvidinga har fått god respons. Nyheitsbrevet vart utgitt på norsk og engelsk.

I 2007 vart det utvikla eit nytt informasjonsopplegg, "På plakaten", som inneheld informasjon ved større seminar, foredrag eller kurs.

"På plakaten" vert sendt via e-post og kjem i tillegg til dei ulike formidlingsbrosjyrane som vert laga til kvar utstilling. Fleire seminar har fått god profilering mot spesialmålgrupper og betre påmelding gjennom dette tiltaket.

Det er utvikla ein informasjonsbrosjyre på seks språk: norsk, engelsk, fransk, spansk, tysk og italiensk. Turistar er hovudmålgruppa for brosjyren.

I 2007 gav museet ut eit nytt programhefte med oversikt over alle faste utstillingar, nye utstillingar ved museumsbygningane i Oslo og utstillingar på vandring i inn- og utland. Programheftet er på norsk og engelsk.

Nasjonalmuseet koordinerer eit forum som består av alle informa-

OPPSLAG I PRESSEN 2007	
Utstillingar i Oslo	Medieoppslag
"Eero Saarinen", Kunsthallen 20.01–18.03.	11
"Naturens spel", Nasjonalgalleriet 16.02–20.05.	32
"Skatter fra Shanghai", Kunstindustrimuseet 02.03–27.05.	14
"Kunst 3. Verk fra samlingen 1814–1950", Nasjonalgalleriet 17.03.07–	11
Oslo Open, Tullinløkka 03.05–13.05	6
"Dump. Postmoderne skulptur i oppløst felt", 03.05.–19.08.	8
"Kunst 4. Verk fra samlinga 1950–2007" 12.05.07–	12
"Sett og registrert. Fotografi fra samlingen 1950–2007", 12.05. 07-	2
"Runa Islam, Museet for samtidskunst 14.04–17.06.	7
"Olle Bærtling", Nasjonalgalleriet 16.06–16.09.	9
"Triennale 07 – Keramikk og glass", Kunstindustrimuseet 16.06–2.09.	1
Atelierets sommarutstilling, Nasjonalgalleriet 28.06–16.09.	1
"Å snakke om maleri", Museet for samtidskunst 07.07–9.09.	10
"Strikkikk", Kunstindustrimuseet 22.09–30.12	16
Fussball : Football. Harun Farocki", 13.10.07–06.01.08	8
"Eldre utenlandsk kunst før 1915 fra Nasjonalgalleriets samling", 27.10.07–06.01.08	4
"Theodor Kittelsen", 27.11.07–06.01.08	7
<b>Totalt tal på medieoppslag på utstillingar i Oslo</b>	<b>151</b>
<b>Presseoppslag i nettverk galleri og skole</b>	<b>42</b>
<b>Talet på oppslag i pressa om Nasjonalmuseet totalt</b>	<b>482</b>



Nasjonalmuseet er eit sponsorobjekt i toppklasse og tilbyr næringslivet eit samarbeid som kan medverke til at bedrifter og institusjonar kan oppnå ytterlegare samfunnsmessig legitimitet og aksept, og større trivsel for sine tilsette. Sponsorar kan velje i ulike tilbod som mellom anna spesialomvisningar i utstillingane, skreddarsydde foredrag, kveldsarrangement, familieverkstad og byvandringar. Her frå byvandring på Frogner, eit strøk med spennande arkitektur og historie.

Foto: Eli Solsrud, Nasjonalmuseet

for deira behov. På seminar for formidlarar i museet sitt landsdekkjande utstillingsprogram har pressesjefen halde forelesing om korleis ein oppnår medieoppslag.

### 3.2.3 Synleggjering av faggrupper ved museet i media

Kommunikasjonsstrategien ved museet har også i 2007 vore å trekje dei ulike faggruppene i museet fram i pressa i samband med utstillingsverksemda vår. Dette har underbygd at Nasjonalmuseet òg fungerer som eit kunnskapssenter i kunstfaglege spørsmål for pressa og media.

### 3.3 SPONSORVERKSEMND

Nasjonalmuseet er eit sponsorobjekt i toppklasse, og kan tilby næringslivet eit samarbeid som kan medverke til at bedrifter oppnår ytterlegare samfunnsmessig legitimitet og aksept, noko som òg er viktig for dei tilsette. Vi treng støtte for å kunne nå eit utvida publikum. Spesielt ønskjer museet å nå fleire barn og unge.

Vi har definert tre ulike måtar å støtte museet på:  
 Hovudsponsor – med bidrag på kr 3 mill. eller meir, årleg over tre år.  
 Sponsor – med bidrag på kr 500.000 eller meir i eitt år.  
 Støttespelar – med bidrag på kr 25.000 eller meir til bestemte formål i eitt år.

Vi kan tilby omvisningar, spesialforedrag, arkitekturvandringar, familieverkstad, kveldsarrangement, møterom og logoeksponering.

Nasjonalmuseet ønskjer å rette ein stor takk til dei som har støtta oss finansielt i 2007.

sjons- og marknadsansvarlege ved museum i Oslo. Etter å ha endra profileringa på fellesannonsering i hovudstadspressa, jobba forumet i 2007 spesielt med felles kommunikasjonsstiltak som Whats on, felles museumskart, Kulturnatt og Kjenn din egen by, og ein felles museumsdag. Innbyggjarar i Oslo er målgruppa for desse aktivitetane.

### 3.1.2 Interninformasjon

Intranett er ei viktig informasjonskjelde for dei tilsette, og inneheld mellom anna oversikt over relevant informasjon, møtereferat og skjema. Pressetavla ved kantina har oppslag med aktuelle presseklipp.

Informasjonssjefen koordinerer eit internt forum som kvalitetssikrar informasjonsflyten eksternt og internt, og svarar på spørsmål frå publikum og samarbeidspartnarar.

### 3.2 MEDIUM OG PRESSE

Nasjonalmuseet har også i 2007 hatt ei svært høg medieprofilering, særleg i hovudstadsavisene. Oversikta viser at alle nye utstillingar i 2007 var godt synlege i media.

#### 3.2.1 Pressemeldingar og pressevisingar

Det er totalt sendt ut 49 pressemeldingar frå Nasjonalmuseet i 2007 og det er halde 12 pressevisingar i samband med nye utstillingar.

#### 3.2.2 Etablering av nettverk i lokalpressa og med lokale formidlarar

Museet har revitalisert sitt lokale pressenettverk og oppretta direkte pressekontakt med alle våre motakarar av utstillingar i nettverk galleri og nettverk skole. Det har vore eit stort og krevjande arbeid som har gjort det mogeleg for oss å ta imot førstehandsinformasjon frå samarbeidspartnarane våre, og skreddarsy pressemeldingane



### Hovudsponsor

Entra AS.

### Sponsor

Scheiblers Legat, Oslo kommune, Sparebankstiftelsen DnB NOR og I. M. Skaugen ASA.

### Støttespelarar

OBOS, Sat Sapienti, UNI Stiftelsen, Husbanken, Tromsø kommune, Norsk kulturråd, Rauma Ullvarefabrikk, Utanriksdepartementet, Universitet i Oslo, Den amerikanske ambassaden, EUs Culture 2000 program/Gau:di 2, Kunstindustrimuseets Venneforening og Den kulturelle skolesekken.

### 3.4 Nasjonalmuseet og venneforeiningane

Venneforeiningane er ein svært viktig ressurs for museet. I 2006

hadde museet desse venneforeiningane:

Nasjonalgalleriets venneforening, som vart stifta i 1917, ca. 500 medlemmer. Kunstindustrimuseets venneforening, som vart stifta i 1919, ca. 500 medlemmer. Museet for samtidskunsts venneforening, som vart stifta i 1990, ca. 200 medlemmer. Arkitekturmuseets venneforening, som vart stifta i 1994, ca. 40 medlemmer.

### 3.4 DIREKTØREN SIN ASSISTENT

Direktørens assistent førebur og administrerer sakspapir og refererer frå styremøta i Nasjonalmuseet, frå leiarmøta kvar veke og frå programkomitemøta, i tillegg til at ho har redaktøransvaret for Nasjonalmuseets årsmelding. Frå mai

overtok ho prosjektleiarsvaret for turnéutstillinga "Hjertebank". Saman med seksjonsleiar for retningsdrift og marknadsføring arrangerte ho museet si sommarutflukt til Vestfossen Kunstlaboratorium. 80 av dei tilsette ved museet var med.



Museet si sommarutflukt gjekk til Vestfossen Kunstlaboratorium. Her vart vi tatt imot av Morten Viskum, som viste oss rundt i eiga utstilling. "OH MY GOD!" var tittelen på 2007-utstillinga.

Foto: Geir Korsmo, Nasjonalmuseet

# 4

## NASJONALMUSEET SINE UTBYGGINGSPROSJEKT

Det store, viktige målet for Nasjonalmuseet er å få til eit nytt, stort museumsanlegg rundt Tullinløkka. Arbeidet med dette har vore i gang gjennom heile 2007. Leiar for prosjektgruppa er Magne Vellure frå Kultur- og kyrkjedepartementet i tillegg til representantar frå Entra, Statsbygg og Nasjonal-museet. Året gjennom har det vore arbeidd med utforminga av konkurranseprogrammet. Det har vore samtalar med sentrale premissleverandørar som Riksantikvaren, Norske Arkitekters Lands-

forbund og med Oslo kommune om trafikale forhold, i tillegg til ulike organisasjonar som ser etter interessene og behova til dei funksjonshemma. Ved utgangen av året var konkurranseprogrammet nesten ferdig.

Prosjektgruppa har likeeins halde fram arbeidet med utforming av plandokumentet som skal danne grunnlaget for Oslo kommune si utarbeiding av ein ny reguleringsplan for området.

I forlenginga av dei to kvalitets-sikringsrapportane som vart utførte av to ulike konsulentteam i 2006, har konsulentgruppa Terramar sommaren 2007 gjennomgått byggeprosjekta i Nasjonalmuseet, der mellom anna ein ny modell om ei samlokalisering av magasin, verkstader og publikumsareal på Tullinløkka vart vurdert. Dessutan vart forholda omkring inndraging av Historisk museum i det samla byggeprosjektet vurdert.

Med grunnlag i det arbeidet som er gjort i brukargrupper og arbeidsgruppa det førre året, har arbeidet gått vidare med funksjonsanalysen og romprogrammet i samarbeid med Statsbyggs prosjekteringsteam. Programmet var ved utgangen av året nesten ferdig.



Nasjonalmuseet sitt museumsanlegg med nybygget skal ligge ved Tullinløkka. Dei tilsette ved museet har arbeidd ut detaljerte romprogram og funksjonsanalysar. Kulturminister Trond Giske har fleire gonger uttalt at museet skal stå klart til det nasjonale jubileet i 2014.

Foto: Børre Haugstad / Scanpix

I september vart det arrangert studietur til København for prosjektgruppa, til Statens Museum for Kunst og Ny Carlsberg Glyptotek, begge stader for å studere nytt tilbygg til eksisterande museum og ombygging av ein eldre freda bygning til eit moderne og velfungerande museum.

Ved utgangen av året var alt lagt til rette for utlysning av ein arkitektkonkurranse.

### **Deltaking i byggeprosjekt Nasjonalmuseet – Arkitektur**

Hausten 1997 vende styret i Norsk Arkitekturmuseum seg til arkitekt Sverre Fehn med spørsmål om han ville innpasse eit nytt arkitekturmuseum i Bankplassen 3, den første Norges Bank-bygningen i Oslo. Den nye museumsbygningen har fått namnet Nasjonalmuseet – Arkitektur. Den gamle bankbygningen er fullstendig fornya av Sverre Fehn, som òg har teikna all fast innreiing. I tillegg er det oppført ein frittstående paviljong for skiftande arkitekturutstillingar. Den er finansiert av Jens Ulltveit-Moe og vil bere namnet hans.

Seniorkurator Ulf Grønvold har vore Nasjonalmuseet sin representant i byggeprosjektet, medan Statsbygg er byggherre. Opninga var sett til hausten 2007, men vart seinare utsett til mars 2008.



Hausten 1997 vende styret i Norsk Arkitekturmuseum seg til arkitekt Sverre Fehn med spørsmål om han ville innpasse eit nytt arkitekturmuseum i Bankplassen 3, den første Norges Bank-bygningen i Oslo. I 2005 vart dei første "spadetaka" tatt. Mot slutten av 2007 er Nasjonalmuseet – Arkitektur nesten ferdig. I mars 2008 skjer den offisielle opninga. Den gamle bankbygningen er fullstendig fornya av Sverre Fehn, som òg har teikna all fast innreiing. I tillegg er det oppført ein frittstående paviljong for skiftande arkitekturutstillingar. Seniorkurator Ulf Grønvold er Nasjonalmuseets representant i byggeprosjektet, medan Statsbygg er byggherre. Den nye museumsbygningen har fått namnet Nasjonalmuseet – Arkitektur.

Foto: Morten Thorkildsen / Borre Høstland, Nasjonalmuseet



# 5 FORSKING OG UTVIKLING

Forskning er ei av Nasjonalmuseet sine kjerneoppgåver. Den er motivert av, og delvis integrert i, dei kunstfaglege aktivitetane ved museet. Forskinga skal vere på eit høgt nivå og leve opp til internasjonal standard. Nasjonalmuseet utfører òg ei vesentleg forskingsførebuaende verksemd. Innsamling og generering av alle typar dokumentasjon til institusjonsarkiv, samlingsarkiv, kunstnararkiv, klipparkiv og bibliotek er grunnleggjande for forskingsaktiviteten ved museet og eit tilbod til eksterne forskarar og studentar.

Forskningskoordinator tok ved byrjinga av 2007 også på seg ansvaret som konstituert leiar for Avdeling samling og utstilling. Museet hadde i 2007 to forskarstillingar og 28 kuratorar/konservatorar med forskingsrett og -plikt.

Dei vitskapeleg tilsette ved museet utførte sensoroppdrag ved universitet og høgskolar og deltok med innlegg og forelesingar i diverse studietilbod. Dei gav ei rekje foredrag for ulike foreiningar og grupper og medverka med artiklar i katalogane til andre museum og i relevante tidsskrift. Mange av dei tilsette har verv som styremedlemmer i museum og foreiningar, og dei deltek aktivt i norsk kunstliv. Internasjonalt kontaktnett vert oppretthalde og utvikla gjennom styreverv i organisasjonar og deltaking på internasjonale konferansar.

Noregs einaste vitskapelege tidsskrift innan kunsthistorie, *Kunst*

og *Kultur*, vert utgitt av Nasjonalmuseet i samarbeid med Universitetsforlaget. Redaktør er senior-kurator Ellen Lerberg. Leiar for redaksjonsrådet er seniorkurator Ulf Grønvold.

Forskingsaktiviteten ved museet var i 2007 konsentrert om vida-reføring av pågåande prosjekt, studiar i samband med utstillingar som skal arrangerast i 2008, og vidareutvikling av samarbeidet med universitet og høgskolar.

## 5.1 NASJONALMUSEET ARRANGERTE FØLGJANDE FORSKINGSSEMINAR I 2007:

”Eero Saarinen. Framtiden tar form / Problematisk gjenbruk”: 8.–9. mars i auditoriet i Kristian Augusts gate 23 (KA23), ca. 60 deltakarar, arrangert i samarbeid med og med økonomisk støtte frå Kunsthistorie, IFIKK, Universitetet i Oslo og med støtte frå Finsk–norsk kulturinstitutt og Den amerikanske ambassaden. Innlegg ved mellom andre Eva Liisa Pelkonen (Yale, USA), Espen Johnsen (UiO), Widar Halén (NM), Ulf Grønvold (NM) og Hanni Sippo (Alvar Aalto Foundation). Ansvarleg: kurator samling og utstilling Bente Solbakken (NM), konstituert avdelingsleiar samling og utstilling Birgitte Sauge (NM) og førsteamanuensis Espen Johnsen (UiO).

”Edvard Munch”: dansk–norsk seminar. 13. april i auditoriet i Nasjonalgalleriet, ca 70 deltakarar,

arrangert i samarbeid med og med økonomisk støtte frå Kunsthistorie, IFIKK, Universitetet i Oslo. Innlegg ved Peter Nørgaard Larsen (Statens Museum for Kunst), Nils Messel (NM), Trond Aslaksby (NM), Trine Otte Bak Nielsen (Vigelandsmuseet), Peter S. Meyer (Trapholt/Stavanger kunstmuseum), Troels Andersen (dansk kunsthistorikar og forfattar), Oda Wildhagen Gjessing (Bergen Kunstmuseum). Øystein Ustvedt (NM) heldt forelesing i Munch-salen. Ansvarleg: seniorkurator formidling Ellen Lerberg (NM) og førsteamanuensis Erik Mørstad (UiO).

”Norsk arkitekturhistorie: Det forsømte 1800-tallet / Arkitektur og teknologi”: 4.–5. oktober i auditoriet i KA23, ca. 70 deltakarar, arrangert med økonomisk støtte frå Stiftelsen Sat Sapientia. Innlegg ved Ola Storsletten (NIKU), Elisabeth Seip (Fortidsminneforeninga), Mari Hvattum (Arkitektthøgskolen i Oslo), Erlend Hofstad (kunsthistorikar), Arne Gunnarsjaa, Øystein Ekroll (begge Nidaros Domkirkes restaureringsarbeid). Eit utval av innlegga vil bli publiserte i *Kunst og Kultur* og i årboka til Fortidsminneforeninga. Ansvarleg: seniorkurator samling og utstilling Ulf Grønvold (NM) og generalsekretær i Fortidsminneforeninga Elisabeth Seip.

”USA i etterkrigstidens hjerter?": 5. desember i auditoriet i KA23, ca. 100 deltakarar. Arrangert i samarbeid med og med økonomisk støtte frå Kunsthistorie, IFIKK, Universitetet i Oslo. Foredrag og innlegg ved mellom andre. Rolf Braadland (kunsthistorikar), Ingeborg Glambe (UiO), Espen Johnsen (UiO), Øystein Ustvedt (NM) og Widar Halén (NM). Ansvarleg: kurator samling og utstilling Øystein Ustvedt (NM) og førsteamanuensis Espen Johnsen (UiO).




## 5.2 INNLEGG PÅ FORSKINGS-SEMINAR

Trond Aslaksby: "Nasjonalmuseets *Skrik*: Materialbruk og teknikk", Munchseminaret (sjå 5.1).  
Randi Gaustad: "Glass Chandeliers in Norway", ICOM-Glass komiteen University of Applied Arts på ICOMs generalkonferanse i Wien 20. august 2007.

Widar Halén: "The demand for decoration in Norwegian Modernism: a political statement", innlegg på "Marquetry. Past and present", 2nd Scandinavian Symposium on Furniture Technology & Design, 10.–12. mai, Vadstena, Sverige.  
Widar Halén: "Grete Prytz Kittelsen og USA", USA-konferansen (sjå 5.1).  
Nils Messel: "Munch og Nasjonalgalleriet", Munch-seminaret (sjå 5.1).  
Birgitte Sauge: "The new Norwegian Opera House by Snøhetta AS. Recording an electronic design process", forskingskonferansen "Architecture & born-digital archives", Paris 8.–10. november. Arrangert av GAU:DI, finansiert av EUs Culture 2000 program. Publisert [www.architecturearchives.net](http://www.architecturearchives.net).  
Øystein Ustvedt: "Om hvordan den abstrakte ekspresjonismen ble mottatt og formidlet i Norge", USA-seminaret (sjå 5.1).

## 5.3 PUBLISERING

Marit Ingeborg Lange: "The Young Munch: Max Klinger's Impact on his Imagery", i *Kunst og Kultur*, Oslo, nr. 3 2007 s. 160–173.  
Nina Denney Ness: "Dynamikk, uendelighet og manifester", i *Olle Bærtling. En moderne mester*, katalog Nasjonalmuseet / Moderna Museet 2007, s. 33–39.  
Øystein Ustvedt: "Autodidakten som ble en moderne klassiker", i *Olle Bærtling. En moderne mester*, katalog Nasjonalmuseet / Moderna Museet 2007, s. 9–21.  
Frode Haverkamp: *Hans Gude og Johan Martin Nielsen i Karlsruhe*,



I april vart det halde eit dansk-norsk seminar, "Edvard Munch", i auditoriet i Nasjonalgalleriet. Seminaret var arrangert i samarbeid med IFIKK, Universitetet i Oslo. "Nasjonalmuseets *Skrik*: Materialbruk og teknikk". Konservator Trond Aslaksby presenterte resultater fra sitt forskningsprosjekt.

Skrik, 1893, Foto: Jaques Lathion, Nasjonalmuseet. © Munch-museet / Munch-Ellingsen gruppen/BONO 2008

i Johan Martin Nielsens, katalog Sørlandets Kunstmuseum 2007, s. 31–44.

## 5.4 NETTVERSJON AV NORSK KUNSTNARLEKSIKON

Ei intern forprosjektgruppe la i september 2007 fram forslag om å etablere ein nettversjon av Norsk Kunstnarleksikon (Oslo 1982–1986) ut frå målet å gjere informasjonen i leksikonet tilgjengeleg for publikum og å legje funksjonelt grunnlag for framtidig oppdate-

ring og vidareutvikling. I desember vart det inngått avtale med ABM-utvikling om samarbeid, og ABM-u har løyvd kr 1.081.000 til prosjektet for 2008. Ein ser for seg at prosjektet blir fullført innan 2009. Museet sine medlemmar i prosjektgruppa er Sidsel Helliesen (leiar), Birgitte Sauge, Tom Klev og Bård Bie Larsen.

## 5.5 PÅGÅANDE FORSKINGS- OG UTVIKLINGSPROSJEKT 2007

### *Biletkunst*

Nils Messel: "Norge som romantisk rekonstruksjon og begrunnelse". Studien av framveksten av ein nasjonal biletkunst og etableringa av dei nasjonale kunstinstitusjonane våre vil verte formidla i dei to former:

- Utstilling og katalog med arbeids-tittelen "Oppdagelsen av fjellet", Nasjonalmuseet 2008.

- Publikasjon med arbeidstittel "Nasjonalgalleriet og norsk kunst 1814–1914. Verk i museet"

Sidsel Helliessen og Bodil Sørensen: "Rolf Nesch – grafikk". Oeuvrekatalog over dei ca. 900 grafiske blada til Nesch, med mellom anna bibliografi og utvald utstillingshistorikk. Publisering 2009.

Knut Berg og Bodil Sørensen: "Vitenskapelig katalog over et utvalg av museets italienske tegninger". Ca. 120 av Nasjonalmuseet sine i alt ca. 570 italienske meisterteikningar frå det 16. til det 18. hundreåret, med vekt på den toscanske, den romerske og den bolonesiske skolen.

Stina Høgvist: Ouga-Dougón: "En resa i museets mörkaste samlingar". Marit Lange: "Peder Balke – en monografi".

Øystein Ustvedt: "Norsk kunstlivs forhold til Amerika 1945–1965". Norsk kunstliv har tradisjonelt vore sterkt knytt til Frankrike og Paris. I tiåra etter andre verdenskrigen overtar derimot New York mykje av Paris sin posisjon som dominerande kunstsentrum i vesten. Korleis såg norske kunstnarar, kunstkritikarar og kunstinstitusjonar på dette?

Frode Haverkamp: "Hans Gude (1825–1903), ein monografi". Utarbeiding av vitskapeleg oeuvrekatalog over måleria til kunstnaren. Ellen Lerberg: "Christian Langgards ervervelser av eldre maleri og skulptur". Samlingshistorikk.

Kartlegging av Chr. Langaards tileigning av eldre maleri og skulptur. Eit mål er å klargjere i kor stor grad Jens Thiis var involvert i innkjøpa med tanke på at dei skulle til Nasjonalgalleriet. Prosjektet vil ikkje gå inn i attribusjonsproblematikken rundt enkeltverk.

Ellen Lerberg: "Jens Thiis, i folkeopplysningens tjeneste".

### *Arkitektur*

Ulf Grønvold: "Norsk Arkitekturhistorie". I samarbeid med Elisabeth Seip. Eit bokverk i venteleg fem bind, ferdig i 2014.

Bente Aass Solbakken: Arkitektkontoret Bjercke og Eliassen.

Birgitte Sauge: "Arkitektenes elektroniske arkiver – innhold og bevaring",/Snøhetta, sjå pkt. 5.2.

Birgitte Sauge: "Arkitektkontoret som arbeidsfellesskap". Del av samarbeidsprosjekt med IFIKK, UiO.

### *Kunsthåndverk og design*

Widar Halén: "Marianne og Erik Brandt, Bauhaus og Norge". Den kjend Bauhaus-designaren vart i 1919 gift i Oslo med den norske målaren Erik Brandt. Halén har forska på korrespondansen deira, etterletne foto, osb. Fleire av desse fotoa vart òg bruke i Marianne Brandts avantgardecollagar. Dei oppheldt seg begge i Oslo i lengre periodar, og kan ha hatt innverknad på utviklinga her i Noreg. Publisering i artikkel i 2008.

Widar Halén: Designaren Grete Prytz Kittelsen. Studie i samband med museet si utstilling om denne pioneren innanfor norsk design.

Widar Halén: PLUS si sølvstove.

Studie i samband med utstillinga Eit PLUS i norsk designhistorie, i samarbeid med Fredrikstad Museum.

Widar Halén: "Hans- og Grete"-relasjonen i norsk design- og arkitekturhistorie". Del av samarbeidsprosjekt med Ifikk, UiO.

Randi Gaustad: Glass, keramikk, smijern og tre utført av PLUS. Stu-

die i samband med utstillinga Eit PLUS i norsk designhistorie, i samarbeid med Fredrikstad Museum. Institusjons- og verksemdshistorie Randi Gaustad: "100 år i eget hus. Kunstindustrimuseet i St. Olavs gt. 1904–2005". I 1904 opna Kunstindustrimuseet sine utstillingar i ny spesialteikna museumsbygning i St. Olavs gate 1. Fokus i denne 100-årige historia er undersøkinga av korleis ideane frå etableringa nedfelte seg i basisutstillinga i 1904, i innsamlingsarbeidet og i dei skiftande utstillingane i Henrik Grosch' direktørtid, og dessutan forholdet mellom innsamlingspolitikken til Kunstindustrimuseet og Norsk Folkemuseum.

### *Bevaring*

Trond Aslaksby: "Hans Heyerdahl. Undersøkelse av teknikk og materialer".

Trond Aslaksby: "Edvard Munchs Skrik. Undersøkelse av teknikk og materialer". Samarbeid med Munchmuseet.

Trond Aslaksby og Fridrik Oskar Bertelsen: "Propaint. Logging av gassar og partiklar i museumslufta", prosjekt i samarbeid med NILU.

Anja Sandtrø og Tina Poulsson: "CEN346/WG 5", eit europeisk samarbeidsprosjekt om standardisering av pakking og transport av kunstverk. Kari Skytt: Intervju av samtidskunstnarar vedrørande dokumentasjon av materialar og teknikk, i samarbeid med INNCA, International Network for the Conservation of Contemporary Art.

## 5.6 ANDRE PROSJEKT MED INSTITUSJONELL FORANKRING TIL NASJONALMUSEET

Siv.ark. Hjørdis Egner: "Utvikling av arkitektur i en arkitektpraksis." Ein studie av arkitektane Morgenstjerne og Eide som skal resultere i ei avhandling ved Arkitektthøgskolen i Oslo. Eksternt finansiert.

# 6

## LANDSDEKKANDE PROGRAM

Nasjonalmuseet sitt landsdekkjande program er ei verksemd som er integrert i heile museet og er organisert både avdelingsvis, prosjektbaser og gjennom nettverksarbeid.

Oversikt over utførte oppgåver i det landsdekkjande programmet er å finne i kapitla til dei enkelte avdelingane.

### 6.1 ORGANISERING

I Avdeling formidling ligg ansvaret for nettverksarbeid, opplæring av lokale formidlarar, kontraktsinngåingar, turnéplanlegging, utstillingsutforming, kompetansefremjande arrangement og ulike aspekt ved formidling, i dette ligg òg pedagogisk rettleiing og utarbeiding av pedagogisk materiale. Avdelinga har éin fagleg ansvarleg medarbeidar for nettverk galleri, kurator Helga Gravermoen, medan ansvaret for nettverk skole er delt mellom kuratorane Jeanette Eek Jensen og Elisabeth Sørheim.

I Avdeling museumstjenester, Seksjon logistikk, er éi stilling øyremerkt det landsdekkjande programmet. Prosjekt- og turnékoordinator logistikk Camilla Frøland Sramek har ansvaret for alle kontraktar som gjeld transport, oversikt over og oppfølging av utstillingane før, under og etter turné.

I Seksjon konservering er éi stilling øyremerka det landsdekkjande programmet med ansvar for tilstanden til utstillingane,

vedlikehald, og konservering før, under og etter turné. Konservator Tina Grette Poulsson utfører desse oppgåvene.

Avdeling drift og sikkerhet, Seksjon utstillingsteknikk har ansvaret for produksjon og vedlikehald av alle utstillingane. I tillegg til sjølve produksjonen kjem utarbeiding av manualar for montering og bruk, og emballering for transport.

Avdeling samling og utstilling er prosjekteigaren til utstillingane og leier arbeidet med å initiere og vurdere nye utstillingar i samarbeid med leiinga ved museet og

dei andre medarbeidarane. Ved skoleutstillingane vert vurderingane gjort i samråd med to fagpersonar frå fylka, som er representantar for samarbeidspartnarane våre i dette nettverket.

### Nettverk

Organiseringa overfor samarbeidspartnarane våre er nettverksbasert.

**Nettverk skole:** Utstillingane og kompetansefremjande tiltak til skolane er organiserte i dette nettverket og regulerte gjennom avtalar. Pr. 2007 er tolv av fylka og éin kommune, Karmøy, deltakarar i dette nettverket. Avtalereguleringa er fireårig og noverande avtalar går ut i 2008.

**Nettverk galleri:** Omfattar kunstforeiningar, kunstnarsentra, kunsthallar, kulturhus, universitet/høgskolar. Partane i dette nettverket teiknar individuelle



Ved Den kulturelle skolesekken sitt årlege arrangement "Nystemt" i Bergen i mai 2007 vart Nasjonalmuseet tildelt Gullsekken for beste produksjon til skolane. Prisen på 100.000 kroner vart overrekket av kulturminister Trond Giske og gjekk heilt og fullt til kunstnargruppa Jam – eit samarbeidsprosjekt mellom aksjonskunstnarane Adbusters og Nasjonalmuseet.

Foto: Paul S. Amundsen



kontraktar med museet for kvar utstilling. Formidlingsmodellane er utforma med tanke på å stimulere kompetansen i kvar regionen. Museet gir opplæring til fagperson hos arrangørane.

**Nettverk museum:** Siktemålet med nettverket er å fremje samarbeid om forskning og formidling på tvers av institusjons- og faggrenser, som resulterer i kompetanseheving og utstillingar. Nettverket er utvida til å omfatte alle musa i Noreg som har ansvar for kunst, arkitektur og design. Det vert planlagt stort nettverksmøte i januar 2008.

### Prosjekt

Produksjon og drift av utstillingane i museet er prosjektbasert. Kvar utstilling har eigen prosjektleiar, og for dei landsdekjande utstillingane kan dette ansvaret strekje seg over fleire år. Ei utstilling i skolenettverket kan for eksempel vandre i meir enn fire år, medan

utstillingar i gallerinettverket kan ha ei lengd på to år, av og til lenger.

### Koordinator for det landsdekjande programmet

Funksjonen som koordinator for det landsdekjande programmet i Nasjonalmuseet er lagt til ein av kuratorane i Avdeling formidling, Elisabeth Sørheim. Instruksen for denne funksjonen er den same som for dei andre fagkoordinatorane ved museet.

## 6.2 UTSTILLINGAR OG KOMPETANSEFREMJEJANDE TILTAK

### Utstillingar

På turné: 22 utstillingar  
Nettverk skole: 15  
Nettverk galleri: 8  
Ei av disse utstillingane gjekk i begge nettverka.

Samla besøkstal: 62 610  
Nettverk skole: 32 536  
Nettverk galleri: 30 074

### Nettverk skole

15 utstillingar var på turné i 2007, fire av dei var nye: "Tenna i tapetet", "Made in Scandinavia", "Atelier Spook", "Våre hellige rom". Dei andre: "Litt lik deg (I og II)", "Reisen til jordens indre", "Smykke seg", "Det lille galleri I", "Det lille galleri II", "Japan i en boks", "Lydspor" (også vist i nettverk galleri), "Vis á Vis", "Finn din Grosch", "Helter og antihelter", "Kart og geografi".

Utstillingar som er i produksjon i 2007:

Nettverk skole: "Designjungelen", "Det lille galleri III", "Tema skulptur", "Utopi og fantasi", "Oslo by night".

Dei nye utstillingane i nettverk skole vert produserte med midlar frå Den kulturelle skolesekken.

### Nettverk galleri og museum


Åtte utstillingar på turné i nettverk galleri, to av dei nye: "Picasso – fabler og fortellinger", "Norsk samtidsarkitektur 2000–2005". Dei andre: "Hjertebank", "Endelig hjemme", "Hardcore Soft", "Lydspor" (også vist i nettverk skole), "Generator X", "Skrift".

Utstillingar under produksjon i 2007: "Irene Nordli: You can't hold back spring".

### Desse utstillingane vart avslutta i 2007

Nettverk skole: "Video Vides Videmus", "Litt lik deg", "Helter og antihelter", "Kart og geografi", "Det lille galleri I".

Nettverk galleri: "Hjertebank", "Endelig hjemme", "Hardcore Soft", "Generator X".



I vindusgalleriet i første etasje i Kristian Augusts gate 23 vart publikum i Oslo, eksterne samarbeidspartnarar og dei tilsette ved museet presenterte for Nasjonalmuseet sine nye vandretstillinger. Aktiviteten i Vindusgalleriet var òg sentral i opplæring av formidlarar som kom tilreisande frå andre regionar.

Detalj frå "Designjungelen", ei av seks utstillingar som vart viste i vindusgalleriet før ho la ut på vandring i skolenettverket. Verket er skapt av Antony Kleinepiet og TTVo.

Foto: Børre Hestland, Nasjonalmuseet



### Kompetansefremjande tiltak

Gjennomført: to opplæringsseminar for nye formidlalar i det landsdekjande programmet. Kunsttorg "Kritisk blikk på vandretustillinger", Fredrikstad. Kunstformidlingsseminar "Metodevalgets kvaler" for formidlingsmedarbeidarane i fylka og i Nasjonalmuseet. Produksjonsseminar for nettverk skole og produksjonsmiljøa i fylka. Voimauttava Nordisk kunstformidlingsseminar. Samarbeid mellom Finsk-norsk kulturinstitutt, Fellesrådet for kunsthøgskolen, Annegården. Kunstformidlingsseminar "Å beregne sitt publikum" for formidlingsmedarbeidarane i fylka og i Nasjonalmuseet.

Åtte lærarseminar i Nasjonalmuseet sine utstillingar regionalt. 344 deltok i Nasjonalmuseets kompetansefremjande tiltak.

### Vindusgalleriet

I første etasje i Kristian Augusts gate 23 har det sidan våren 2007 vorte vist vandretustillingar. Her har publikum i Oslo, eksterne samarbeidspartnarar og våre egne kollegaer vorte presenterte for Nasjonalmuseet sine nye vandretustillingar.

Aktiviteten i Vindusgalleriet var òg sentral i opplæring av formidlalar som kom tilreisande frå andre regionar. Ved å synleggjere noko av tilbodet vårt i det landsdekjande programmet i Vindusgalleriet, har vi oppnådd auka merksemd rundt kompetansen vår innan produksjon og formidling av vandretustillingar.

Desse utstillingane vart viste i Vindusgalleriet i 2007, før dei vart sendt ut på turné:

"Våre hellige rom", "Arv i tre", "Atelier Spook", "Tenna i tapet", "Oslo by Night" og "Designjungen".



Seksjon utstillingsteknikk har mellom anna ansvaret for produksjon av turnéutstillingane. Her vert korét i ei stavkyrkje bygt i målestokk 1:1. Byggesettet er ein del av skoleutstillingane som vert sende ut i heile landet, sjølve utstillinga heiter "Arv i tre". Frå vindusgalleriet i KA23.

Foto: Borre Høstland, Nasjonalmuseet

### Eksterne utstillingsoppdrag utanfor nettverket

Utstillinga "Våre hellige rom" vart vist på Kirke- og kulturfestivalen i Kristiansund 18. september for i alt 430 menneske. Den same utstillinga med foredrag var sentral i Utdanningsforbundet sin skolekonferanse i Oslo 19. november, ein konferanse som samla ca. 70 lærarar frå heile landet.

### Gullsekken

Under "Nystemt", det årlege arrangementet til Den kulturelle skolesekken i Bergen i mai 2007, vart Nasjonalmuseet tildelt Gullsekken for beste produksjon til skolane. Det var ekstra ærefullt å få den aller første prisen, som var nyopprettat av Kultur- og kyrkje-departementet. Prisen på 100.000 kroner vart overrekket av kulturminister Trond Giske og heile prisen gjekk til kunstnargruppa Jam – eit samarbeidsprosjekt mellom aksjonskunstnarane Adbusters og

Nasjonalmuseet. Grunngevinga for prisen var:

*"– Prosjektet bruker kunst til å få barn og ungdom til å forholde seg til verden og samfunnet på ein aktiv måte. Det er et prosjekt som maner til stort engasjement og deltagelse fra elevene, og som skaper diskusjoner og reaksjoner. Det inspirerer til refleksjon, humor og får elevene til å åpne hodene sine for nye tanker om tiden de lever i. Noe som kan legge grunnlag for bevisst samfunnsforholdning og kulturell deltagelse."*

## 7

MUSEETS SITT  
PROGRAMARBEID

Museet sitt arbeid med et langsiktig program starta i faggruppene for historisk kunst, samtidskunst, arkitektur og design, og i seksjon for konservering. Faggruppene er fora for faglege diskusjonar og er sett saman av kuratorene i dei ulike fagfelta fra Avdeling samling og utstilling og Avdeling formidling.

Programarbeidet omfattar utstillinger, både faste utstillinger og vandreutstillinger i Noreg og i utlandet, formidling, forskning, utviklingsprosjekt, og prosjekt under museet sitt nettverksansvar, nasjonale og internasjonale konferansar og nasjonale og internasjonale forpliktingar.

Saksgangen frå utstillingsidear eller andre programidear til vedtatt prosjekt er formalisert ved at

dei ulike forslaga vert diskuterte og behandla i dei ulike faggruppene, som sender ein prioritert innstilling til programkomiteen. Programkomiteen, som vert leia av direktøren, har med seg fagkoordinatorane og leiarane for dei museumsfaglege avdelingane, forskingskoordinator og representant for Seksjon konservering, diskuterer forslaga i forhold til overordna, faglege, strategiske og politiske føringar. Programkomiteen innstiller så til leiargruppa, som gjer det endelege vedtak om museet sitt program.

Når forslaga til Nasjonalmuseet sine nye DKS-produksjonar vert behandla, deltar to representantar fra fylkeskommunane. I 2007 var det Inga Blix (Hedmark) og Per Kåre Mæhlum (Telemark).

Koordineringsansvaret for museet sine landsdekjende program er tillagt kurator formidling Elisabeth Sørheim.

På denne måten har Nasjonalmuseet hatt som mål å forankre programmet i verksemda, og sikre eit variert og fagleg interessant og målretta tilbod til eit stort publikum i heile landet.

Medlemmer i faggruppene 2007: Fagkoordinator for kunst var seniorkurator Andrea Kroksnes (fram til 31.09.) og deretter kurator Øystein Ustvedt (fra 01.10.), fagkoordinator for arkitektur var seniorkurator Ulf Grønvold og fagkoordinator for design var seniorkurator Widar Halén.

#### Andre medlemmer i faggruppene i 2007

##### *Faggruppe historisk kunst:*

Frithjof Bringager, Frode Haverkamp, Sidsel Helliesen, Marit Lange, Ellen Lerberg, Nils Messel, Bodil Sørensen og Møyfrid Tveit.

##### *Faggruppe samtidskunst:*

Malgorsata Basinska, Nina Denny Næss, Randi Godø, Eva Gran, Stina Høgkvist, Gavin Jantjes, Eva Klerck Gange, Andrea Kroksnes, Anna Lindblad, Elisabeth Sørheim og Vibeke Waallann Hansen.

##### *Faggruppe kunsthåndverk og design:*

Jeanette Eek Jensen, Randi Gaustad, Helga Gravermoen, Anne Kjellberg, Cathrine Lorange, Brynhild Slaatto og Inger Helene Stemshaug.

##### *Faggruppe arkitektur:*

Anita Kongssund, Anne Marit Lunde, Eva Madshus, Hilde Mortvedt, Bente Solbakken og Eli Solsrud.



Dette tresnittet er laga av kunstneren Jan Henning Larsen, og er innkjøpt til museet si samling i 2007. Verkets tittel er *Rustfrie California*.

Foto: Morten Thorkildsen, Nasjonalmuseet.

# 8

## UTSTILLINGS- OG FORMIDLINGSVERKSEMDA

Nasjonalmuseet sine utstillingar vart fastsette i programkomiteen etter forslag frå museets fire faggrupper for samtidskunst, historisk kunst, arkitektur og design. Programkomiteen bestod av direktøren, avdelingsleiarane og koordinatorane for faggruppene og det landsdekkande programmet, i tillegg til ein representant for konservering.

Skoleutstillingane vart fastsette av ein utvida programkomité. Her deltok to representantar frå dei fylkeskommunane som Nasjonalmuseet har intensjonsavtalar med. Konstituert avdelingsleiar samling og utstilling Birgitte Sauge og avdelingsleiar formidling Anne

Qvale har hatt eit særleg ansvar for oppfølging av alle prosjekta i det landsdekkjande programmet.

### 8.1 UTSTILLINGAR I OSLO

#### Skatter fra Shanghai

02.03.–27.05.07., Kunstindustrimuseet, 1. etasje  
Shanghai Museum viste sine skattar i Nasjonalmuseet. Utstillinga omfatta 90 praktgjenstandar med unike objekt i gull, jade, agat og sølv, i tillegg til bronsekar og porselen. Gjenstandane spenner over eit langt tidsrom, frå tre tusen år før Kristus til det siste keisardynastiet. Fleire av gjenstandane hadde aldri tidlegare

vore vist utanfor Kina. Utstillinga er eit samarbeid mellom Shanghai Museum, Oslo kommune og Nasjonalmuseet. Prosjektet er også støtta av OBOS og I.M. Skaugen ASA. Prosjektleiar: Inger Helene Stemshaug, kurator utstilling: Widar Halén, kurator formidling: Cathrine Lorange.

#### Formidlingsprogram

Katalog og formidlingsbrosjyre, tre formiddagsomvisingar, seks offentlege omvisingar, éin babyomvising, fire familieverkstader med omvising/foredrag. Seminar med tema frå utstillinga ved Dame Jessica Rawson, Johanna Huitfeldt og Knut Myrer.

**Torsdagsforedrag:** "Skatter fra Shanghai møter Kunstindustrimuseets Øst-Asia-samling" ved Johanna Huitfeldt cand. philol., "Norsk blick på Kina – Kinesisk blick på Norge. En reise i historien" ved Elisabeth Eide dr. philos., førsteamanuensis ved Nasjonalbiblioteket, "Mitt Shanghai" ved ordførar Per Ditlev-Simonsen i samtale med seniorcurator Widar Halén, "Kinesisk billedkunst – fra eldre til nyere tid" ved biletkunstnar Juan Hi, "Kulturelle kinaputer gjennom 30 år – et personlig reisebrev fra Kina" ved tekstilkunstnar Tove Pedersen i regi av KinaReiser, "Fortidens Kina – verdens rikeste land" ved historikar og forfattar Torbjørn Færøvik, "Balzac og den lille kinesiske syersken", kinesisk filmkveld i samarbeid med Film fra Sør, "Kineserier i Norge: Fra europeiske slott til norsk folkekunst" ved Johanne Huitfeldt, cand. philol., "Kina – poesien land" ved Halvor Eifring, professor i kinesisk ved Universitetet i Oslo, i samarbeid med Deichmanske bibliotek, "Våre favoritter i Skatter fra Shanghai", ei vandring i utstillinga ved prosjektleiar Inger Helene Stemshaug og kurator formidling Cathrine



Shanghai Museum viste sine skattar i Nasjonalmuseet. Utstillinga omfatta 90 praktgjenstandar med unike objekt i gull, jade, agat og sølv, i tillegg til bronsekar og porselen. Gjenstandane spenner over eit langt tidsrom, frå tre tusen år før Kristus til det siste keisardynastiet. Fleire av gjenstandane hadde aldri tidlegare vore viste utanfor Kina.

Foto: Børre Høstland, Nasjonalmuseet



Lorange. Langhelg med kinesisk film i samarbeid med Film fra Sør: "Balzac og den lille kinesiske syersken", "Maskenes konge" og "Flyvende dolker".

Kinesisk Kulturfestival: 5. mai  
Kinesisk Kulturfestival tar stafett-pinnen vidare ...

I tillegg vart det gjennomført 95 omvisningar for ulike publikumsgrupper.

### **Eero Saarinen. Framtiden tar form**

20.01.–18.03.07, Kunsthallen.  
Eero Saarinen's bygningar og møblar var med på å forme den moderne livsstilen på 1950-talet. Saarinen (1910–1961) var fødd i Finland, men budde mesteparten av livet i USA. Ei av bygningane i Europa som er utforma av han, er Den amerikanske ambassaden i Oslo. Utstillinga viste skisser, arbeidsteikningar, modellar, fotografi, møblar, filmar og anna

arkivmateriale. Utstillinga er organisert av The Finnish Cultural Institute i New York, The Museum of Finnish Architecture i Helsinki og the National Building Museum i Washington D.C., med støtte frå Yale University School of Architecture.

Prosjektleiari og kurator utstilling: Eva Madshus, kurator formidling: Eli Solsrud.

### **Formidlingsprogram**

Katalog og formidlingsbrosjyre, åtte offentlege omvisningar, tre familieomvisningar med verkstad og éitt lærarseminar. Forskings- og bevaringsseminar i samarbeid med IFIKK, Universitetet i Oslo, DOCOMOMO Norge og DOCOMOMO Finland.

I tillegg vart det gjennomført 37 omvisningar for ulike publikumsgrupper.

### **Kunst 3. Verk fra samlingen 1814–1950**

17.03.07.–, Nasjonalgalleriet, 2. etasje.

Den nye samlingsutstillinga inviterer til ei vandring gjennom nærare 150 år av utviklinga til den norske kunsten, frå den sublimе landskapsoppfatninga i romantikken til det oppsplitta verdsbiletet i vår nære fortid, frå J.C. Dahl til Arne Ekeland. Monteringa følgjer i hovudsak historisk-kronologiske prinsipp, men gir òg rom for spesielle tema, som tidleg norsk portrettkunst, folkelivsskildringar frå nasjonalromantikken og bilete frå nyromantikken rundt 1900. I den såkalla "Venners sal" vert det vist eit utval av museet sine franske bilete og skulpturar, hovudsakeleg impresjonistar og tidlege modernistar, bl.a. Monet, Matisse og Picasso. Det er ikkje gjort endringar i Munchsalen. I Langaardssalen vert det vist eldre europeisk kunst.

Prosjektleiari: Ingebjørg Gunnarson, kurator utstilling: Nils Messel, kurator formidling: Ellen Lerberg.

### **Formidlingsprogram**

Offentlege omvisningar og familieomvisningar med verkstad gjennom heile året.

Formidlingsbrosjyre og utstillingstekstar. Audioguide påbegynt.

Sju kunstglimt i utstillinga. Foredrag: "Om kunstneren Theodor Kittelsen" ved seniorkurator formidling Ellen Lerberg, "Norske malere i Paris 1880–1900" ved seniorkurator Frithjof Bringager og "Den hellige Lucia" ved seniorkurator formidling Ellen Lerberg.

I tillegg vart det gjennomført 606 omvisningar for ulike publikumsgrupper.



Våren 2007 viste Nasjonalmuseet utstillinga "Eero Saarinen. Framtiden tar form" i Kunsthallen. Eero Saarinen's bygningar og møblar var med på å forme den moderne livsstilen på 1950-talet. Utstillinga viste skisser, arbeidsteikningar, modellar, fotografi, møblar, filmar og anna arkivmateriale.

Foto: Eva Madshus, Nasjonalmuseet



#### Kunst 4. Verk fra samlingen 1950–2007

12.05.07–, Museet for samtidskunst, 2. etasje.

Utstillinga presenterer eit utval norsk og utanlandsk kunst, og inviterer til møte med, og mellom, ei rekje både velkjente og nye kunstverk i Nasjonalmuseet si samling. Utstillinga er delt inn i fire soner etter følgjande tema: "Abstrakt måleri", "Kunst og kvardag", "Idé, tekst og bilete" og "Det minimale". Innanfor kvar sone vil ein finne verk som har sitt utspring i dei same teoretiske føresetnadane, og som viser responsen og vidareføringa av enkelte felles kunstnariske arbeidsmetodar. Tanken er å vise at kunstnariske idear vert resirkulerte, vidareutvikla og vert gitt nye vinklingar av nye generasjonar. Sonene framhevar kvar for seg høgst ulike visuelle uttrykk og skal medverke til å framheve mangfaldet.

Prosjektleiari: Ingebjørg Gunnarson, kurator utstilling: Vibeke Waallann Hansen, kurator formidling: Anna Lindblad

#### Formidlingsprogram:

24 offentlege omvisingar, tre familieomvisingar med verkstad, to lærarseminar.

Arrangement: Møte med kunstnarane Heidi Skjerve, Marianne Bratteli og Per Inge Bjørlo.

I tillegg vart det gjennomført 167 omvisingar for ulike publikumsgrupper.

#### Sett og registrert. Fotografi fra samlingen 1950–2007

12.05–31.12.07, Museet for samtidskunst, 1. etasje.

"Sett og registrert" retter merksemda mot fotografar som nyttar grep frå dokumentaren, og utstillinga viser det utvida feltet til denne sjangeren innan samtidsgrafiet. Bileta i utstillinga, som



Celebert besøk i Nasjonalgalleriet. Seniorkurator Frode Haverkamp viser H.H.M.M. Kong Harald og Dronning Sonja i følge med det austerriske presidentparet utstillinga "Naturens speil – nordisk landskapsmaleri 1840–1910". Utstillinga omfatta 112 landskapsframstillingar frå 1830-åra til tida etter førre hundreårsskifte. Heile den norske landskapstradisjonen vart presentert; frå J.C. Dahl og elevane hans i Dresden, düsseldorfarane Gude og Cappelen, naturalistar som Thaulow og Kitty L. Kielland, og nyromantikarar som Harald Sohlberg og Thorolf Holmboe forutan Edvard Munch.

Foto: Børre Høstland, Nasjonalmuseet

spenner i tid frå 1954 til 2004, har til felles at dei utforskar menneska i si samtid og omgivnadane ut frå eit objektivt, ikkje-emosjonelt perspektiv. Dette er ein fototradisjon der fotografen strevar etter ei analytisk og deskriptiv tilnærming til sine motiv. Her er ingen dramatiske hendingar eller perspektiv, men heller ei nysgjerrig registrering av våre omgivnader – det vere seg menneske, landskap eller arkitektur. Ofte er det dei "oversette" delane av omgivnadene våre som blir løfta fram – ting som omgir oss og som like godt kunne vorte oversett som å verte fanga inn av fotografen sitt blikk.

Prosjektleiari: Ingebjørg Gunnarson, kurator utstilling: Vibeke Waallann Hansen, kurator formidling: Anna Lindblad.

#### Formidlingsprogram:

Formidlingsbrosjyre.

#### Naturens speil – nordisk landskapsmaleri 1840–1910

16.02.–20.05.07, Nasjonalgalleriet, 1. etasje

Utstillinga omfatta 112 verk; landskapsframstillingar frå 1830-åra til tida etter førre hundreårsskiftet. Dette var første gong fleire generasjonar nordiske landskapsmaleri vart vist samla både innan- og utanfor landegrensene. Heile den norske landskapstradisjonen vart presentert, frå J.C. Dahl og elevane hans i Dresden, over düsseldorfarane Gude og Cappelen til naturalistar som Thaulow og Kitty L. Kielland. I tillegg kjem nyromantikarar som Harald Sohlberg og Thorolf Holmboe forutan Edvard Munch. Opphenginga var ordna tematisk under overskriftene "Det storslagne Norden", "Nær naturen", "I friluft", "Stemningslandskapet" og "Det indre landskap". Utstillinga var eit samarbeid mellom nasjonalgalleria i Finland,

Sverige, Danmark og Noreg. Dessutan vart utstillinga vist i Minneapolis Institute of Arts, USA. Amerikanarane laga nettpresentasjonen til utstillinga.

Prosjektleiari: Marianne Yvenes, kurator utstilling: Frode Haverkamp, kurator formidling: Frithjof Bringager.

### Formidlingsprogram

Bok og formidlingsbrosjyre, ti offentlege omvisingar, to familieomvisingar med verkstad, fem kunstglimt, éitt lærarkurs.

Audioguide på norsk og engelsk. Formidlingsbrosjyre og utstillingstekstar.

Arrangement: "Nordisk gullalder", Minikonsert v/Einar Steen-Nøkleberg, nordisk klavermusikk, konsert v/Rune Alver (klaver), lyriske stykke og slåttar av Grieg, "Naturens stemme, nordiske landskap i ord, toner og bilder", lysbiletekonserter med koret Via Cantus og seniorkurator Frithjof Bringager.

Foredrag: "Nordiske malere i Düsseldorf", v/prosjektleiari for utstillinga, Marianne Yvenes, "Vannspeil", konsert v/Tove Træsdal (song) og Per Arne Frantzen (klaver), "Ved fossar og stille tjern", omvisning v/seniorkurator Frithjof Bringager, "Finsk landskapskunst", v/pol.mag. Anna-Maria Wiljanen med påfølgjande omvisning i utstillinga, "Nordiske stemningar", nordisk kammermusikk v/Einar Steen-Nøkleberg (klaver) og Ole Bøhn (fiolin), verk av Gade, Sjøgren og Grieg, "Stemningsmaleriet i Norden", omvisning v/seniorkurator Frithjof Bringager, "Det var et yndig land. Dansk landskapsmaleri", foredrag v/seniorkurator Frithjof Bringager, Grieg-jubileet 2007, to konsertar, "Nordiske toner", konsert v/KORIOSLO.

I tillegg vart det gjennomført 118 omvisingar for ulike publikumsgrupper.



Frå 3. til 13. mai viste 100 kunstnarar utan atelier kunst i konteinarar på Tullinløkka. "Oslo Open" vart arrangert for tredje gong og er eit samarbeid mellom UKS, Atelier Nord, Fotogalleriet, Astrup Fearnley Museet for Moderne Kunst, Billedkunstnerne i Oslo og Akershus, Stenersenmuseet og Nasjonalmuseet. Åse Kleveland, direktør for Rikskonsertane, heldt opningstalen under "Oslo Open".

Foto: Morten Thorkildsen, Nasjonalmuseet

### DUMP – Postmoderne skulptur i oppløst felt

03.05.07–19.08.07, Kunsthallen  
Utstillinga viste verk frå dei siste 40 åra. Her vart det tradisjonelle skulptur- og forminnhaldet utfordra med materiale og uttrykk frå det kvardagslege og vidare inn i assosiasjonar til søppelmaterial og konseptuelle forklarings- og erfaringsverder. Skulptur som omgrep finst i den postmoderne

verda i eit utvida felt der mellom anna oppfatninga om "den reine forma" vert sterkt utfordra. Utstillinga viste både innlånte verk og verk frå Nasjonalmuseet si samling.

Prosjektleiari: Eva Gran, kurator utstilling: Andrea Kroksnes og Randi Godø, kurator formidling: Eva Gran og Anna-Carin Hedberg.

### Formidlingsprogram

Katalog og formidlingsbrosjyre. 13 offentlege omvisingar, éin familieomvising med verkstad, eitt kunstglimt, eitt lærarseminar. Det vart halde kunstnarsamtale med Helen Mirra og med Camilla Løw og Jan Freuchen, begge gangane. I samtale med seniorkurator Andrea Kroksnes.

I tillegg vart det gjennomført 33 omvisingar for ulike publikumsgrupper.

### Runa Islam. Center of Gravity


14.04.–17.06.07, Museet for samtidskunst, 1. etasje

Utstillinga er ei oppfølging av Nasjonalmuseet si satsing på unge, utanlandske kunstnarar som har film som sentralt biletskapande uttrykk. Runa Islam utforskar det narrative aspektet ved filmen, og stads- og tidsproblematikk, med klangbotn i før- og etterkrigstidas avantgardefilm. Utstillinga presenterte eit utval verk som spenner frå eit av dei tidlege eksperimenta hennar, den 50 sekundar lange loopfilmen *Turn (Gaze of Orpheus)*, 1998, til nyare arbeid i 35-mm-filmformat som *Time Lines*, 2005, kjøpt inn av museet i 2006. Runa Islam er fødd i 1970 i Dhaka, Bangladesh, og bur og arbeider i London. Utstillinga er initiert og kuratert av Bergen Kunsthall og organisert i samarbeid med Nasjonalmuseet for kunst arkitektur og design. Nasjonalmuseets kurator var Eva Klerck Gange og kurator formidling var Eva Gran.

### Formidlingsprogram

Fire offentlege omvisningar, éin familieomvising med verkstad, eitt lærarseminar: Formidlingsbrosjyre. Foredrag ved kunstnaren Runa Islam.

I tillegg vart det gjennomført 48 omvisningar for ulike publikumsgrupper.



Utstillinga "Runa Islam. Center of Gravity" vart vist våren 2007 i Museet for samtidskunst. Utstillinga er ein oppfølging av Nasjonalmuseet si satsing på unge, utanlandske kunstnarar som har film som sentralt biletskapande uttrykk. Runa Islam utforskar det narrative aspektet ved filmen, og stads- og tidsproblematikken, med klangbotn i avantgardefilm frå før- og etterkrigstida.

Foto: Borre Høstland, Nasjonalmuseet

### Oslo Open

03.–13.05.07, Tullinløkka "Oslo Open" er eit arrangement der 100 kunstnarar utan atelier var inviterte til eit felles arrangement på Tullinløkka. Oslo Open vart arrangert for tredje gong og er eit samarbeid mellom UKS, Atelier Nord, Fotogalleriet, Astrup Fearnley Museet for Moderne Kunst, Billedkunstnerne i Oslo og Akershus, Stenersenmuseet og Nasjonalmuseet. Det vert òg arrangert eit kunst- og videoprogram i samarbeid med Atopia og Cinemateket.

Prosjektleiari: Eva Gran.

### Olle Bærtling. En moderne klassiker

15.6.–16.9.07, Nasjonalgalleriet, 1. etasje

Olle Bærtling var ein av Nordens fremste biletkunstnarar innan konkret abstrakt kunst i etterkrigstida, og ein av dei mest internasjonalt orienterte. Bærtlings måleri har vorte ståande som modernistiske ikon med stor visuell gjennom-


slagskraft. Medan han i si samtid vart oppfatta som ein kontroversiell og omdiskutert modernist, står han i våre dagar fram som ein kanonisert moderne klassikar. Utstillinga av måleri og skulpturar tok for seg utviklinga hans frå 1950-åra fram til han døyde i 1981.

Utstillinga vart produsert i samarbeid med Moderna Museet i Stockholm, der ho vart vist 6.10.2007–6.1.2008. Prosjektleiari: Vibeke Waallann Hansen, kurator utstilling: Øystein Ustvedt, kurator formidling: Nina Denney Ness.

### Formidlingsprogram

Elektronisk lydverkstad inspirert av Olle Bærtling, leidd av komponist og musikkverkstadsleiari Jon Halvor Bjørnseth. Det vart tatt i bruk datateknologiske og andre elektroniske instrument, og alle seks deltakarane jobba på berbare pc-ar. Som avslutning vart resultatata framført som livekonsert inne i sjølve utstillinga. Verkstaden varte i fire timar og var retta mot unge vaksne.





Utstillinga Olle Bærtling. En moderne klassiker" vart vist i Nasjonalgalleriet seinsommaren 2007. Bærtling var ein av Nordens fremste biletkunstnarar innan konkret abstrakt kunst i etterkrigstida, og ein av dei mest internasjonalt orienterte. I si samtid vart han oppfatta som ein kontroversiell og omdiskutert modernist, i dag står han fram som ein kanonisert moderne klassikar.

Foto: Børre Høstland, Nasjonalmuseet

## Å snakke om maleri

07.07.– 09.09.07, Museet for samtidskunst, 1. etasje

Utstillinga formidla synsmåtar og tolkingar av måleriet som kunstnarisk medium og uttrykksmiddel. Utstillinga gav også innblikk i dei utvalde kunstnarane sine bidrag til, og plassering i, den nordiske måleritradisjonen. Gjennom videoopptak kommenterte ni kuratorar i Nasjonalmuseet (Anna Lindblad, Randi Godø, Eva Klerck Gange, Nils Messel, Frode Haverkamp, Sidsel Helliesen, Øystein Ustvedt, Stina Høggkvist og Gavin Jantjes) dei utvalde verka. Grunngevingane vart viste på monitorar ved sidan av verka i utstillingsromma. Kunstverka på utstillinga spente frå slutten av 1700-talet til vår samtid, og presenterte måleri som ser ut som fotografi, fotografi som brukar måleriet som utgangspunkt, videomåleri og tradisjonelle landskapsbilete. Prosjektleiari og kurator utstilling: Gavin Jantjes.

## Strikkknikk. Internasjonal strikkeutstilling

22.09.–30.12.07, Kunstindustrimuseet, 1. etasje.

Strikkknikk presenterte strikking som dagsaktuelt kunstnarisk uttrykk. Seksten kunstnarar frå ni land deltok. Verka deira utfordra og leika med dei vande førestillingane våre om strikking som ein anonym og ufarleg kvinnesyssele. Slik kommenterte dei liva våre og sette søkjelyset på viktige spørsmål i tida, frå storpolitikk via kjønnsroller til det vanvittige forbruksmønsteret vårt. Utstillinga var eit samarbeidsprosjekt mellom Kunstmuseene i Bergen, Bomuldsfabriken Kunsthall i Arendal og Nasjonalmuseet.

Prosjektleiari og kurator: Anne Kjellberg, kurator formidling: Brynhild Slaatto.

I tillegg vart det arrangert tre offentlege omvisningar, ein familieomvisning og eitt foredrag i utsetillinga.

## Triennale 07 keramikk – glass

17.06.–02.09.07, Kunstindustrimuseet, 1. etasje

Utstillinga var eit samarbeid mellom Norske Kunsthåndverkere og Nasjonalmuseet. Norske Kunsthåndverkere har sidan 2002 arrangert materialbaserte triennalar, og denne var den andre i rekja med keramikk og glas. Triennalekonseptet er ei vidareutvikling av årsutstillingane, som vart vist første gong i 1976. Det er fri innsending til triennalane. Juryen dette året var satt saman av Jorun Kraft Mo, Irene Nordli, Ann Kathrin Samuelsen, Vidar Koksvik og Randi Gaustad (Nasjonalmuseet). Utstillinga viste samtidskunsthandverk innan glas og keramikk. Ho var først og fremst ein arena for dei unge, og gav eit godt inntrykk av kva som opptar dei yngste utøvarane av faget.

Prosjektleiari: Randi Gaustad, kurator formidling: Cathrine Lorange.

## Formidlingsprogram

Omvisningar på engelsk og norsk Seminar arrangert av Norske Kunsthåndverkere i KIM.

I tillegg vart det gjennomført 12 omvisningar for ulike publikumsgrupper.

## Atelieret sin sommarutstilling

28.06.–16.09.07., Nasjonalgalleriet, 1. etasje.

Verkstadoppgåver laga av barn og unge i samband med åtte av Nasjonalmuseet sine utstillingar av eldre og nyare kunst, arkitektur og design frå skoleåret 2006/2007 vart presenterte i tekst og bilete. Katalog.

Prosjektleiari: Eva Gran, kurator utstilling og formidling: Anna Lindblad.



### Formidlingsprogram

Formidlingsbrosjyre, 12 offentlege omvisingar, fire familieverkstader med omvisning, éin babyomvising, eitt lærarseminar.

Arrangement: "Uante muligheter – formstrikk i maskin", ved tekstilkunstnar Marit Eken Kalanger, Strikkekurs i samarbeid med Høgskolen i Oslo: "Strikk gult, strikk grått, strikk rødt og flott", "Med duft av kajenne", Kulturmiks, "Rundt og rundt og opp og ned, mønsterstrikk og hvordan lese en oppskrift", "Strikk asfalt og snø, strikk perler og brød", "Pussige påfunn i tau, plast og papir".

Strikkekafe i Café Solliløkken i samarbeid med Rauma Ullvarefabrikk: "Strikkede silketrøyer, luksusplagg fra 1600-tallet møter ull- og bomullstrøyer fra vår egen tid", "Da hvitt ble motefarge.

Mønsterstrikking på begynnelsen av 1800-tallet og utvikling av hvitt motetøy de siste 50 årene", "Bli kjent med arbeider av kunstnerne Dave Cole, USA, og Celia Pym,

England", "Bli kjent med Husflidens jubileumsgenser, designet av Per Spook i 1981. Presentasjon av Raumas rikholdige strikkearkiv".

I tillegg vart det gjennomført 44 omvisingar for ulike publikumsgrupper.

**Fußball: Football. Harun Farocki**  
13.10.07–06.01.08, Museet for samtidskunst, 1. etasje

Utstillinga inngår i museet si satsing på internasjonal filmkunst. Utstillinga var satt saman av seks verk av filmkunstnaren Harun Farocki: Installasjonstrilogien *Eye Machine I, II, & III* (2001–2003), *Schnittstelle / Interface* (1995), *Vergleich über ein Drittes / Comparison via a Third* (2006) og *Deep Play* (2007). *Deep Play* er eit kommisjonsverk tinga i samarbeid med Documenta 12, Kassel, Tyskland. Verket er ei av hovudsatsingane i Nasjonalmuseet sine tileigningar i 2007. Utstillinga var eit samarbeid med Rom for Kunst

(Mesén), Norsk Fotballforbund og Norsk Filminstitutt.

Prosjektleiari: Andrea Kroksnes, kurator utstilling: Gavin Jantjes.

### Formidlingsprogram

Foredrag "Harun Farocki: Grensesnitt. Fordypning i Nasjonalmuseet sin satsning på film." ved Eva Klerck Gange, kurator utstilling og samling.

Som del av utstillingsprosjektet viste Rom for Kunst (Mesén) stillbilete og ein kort introduksjon til hovudverket på utstillinga, *Deep Play*, på to av fasadane til Oslo Sentralstasjon. Norsk filminstitutt viste fem av filmene til Harun Farocki. Farocki heldt dessutan eit foredrag på OCAs konferanse om filmmediet i kunsten.

I tillegg vart det gjennomført 29 omvisingar for ulike publikumsgrupper.

### Theodor Kittelsen

27.11.07–06.01.08, Nasjonalgalleriet, 1. etasje

I 2007 var det 150 år sidan Theodor Kittelsen vart fødd. Utstillinga viste høgdepunkt frå den rike samlinga museet har av kunstnaren sine arbeid på papir. Forutan eit utval frå Kittelsens mest kjente seriar *Fra Lofoten*, *Trollskap*, *Jomfruland* og *Svartedauden*, omfatta utstillinga nokre av dei finaste eventyrteikningane hans.

Prosjektleiari: Møyfrid Tveit, kuratorar utstilling: Møyfrid Tveit, Nils Messel og Sidsel Helliesen, kurator formidling: Ellen Lerberg.

### Formidlingsprogram:

Det vart gjennomført 26 omvisingar for ulike publikumsgrupper.



Utstillinga "Strikkknikk. Internasjonal strikkeutstilling" vart vist vinteren 2007 i Kunstindustrimuseet. Utstillinga presenterte strikking som dagsaktuelt kunstnarisk uttrykk. Seksten kunstnarar frå ni land deltok. Her ser stillbilde frå videoen som viste Dave Coles verk *USA 2*, der to gravemaskiner strikkar det amerikanske flagget.

Foto: Stillbilde.



”Eldre, utenlandsk kunst før 1915 fra Nasjonalgalleriets samling” i Nasjonalgalleriet. 58 måleri, ordna etter ”skolar” med flamske, hollandske og tyske meistarar i éin sal, italiensk måleri i ein annan, fransk i ein tredje, medan den fjerde og siste salen hadde eit spesielt tema: ”Drømmen om antikken”. Til høgre kan ein skimte Lucas Cranach d.e.: *Kristus og ekteskapsbrytersken* frå 1531, og i fondveggen heng Teodor van Baburen: *Jesus som barn i tempelet* frå 1622.

Foto: Børre Høstland, Nasjonalmuseet

tematikken frå videoane sentrert rundt krig, liv, død og illusjonar. Eit sentralt tema i formidlinga var ”Er dei vi møter i videoane litt lik deg?” Utstillinga turnerte i to utgåver i 2007, til fylka Akershus og Vest-Agder. Det vart halde fem lærarseminar, og lærarane formidla utstillinga vidare til sine elevar.

”Litt lik deg” hadde sine siste visingar våren 2007. Utstillinga har turnert sidan 2004. Prosjektleiari: Elisabeth Sørheim.

3292 elavar såg utstillinga.

### Reisen til jordens indre

Den fantastiske og fantasiska-pande boka til Jules Vernes, utgitt i Paris i 1864, er utgangspunktet for ei ny ferd i regi av kunstnaren Trine Wester, denne gongen med moderne teknologiske hjelpemiddel til bruk på reisa. Kunstverket er sett saman av åtte monitorar i ulike storleikar og viser videografikk med lyd. Arbeidet er interaktivt, og inviterer tilskodaren med på ei poetisk reise gjennom ytre og indre landskap. Utstillinga vart vist med formidlar i Vest-Agder fylkeskommune hausten 07. Prosjektleiari: Elisabeth Sørheim. 1272 elevar såg utstillinga.

### Smykke seg

Alt vi på ein eller annan måte ber på kroppen, klede, smykke, fargar, tatoveringar og hårsveis, er signal som fortel omverda kven vi er. Det kan signalisere gruppetilhøyrse, fortelje om den sosiale og økonomiske statusen til beraren, og utgjer ein viktig del av identiteten vår. Eit smykke er ofte assosiert med gull og edle steinar. Utstillinga ”Smykke seg” ønskjer å vise at smykke kan vere mykje meir enn det. Dei seks smykkekunstnarane Tone Vigeland, Hilde Dramstad, Sidsel Paaske, Torill Bjorg, Janna Syvänoja og Konrad Mehus har arbeidd med gjenbruk av materi-

### Eldre, utenlandsk kunst før 1915 fra Nasjonalgalleriets samling

27.11.07–06.01.08, Nasjonalgalleriet, 1. etasje

Utstillinga viste verk frå eiga samling, vesentleg måleri (58), men òg nokre skulpturar. Opphenginga var ordna etter ”skolar” med flamske, hollandske og tyske meistarar i éin sal, italiensk måleri i ein annan, fransk i ein tredje, medan den fjerde og siste salen hadde eit spesielt tema: ”Drømmen om antikken”. Her fann ein eksempel på antikk originalsulptur og mytologiske emne frå antikk mytologi framstilt av forskjellige barokkmålarar og i eit marmorrelieff av Bertel Thorvaldsen. Utstillinga var viktig for å vise breidda og den gjennomgåande høge kvaliteten i samlinga. Det eldste biletet som vart vist, var av Lucas Cranach frå 1531. Den italienske delen kunne briljere med høgdepunkt frå Gentileschis produksjon, og fransk kunst som hadde eit spenn frå 1600-talets stilleben

over Delacroix og Couture til Paul Gauguin og Pierre Bonnard. Av skulpturar var det tatt med verk av mellom anna Bourdelle og Rodin. Prosjektleiari og kurator utstilling: Frode Haverkamp, kurator formidling: Frithjof Bringager.

### Formidlingsprogram

Utstillingstekstar i kvar av salane. Introduksjonstekstar til utvalde verk. Det vart gjennomført seks omvisingar for ulike publikumsgrupper.

## 8.2 UTSTILLINGAR PÅ TURNÉ I NOREG: SKOLENETTVERKET

### 8.2.1 Eldre utstillinger

#### Litt lik deg

”Litt lik deg” er ei skoleutstilling der kunstnarane brukar video som kunstnarisk uttrykk, og utstillinga er sett saman av seks videoar. Eit mål er å gi elevane ei innføring i kva videokunst er, og drøfte

alar, idear eller teknikkar. Utstillinga vart vist med formidling og workshop i Møre og Romsdal fylke våren 07 og i Buskerud fylke hausten 07. Prosjektleiari: Elisabeth Sørheim. 5493 elevar såg utstillinga.

### Det lille galleri I

Vandreutstilling til nettverk skole av samtidskunstnarane Marianne Heske, Dag Leversby, Bjarne Melgaard, Vanessa Baird og Harald Fenn. "Det lille galleri" er som namnet seier, eit lite galleri. Dei

fem kunstnarane er representerte med kvart sitt verk. Sjangeren er biletkunst. Kunstformidlar møter publikum i dialog tilrettelagd for målgrupper. Utstillinga vart vist i Nord-Trøndelag fylkeskommune våren 07 og i Vestfold hausten 07. Prosjektleiari: Jeanette Eek-Jensen. Totalt såg 3256 utstillinga.

### Det lille galleri II

Som over, men med desse samtidskunstnarane Mikkel mcAlinden, Sverre Wyller, Christian Montarou, Iselin Lønn og Mari-

anne Heske. Utstillinga vart vist i Vestfold fylkeskommune våren 07 og i Karmøy kommune hausten 07. Prosjektleiari: Jeanette Eek-Jensen. Totalt såg 2412 utstillinga.

### Japan i en boks

"Japan i en boks" er ei vandreutstilling om japansk samtidskultur. Ein bokreol er montert i klasserommet. Her vert det installert 50 ulike designgjenstandar frå dagens Japan. Leiker, bøker og cd-plater. Bokreolen har selskap av ein stol og ei lampe, og av ein monitor der det vert vist film frå japansk kvardagsliv. Utstillinga er kuratert av Jan Walaker. Elevane får innblikk i japansk kultur som dei kjenner igjen frå teikneseriar og filmar. Det er tilbod om ein workshop der elevane sjølve får prøve seg som designarar. Utstillinga vart vist i Oppland fylkeskommune våren 07 og i Pilotgalleriet, Akershus kunstner-senter, hausten 07. Prosjektleiari: Jeanette Eek-Jensen. Totalt 1438 såg utstillinga.

### Lydspor

Biletkunstnar Nina Borge og komponist Jesper Egelund Pedersen forska i korleis lyd påverkar form og korleis form påverkar oppfatninga av lyd. Det har resultert i ei utstilling av lydskulpturar. Seks skulpturar inneheld kvar sin komposisjon som saman med skulpturen danner eit heilskapleg bilete. Musikken blir aktivert når publikum rører ved skulpturane. Med utgangspunkt i utstillinga er det laga eit teaterprosjekt. Førrestillinga er inspirert av barna si tilnærming til skulpturane. Utstillinga vart vist i Nord-Trøndelag fylkeskommune våren 07 og i Egersund og på Hitra hausten 07. Prosjektleiari: Jeanette Eek-Jensen. Totalt 424 såg utstillinga.



Nesten 5500 elevar såg skoleutstillinga "Smykke seg". Klede, smykke, fargar, tatoveringar og hårsveis er signal som fortel omverda kven vi er. Eit smykke er ofte assosiert med gull og edle steinar. Utstillinga "Smykke seg" ønskjer å vise at smykke kan vere mykje meir enn det. Dei seks smykkekunstnarane Tone Vigeland, Hilde Dramstad, Sidsel Paaske, Torill Bjørg, Janna Syvänoja og Konrad Mehus har arbeidd med gjenbruk av materialar, idear eller teknikkar.

Foto: Borré Høstland, Nasjonalmuseet



## Vis à Vis

Vis à Vis utforskar ei fornya interesse for portrettfotografiet i samtidskunsten. Utstillinga set fokus på sjølve portrettsituasjonen, på kva det inneber å fotografere og bli fotografert, å sjå og bli sett. Portrettet har alltid vore ein sentral sjanger innan fotografi-historia. Åtte kunstnarar deltar med elleve portrettfotografi og eit videoportrett: Eline Mugaas, Mette Tronvoll, Dag Nordbrenden, Tone Hansen, Kjersti Solberg Monsen, Per Christian Brown, Signe Marie Andersen og Per Maning. Elevane får sjølv prøve seg som fotografar. Det er kunstformidlareren som rettleier. Utstillinga hadde ingen turné våren 07. Utstillinga vart vist i Pilotgalleriet, Akershus Kunstnersenter hausten 07. Prosjektleder: Jeanette Eek-Jensen. Totalt 1114 såg utstillinga.

## Made in Scandinavia

Med denne utstillinga får skolen lære å kjenne kunsthåndverk, design og biletkunst i samtida. Made in Scandinavia handlar om formgiving i forhold til tradisjon, og rettast merksemda mot gjenstandskulturen i samfunnet vårt. Gjenstandane som vert viste, er nøye og sikkert utforma. Dei er med på å skape undring og gir oss høve til å fabulere over tinga som omgir oss. Til saman sju kunstnarar medverkar: Henrik Brandt (SE), Ida Forrs (SE), Kajsa Jagare (SE), Marianne Moe (NO), Anders Ruhwald (DK), Sissi Westerberg (SE), Elin Aash-eim (NO) Kunstformidlar prøver i best mogeleg grad å få til samtale med publikum i omvisingane. Utstillinga vart vist i Oppland fylke hausten 07. Prosjektleder: Jeanette Eek-Jensen. Totalt 3693 såg utstillinga.

## Finn din Grosch

”Finn din Grosch” var på same tid ei utstilling og ei oppfordring: ”Finn din Grosch” innebar både å setje saman utstillinga, å undersøke i oppslagsverk og å jakte på bygningane til arkitekten i samfunnet rundt oss. C.H. Grosch (1801–1865) var både arkitekt og stadskonduktør, dvs. forstandar for statens bygningar, og lærar ved Den Kongelige Tegneskole i Kristiania. Prosjektlederar: Hilde Mortvedt og Ellen Lerberg, kurator formidlar Eli Solsrud. Totalt 1056 såg utstillinga.

## Helter og antihelter – Hoppalong!

”Helter og antihelter – Hoppalong!” var laga av kunstnaren Gisle Harr. Utstillinga var satt saman av skulpturar i modelleire og ei samling utklippfigurar i papir kopiert frå aviser, vekeblad og andre trykksaker. Figurane kan vere kjendisar, historiske personar, countrystjerner eller kvardagsheltar. Utstillinga ønskte å gjere elevane medvitne om sitt eige forhold til heltar og antiheltar, og ved hjelp av ideane og metodane til kunstnaren kunne elevane lage sine egne skulpturar med heltar og antiheltar. Prosjektleder: Stina Høggvist.

## 8.2.2 Produsert i 2007

### Atelier Spook

Atelier Spook bygger vidare på erfaringane frå Nasjonalmuseet si utstilling ”Per Spook. Norsk motedesigner i Paris” frå 2006. Med denne vandreutstillinga vert klasserommet gjort om til eit motestudio i Per Spooks ånd. Elevane jobbar i workshop med klede på modellar. Motestudioet får òg plass til ein liten catwalk. Atelier Spook er ein installasjon frå atelieret til Per Spook med gjenstandar knytt til klede og kostyme, supplert med anna formidlingsmaterieell som bøker, video og produkt designa av Spook. Utstillinga

inneheld ikkje originalverk frå samlinga, men innkjøpte kolleksjonsplagg. Det vert fokusert på designprosessar meir enn formidling av originalverk. Prosjektleder og kurator utstilling: Hilde Mortvedt, kurator formidling: Jeanette Eek Jensen.

Utstillinga vart presentert på Nasjonalmuseets Kunsttorg i Fredrikstad 07, og vist på turné i Telemark hausten 07 med lokalt rekruttert formidlar som fekk opplæring på Nasjonalmuseet. Hausten 07 vart utstillinga vist i Telemark. Totalt 872 såg utstillinga.

## Tenna i tapetet

Utstillinga er bygd opp som eit interiørhjørne i jugendstil med tidsriktig tapet, møblar og kjolen til ei oppdikta husfrue frå jugendstilbyen Ålesund. Denne husfrua har med seg tapetprøver og andre dialoggjenstandar og forslag til workshop om tapetmønster, slik at klasserommet kan få ny ut-sjånad. Utstillinga er produsert i samarbeid med Kunstmuseet Kube/Jugendstilsenteret i Ålesund. Prosjektleder og kurator utstilling: Hilde Mortvedt, kurator formidling: Cathrine Lorange.

Utstillinga vart presentert på Nasjonalmuseet sitt Kunsttorg i Fredrikstad 07 og vist i Nord-Trøndelag hausten 07. Totalt 483 såg utstillinga.

## Våre hellige rom

Korleis utformar trussamfunna sine sine når dei etablerer seg i ein norsk samanheng? I utstillinga møter elevane heilage rom frå dei seks største verdsreligionane i Noreg i dag utanom statskyrkja. Utstillinga er forma som ein sekskanta rominstallasjon, og gir ei ramme for møtet med trussamfunna gjennom bilete, lyd og samtale. På veggane skal elevane setje opp





Utstillinga "Tenna i tapetet" er bygd opp som eit interiørhjørne i jugendstil med tidsriktig tapet, møblar og kjolen til ei oppdikta husrue frå jugendstilbyen Ålesund. Denne husrua har med seg tapetprøver og forslag til workshop om tapetmonster, slik at klasserommet kan få ny utsjånad.

Foto: Børre Hostland, Nasjonalmuseet

motiv frå ulike trussamfunn. Elevane skal finne fram til dei bygga og symbola som høyrer til kvar religion. Utstillinga er produsert i samarbeid med Oslo Museum (Internasjonalt Kultursenter og Museum). Prosjektleiari og kurator utstilling: Hilde Mortvedt, kurator formidling: Elisabeth Sørheim.

Utstillinga vart presentert på Nasjonalmuseets Kunsttorg i Fredrikstad 2007.

Ho har vore vist på Kirke- og kulturfestivalen i Kristiansund 17.–20.9.07, for deltakarane på konferansen og for elevar frå skolar i

Kristiansund. Ho har òg vore vist på Utdanningsforbundet sin konferanse "Skolens rolle og kunst og kulturtilbudene i Den kulturelle skolesekken" 19.11.07. Totalt 680 såg utstillinga.

#### Arv i tre

Utstillinga består av eit stort byggesett i målestokk 1:1 av koret frå ei stavkyrkje. Ho vert vist i klasserom der elevane sjølve bygger stavkyrkja. Ein lysbiletserie frå ulike stavkyrkjer vert projisert på ei himling i koret, slik at elevane får ei sanseleg oppleving og samstundes kunnskap om stavkyrkjekonstruksjonen. Utstillinga vart

produsert i samarbeid med Ola Storsletten, NIKU. Prosjektleiari og kurator utstilling: Hilde Mortvedt, kurator formidling: Elisabeth Sørheim. Turnéstart januar 08.

#### Oslo by Night – Victor Lind

Utstillinga er ein videoinstallasjon som tematiserer ei konkret, historisk hending frå andre verdskrigen: Jødeaksjonen, 26. november 1942, då 532 norske jødar vart henta i heimane sine om natta og frakta med skipet Donau til Tyskland og Auschwitz. Utstillinga er laga for 8. trinn i ungdomsskolen og vidaregåande skole. Prosjektleiari: Stina Høggkvist, kurator utstilling og formidling: Nina Denney Ness. Turnéstart februar 08.

#### Designjungelen – Antony Kleinepier og TTVo

Ein stor elefant svevar over golvet. Kanskje vaktar han over eggja som ligg litt lenger borte? Det som ser ut til å vere farga elefantavføring viser seg å vere sitjemøblar. Spreidd rundt på golvet står stolar og krakkar i ulike organiske former. Miljøet gir assosiasjonar til ein levande jungel. Kleinepier og TTVo vil at miljøet deira skal nyttast aktivt og at elevane vert inviterte inn i installasjonen. Her kan dei få ta, lukte, sitje på, og på annan måte ta installasjonen i bruk. Med sine iscenesette miljø stiller kunstnarane spørsmål ved omgjevnadene våre og måten dei er utforma på.

Prosjektleiari og kurator utstilling: Stina Høggkvist, kurator formidling: Eli Solsrud. Turnéstart januar 08.

#### Det lille galleri III

Med utstillinga "Det lille galleri III" skaper biletkunstnar Elise Storsveen ei heilskapleg forteljing over fem panel, oppstilte i ein femkanta installasjon. Teknikk: Collage.

Utstillingsdesignen er ein gjenbruk av Det lille galleri I, som no er sluttført.

Kurator: Stina Høgvist, design: Hilde Mortvedt, kurator formidling: Elisabeth Sørheim. Turnéstart februar 08.

### 8.3 UTSTILLINGAR PÅ TURNÉ I NOREG: GALLERI OG MUSEUMSNETTVERKA

#### Hjertebank

Utstillinga viste verk av åtte cubanske kunstnarar, som kvar på sin måte tar pulsen på dagens Cuba. Dei kallar seg Generación 00 og er alle mellom 20 og 40 år. Utstillinga har vore eit samarbeidsprosjekt mellom Nasjonalmuseet og Stiftelsen 3,14 i Bergen, og vart kuratert av Andrea Sunder-Plassmann ved Kunstakademiet i Bergen og Sandra Sosa Fernandes frå Cuba.

Utstillinga starta 17. april 2006 i Stenersenmuseet i Oslo. Deretter er ho vist i Bergen, Kaunas i Litauen, Lillesand og Stavanger. Frå januar 2007 er ho vist i Stavan-ger, Bodø, Tromsø, Mo i Rana og Ålesund. Prosjektleiari: Anita Rebolledo. Kurator formidling: Malgorzata Basinska. Totalt 4825 såg utstillinga.

#### Lydspor

Biletkunstnar Nina Borge og komponist Jesper Egelund Pedersen forska i korleis lyd påverkar form og korleis form påverkar oppfatninga av lyd. Det har resultert i ei utstilling av lydskulpturar. Utstillinga vart vist våren 2006 i Vest-Agder i samarbeid med Vest-Agder fylkeskommune. Utstillinga vart vist på Hitra og i Mosjøen, Sandnessjøen, Mo i Rana, Øksnes, Sortland, Stokmarknes, Sørvågen og Fauske, i samarbeid med SKINN. Prosjektleiari: Jeanette Eek Jensen.

#### Hardcore Soft

Utstillinga er tverrfagleg og viser skulptur, video, installasjon og tekstil, kuratert av Clare Thornton. Prosjektet søkte å utfordre den tradisjonelle oppfatninga av kunsthåndverk. Utstillinga viste verk av samtidskunstnarar som nyttar tekstil og kunsthåndverk for å undersøke, skilje og rekonfigurere historie, kultur og identitet. Prosjektleiari: Inger Helene Stems-haug. Utstillinga vart vist i Kongs-vinger og Nes på Romerike. Totalt 2783 såg utstillinga.

#### Endelig hjemme

Utstillinga var ein hybrid mellom ei utstilling og eit atelier kor kunstnaren sine idear og material vert samanblanda med aktiv deltaking frå publikum. Gjennom instruksjonar kunne publikum ferdigstille halvfabrikata og ta dei med heim, fotografere dei og sende fotoa til museet si heimeside. Utstillinga vart vist i Harstad, Namsos og Stavanger. Kuratorar var Siri Hermansen og Carl Fredrik Hårleman. Prosjektleiari: Eva Gran.

Totalt 3522 såg utstillinga.

#### Generator X

"Generator X" er ei utstilling som viser arbeidet til kunstnarar og designarar som skaper gjennom programmering. For dei er kjeldekode eit estetisk verktøy på same måte som lerret og pensel for tidlegare kunstnargenerasjonar. Utstillinga er ein samproduksjon med Atelier Nord frå 2006. Utstillinga vart vist i Skien og Porsgrunn. Kurator var Marius Watz. Prosjektleiari: Wenche Thiis-Evensen. Totalt 3853 såg utstillinga.

#### Picasso. Fabler og fortellinger

Utstillinga presenterer 50 av Nasjonalmuseets Picasso-samling på i alt 505 grafiske blad. Utvalet



Nesten 5000 har sett "Hjertebank". Utstillinga viste verk av åtte cubanske kunstnarar, som kvar på sin måte tar pulsen på Cuba av i dag. Dei kallar seg Generación 00 og er alle mellom 20 og 40 år. *Kaleidoskop* (2004) er konstruert av Walter Ernesto Velázquez Chaviano.

Foto: Anita Rebolledo, Nasjonalmuseet

omfattar verk frå kunstnarens tidlegaste periode rundt 1905 og fram til den seine produksjonen hans mot slutten av 1960-åra, med hovudvekt på seriane *Suite Vol-lard* og *Suite 347*. Utstillinga vart vist i Tromsø Kunstmuseum og Trondheim.

Prosjektleiari: Tina Grette Poulsen, kurator: Nils Messel.

Det er utarbeidd formidlingsbro-sjyre og lærarrettleiing.

Totalt 4331 såg utstillinga.

### Norsk samtidsarkitektur 2000–2005

Denne juryerte utstillinga presenterer 50 høgdepunkt i norsk arkitektur frå perioden 2000 til 2005, frå små interiørprosjekt til store, komplekse bygningar. Prosjekta er grupperte i fem kategoriar: "Transformasjon", "Kontrast og tilnærming", "Form og funksjon", "Materiale og konstruksjoner" og "Symbol og identitet". Det er femte gong *Norsk samtidsarkitektur* vert produsert, og katalogane har vorte viktige dokumentasjonskjelder over norsk arkitektur frå 1975 fram til i dag. Utstillinga vart vist i Ryfylkemuseet, Suldal, Tysvær Kunstlag og Bryne Mølle våren 07, og Stord kulturhus hausten 07. Prosjektleiari: Anne Marit Lunde, kuratorar: Eva Madshus og Anne Marit Lunde.

Totalt 5710 såg utstillinga.

### 8.4 UTSTILLINGAR PÅ TURNÉ I UTLANDET

#### Contemporary Norwegian Architecture 2000–2005

Denne juryerte utstillinga presenterer 50 høgdepunkt i norsk arkitektur frå perioden 2000 til 2005. Utstillinga er produsert av Nasjonalmuseet, og vandrar i samarbeid med Utanriksdepartementet. Prosjektleiari: Anne Marit Lunde, kuratorar: Eva Madshus



Ei av utstillingane som turnerte internasjonalt i fjor var "Contemporary Norwegian Architecture 2000–2005". I Helsingfors vart utstillinga opna av HKH Dronning Sonja. Denne juryerte utstillinga presenterer 50 høgdepunkt i norsk arkitektur frå perioden 2000 til 2005, og vart vist i Antwerpen, Belgia og Helsingfors våren 07, og i Berlin, Bratislava, Slovakia, Argentina og Mexico hausten 07.

Foto: Anne Marit Lunde, Nasjonalmuseet

og Anne Marit Lunde. Utstillinga vart vist i SD WORX, Antwerpen, Belgia og Kabelabrikken, Helsingfors, Finland våren 07 og i Felleshuset, De nordiske ambassader i Berlin, Tyskland, Design Factory, Bratislava, Slovakia, The Slovak Architects Society, Bransca Bystrica, Bratislava, Slovakia, Universidad de Palermo, Facultad de Arquitectura, Argentina og i universitetet i Monterrey, Mexico hausten 07.

#### The new Bibliotheca Alexandrina 6.12.07–25.1.08 Tel Aviv Museum of Art

Utstillinga har vandra internasjonalt sidan 2002. Den presenterer det gamle oldtidsbiblioteket og det nye biblioteket, som er teikna av det norske arkitektfirmaet Snøhetta AS. Tekst og bilete i utstillinga vert presentert på tre store, halv-sirkelforma element med innebyggt lys. Elles vert presentasjonen gjort rikare med videoar, mate-

rialprøver og møblar. I samband med opninga vart det arrangert eit symposium med tittelen "The Architecture of Libraries – Past and Present", som vart innleia med foredrag av Kjetil T. Thorsen frå Snøhetta. Vising av utstillinga er finansiert av Utanriksdepartementet. Prosjektleiari og kurator: Eva Madshus.

#### Lost in Nature – Jarmund/Vignæs Architects

10.11.–16.12.07, 7. Arkitekturbienalen i São Paulo, Brasil  
Dei 12 prosjekta som vert presenterte i utstillinga, ligg alle på tomter med sterk og dominerande natur. Jarmund/Vignæs arkitekter hentar inspirasjon frå omgivnadene, men formspråket kontrasterer det naturgitte. Det dreier seg alltid om grundig situasjonsforståing og økologisk sett relativt forsiktige inngrep. Det største og mest spektakulære prosjektet i utstillinga er





“Lost in Nature – Jarmund / Vignæs Architects” vart vist på Arkitekturbienalen i São Paulo. Dei 12 prosjekta som vert presenterte i utstillinga, ligg alle på tomter med sterk og dominerande natur. Jarmund/Vignæs arkitekter hentar inspirasjon frå omgivingane, men formspråket kontrasterer det naturgitte. Det største og mest spektakulære prosjektet i utstillinga er Forskningscenteret på Svalbard.

Foto: Eva Madshus, Nasjonalmuseet

Forskningscenteret på Svalbard, elles vert ei rekke mindre bygningar presenterte, som hytter og einebustader. Prosjekta i utstillinga vert presenterte i ei biletfriase som inneheld store fotografi, teikningar og tekstar. Gjennom alle arbeidsmodellane får ein eit innblikk i arbeidsmetoden til arkitektane.

Frå 11.11.–18.11. vart det arrangert eit internasjonalt debattforum som vart innleidd med foredrag av Einar Jarmund og Håkon Vignæs. Både produksjon og vising av utstillinga er finansiert av Utanriksdepartementet. Utstillinga er kuratert og produsert av Jarmund/Vignæs Arkitekter i samarbeid med Nasjonalmuseet ved Eva Madshus.

### **Scandinavian Design Beyond the Myth**

Utstillingen er laget på oppdrag av Nordisk Ministerråd og feirer 50-års jubileet for Scandinavian Design. Den viser 202 designobjekter fra alle de fem Nordiske land og den har vandret til 14 land siden 2003.

I 2007 ble den vist i følgende museer: Fundacion Pedro Barrie de la Maza, A Coruna, Spania, National Gallery of Foreign Art, Sofia, Bulgaria, Museum 25th May, Beograd, Serbia, Museum of Applied Arts and Crafts, Zagreb, Kroatia.

Prosjektleder og kurator: Widar Halén.



# 9

## AVDELING SAMLING OG UTSTILLING

Avdeling samling og utstilling skal vere drivkrafta i museet si kunstfaglege verksemd. Avdelinga skal medverke til å forvalte og utvikle samlingane, gjere dei tilgjengelege, og auke kunnskapen om kunst, arkitektur og design nasjonalt og internasjonalt. Dette målet vert dels nådd ved at avdelinga medverkar til å lage fagleg funderte utstillingar innanfor Nasjonalmuseet sine verkeområde, dels ved at ho gjennom samlingsforvaltning, forskning og anna fagarbeid medverkar til å styrke museet sin funksjon som nasjonal kunnskapsbank og kompetansesenter.

Birgitte Sauge har vore konstituert avdelingsleiar i heile 2007. Kuratorane er inndelte i faggrupper for kunst, arkitektur og design, saman med kuratorane frå Avdeling formidling. Ved slutten av året hadde avdelinga 23 faste stillingar, i tillegg har avdelinga hatt fire engasjement. To kuratorstudentar har i kortare periodar hatt praksisplass i avdelinga. Avdelinga har ein assistent som har ansvar for statistikk og arkiv, og hjelper avdelingsleiar og kuratorar med ulike oppgåver. Ho er òg sekretær i Innkjøpskomiteen.

Avdelinga har forvaltningsansvaret for Nasjonalmuseet sine egne samlingar, for samlingane frå det tidlegare Nasjonalgalleriet, Museet for samtidskunst, Arkitekturmuseet og Kunstindustrimuseet i Oslo, og dessutan for dokumentasjonsarkivsamlinga. Ansvaret omfattar


innkjøp og annan tilvekst, utlån i samarbeid med Avdeling museumstjenester, inventarisering, registrering og katalogisering, dokumentasjon, forskning, og tilgjengeleggjering gjennom utstillingar og på andre måtar. Nasjonalmuseet har også i 2007 arbeidd målretta for å betre og utvikle dokumentasjonen av samlingane. Dette har vore organisert i prosjektane restanseregistrering, Robert Meyer Collection, Primus kunst og konvertering av data frå Imago til Primus, og i samordninga av

samlingsarkiva. Avdelinga har eit hovudansvar for planlegging av utstillingar.

Forskning er eit viktig felt for avdelinga, som har to reine forskarstillingar. Mange av kuratorane er involverte i forskingsprosjekt dels knytt til Nasjonalmuseet sitt eige forskingsprogram, og dels til eksterne program. Kuratorane si forskning vert mellom anna formidla gjennom utstillingskatalogane til museet og i tidsskriftet *Kunst og Kultur*.

### 9.1 Deltaking i ulike faglege fora

Kuratorane ved avdelinga er med i ulike faglege nettverk i inn- og utland, som ICOM (International Councils of Museums), IKT (International Association of Curators of Contemporary Art), ICAM



Per Kleivas *Fire kvadrat + to*, er blant museets nyskaffingar i 2007.

Foto: Knut Øystein Nerdrum, Nasjonalmuseet, © Per Kleiva / BONO 2008

(International Confederation of Architectural Museums). Fleire av kuratorane har i løpet av året vore sensorar og forelesarar ved universitet og høyskolar. Seniorkurator Widar Halén deltok på eit symposium om Scandinavian Design med forelesing om "Scandinavian Design Beyond the Myth" den 26.09.07, på Georg Brandes-skolen, Universitetet i København.

Avdelinga heldt i 2007 fram samarbeidet med Museumskunnskap, IKOS, UiO med kurset "Perspektiver på basisutstillinger" for studenter på bachelornivå (10.10.07). Seniorforskar Sidsel Helliesen var ansvarleg. Innlegg ved Nils Messel "Kunst 3. Verk fra samlingen 1814–1950" i Nasjinalgalleriet, Vibeke Waallann Hansen "Kunst 4. Verk fra samlingen 1950–2007" i Museet for samtidskunst og Widar Halén "Kunsthåndverk og design 1905–2005" i Kunstindustrimuseet.

I 2007 samarbeidde avdelinga også med Kunsthistorie, IFIKK, UiO om eit kurs for masterstudentar om norsk arkitektur og design frå 1950–1970. Fleire studenter valde å skrive semesteroppgåve om utvalde prosjekt frå museet si arkitektursamling. Ansvarleg i Nasjonalmuseet var kurator Bente Aass Solbakken.

Kurator samling og utstilling, Gavin Jantjes, deltok som innleiar på Norsk kulturråd sin årskonferanse 2007 "Kunst i internasjonal bevegelse – internasjonaliseringens konsekvenser for norsk kunstliv", i Stavanger.

Kurator Eva Klerck Gange deltok på rundebordskonferansen Recontres Internationales i Paris, 29.11.–1.12.07., med tema film, video og nye medium i samtidskunsten.



Festspillutstillar i 2007 var Børre Sæthre med utstillinga "from someone who nearly died but survived" i Bergen Kunsthall. Høgdepunktet i utstillinga var eit lysande tablå med ein hvit hest, ein bevinget *Pegasus*, som også er verket sin tittel. Verket er mellom Nasjionalmuseet sine nye innkjøp i 2007.

Foto: Anita Rebolledo, Nasjionalmuseet

## 9.2 PRIMUS KUNST

Utviklinga av kunstmodulen i samlingsdatabasen Primus bestod våren 2007 av utarbeiding av kravspesifikasjon. Arbeidet vart utført av ei arbeidsgruppe med medlemmer frå Avdeling museumstjenester og Avdeling samling og utstilling, samt prosjektilsett Bård Bie-Larsen. Avdelingsleiar administrasjon Aud Norlin leia arbeidet i samarbeid med KulturIT. Hausten 2007 utvikla KulturIT programmet Primus Kunst ved hjelp av akseptansetesting utført av ei arbeidsgruppe med medlemmer frå Avdeling samling og utstilling og Avdeling museumstjenester, leia av prosjektilsett Bård Bie-Larsen og konstituert avdelingsleiar Birgitte Sauge. Når Primus Kunst versjon 1.0 ligg føre vinteren 2008, vil data frå museet sine to Imagobasar verte konverterte til ny, felles samlingsdatabase i Primus Kunst.

## 9.3 RESTANSEREGISTRERINGS-PROSJEKTET

Restanseregistreringsprosjektet som har vore i gang sidan 2002, vart vidareført og avslutta i 2007. Kunsthistorikarane Gro Pedersen og Hanne Hagen Pettersen var engasjerte som prosjektmedarbeidarar og avslutta registreringa av samlinga av kunsthandverk og design i databasen Primus. Samlinga er no grunnregistrert med snautt 40 000 postar. Totalt vart 2600 postar registrerte, og dei arbeidde med kvalitetssikring av data i basar. Vidare katalogisering av samlinga vil verte følgt opp av museet sin stab. Restanseregistreringa av arkitektursamlinga vert i 2008 tatt inn i samlingsarbeidet.

## 9.4 STUDIESALEN FOR SAMLINGA AV TEIKNING OG GRAFIKK

Studiesalen i Nasjinalgalleriet har hatt 678 besøkjande i løpet av 2007. 37 grupper har fått undervisning i studiesalen, av dette ei familieom-

vising med påfølgjande verkstad (linoleumssnitt), 16 barneskolegrupper (åtte av dei med påfølgjande atelier), ni vidaregåande skolegrupper, to grupper frå Høgskolen i Oslo, to frå Kunsthøgskolen i Oslo, to frå landskapsarkitektstudiet på Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB) og eitt grafikkurs for masterstudentar ved IFIKK, UiO.

Studiesalen heldt stengt i fire veker i samband med montering og demontering av utstillinga "Naturens speil".

### 9.5 KONSULTASJONSTENESTA

Avdeling for samling og utstilling hjelper publikum med informasjon om verk i privat eige. Konsultasjonstenesta for måleri, teikning og grafikk hadde 200 førespurnader og vurderte 426 arbeid i løpet av året. Konsultasjonstenesta for kunsthandverk og design svara på 75 førespurnader. I tillegg vart det svara på skriftlege og telefoniske spørsmål om ulike tema innan kompetansfeltet til museet.

### 9.6 VURDERING AV EKSPORTTILLATING

Kultur- og kyrkjedepartementet utpeika i 2007 12 institusjonar til å handsame søknadar og gjere vedtak om utføring av kunst- og kulturgjenstandar. Nasjonalmuseet sitt ansvar er antikvitatar, møblar, kunsthandverk, design og biletkunst. 706 søknadar om eksporttillating vart handsama i 2007.

### 9.7 DOKUMENTASJONSARKIVET

Seniorkurator Bodil Sørensen har vore koordineringsansvarleg for Dokumentasjonsarkivet i 2007.

Arbeidet med å systematisere og merke saksarkiva til Nasjonalgalleriet, Kunstindustrimuseet,

Museet for samtidskunst og Riksutstillinger vart vidareført i 2007. Samordninga av dei tre musea sine samlingsarkiv vart ferdigstilt. Like fullt står det framleis att ein fullstendig gjennomgang av det nye, samorganiserte samlingsarkivet med tanke på overføring av delar av materialet til kunstnararkivet og klipparkivet, og til kunstnarmappene i biblioteket.

Også i 2007 fekk dokumentasjonsarkivet ein verdfull tilvekst då ytterlegare dokumentasjonsmateriale som gjeld norske og utanlandske biletkunstnarar, vart overførte frå Henie Onstad Kunstsenter til Nasjonalmuseet.

Dokumentasjonsarkivet hadde 33 utlån til forskarar i studiesalen og 93 utlån frå klipparkivet. Arki-tektursamlinga hadde 60 utlån til forskarar i studiesalen.

### 9.8 ROBERT MEYERS COLLECTION

Robert Meyers Collection inneheld over 10 000 foto. Fotograf Toril

Skaaraas har vore engasjert for å inventarisere samlinga. Det vart inventarisert 4527 fotografi i 2007. Boksamlinga er tilrettelagt for katalogisering, og digitalisering av fotografia er påbegynt. Prosjektet vart vidareført i 2008.

### 9.9 Nyinnkjøp

Innkjøpskomiteen i Nasjonalmuseet var fram til 02.02.07. satt saman av konstituert direktør Anne Kjellberg, kurator Øystein Ustvedt (møteleiar), seniorforskar Sidsel Helliesen, seniorkurator Nils Messel, konstituert avdelingsleiar Birgitte Sauge og kurator Randi Godø (sekretær). Konservator Thierry Ford var observatør. Frå 03.02.07 var komiteen sett saman av konstituert direktør Anne Kjellberg (leiar til 07.08.07), direktør Allis Helleland (leiar frå 08.08.07), seniorforskar Sidsel Helliesen, seniorkurator Widar Halén, seniorkurator Andrea Kroksnes (til 1.10.07), kurator Bente Aas Solbakken, kurator Randi Godø (møteleiar) og assistent i avdeling samling og utstilling Astrid Gunby (sekretær). Konservator



Robert Meyers Collection består av over 10.000 foto. Fotograf Toril Skaaraas har vore engasjert for å inventarisere samlinga. I alt vart 4527 fotografi inventariserte i 2007.

Foto: Borre Hostland, Nasjonalmuseet





Skulpturen *Empire, Vampire V (C)*, 2005, som vart vist i utstillinga "DUMP" i Kunsthallen, er blant museet sine nyskaffingar 2007. Den er laga av den tyske kunstnaren Isa Genzken.

dagens nivået for innkjøp å vere svært lågt i forhold til dei forpliktingar Nasjonalmuseet har innanfor sitt samlingsområde. Styret vil i åra framover ha som ambisjon å bygge opp eit innkjøpsfond av monaleg storleik for å sikre Nasjonalmuseet høve til å kjøpe inn viktige verk til samlingane. Samla avsetjing til fond for innkjøp var pr. 31.12.07 5,0 mill. kroner. Av større verk som er innkjøpte i 2007 kan nemnast: Per Kleiva, *Fire kvadrat + to*, måleri, Marjike van Warmerdam, *Dream Machine*, film, Kristina Bræin, *Area 1*, installasjon, Eli Hovdenak, *Speilelg*, grafikk, Kim Simonsson, *Snakeswan*, porselen, Leonard Rickard, *To figurer ved fugleskap*, måleri, Harun Farocki, *Deep Play*, videoinstallasjon, Børre Sæthre, *Pegasus*, installasjon, Isa Genzken *Empire, Vampire V (C)*, skulptur, Tone Vigeland, *Veggarbeid I*, skulptur og sølvskrin frå David Andersen (1892–93). Til arkitektursamlinga mottok vi blant anna teikningsarkiva etter arkitekt Maja Melandsø og arkitektkontoret Arkitim.

#### 9.10 VERV

Randi Gaustad: Styremedlem i Jødisk museum, styremedlem i Fram-komiteen.

Ulf Grønvold: Visepresident i International Confederation of Architectural Museums, ICAM, styremedlem i Groschselskapet.

Widar Halén: President ICOM-ICDAD, Æresmedlem Decorative Arts Society, London, Jury medlem Torsten og Wanja Söderbergs Designpris, styremedlem Nordisk Forum for Formgivningsstudier.

Frode Haverkamp: Styrerepresentant i Arild Wahlstrøms fond.

Thierry Ford var observatør. Det vart i 2007 skaffa i alt 713 verk til Nasjonalmuseet, dels som innkjøp, dels som gåver. Museet takkar alle givarar for viktige bidrag.

Samla innkjøp av kunst i 2007 utgjer 8,6 mill. kroner mot 11,4 mill. kroner i 2006. Avgift til Bildende Kunstneres Hjelpesfond utgjer 0,13 mill. kroner. Styret vurderer

Sidsel Helliesen: Styremedlem i Aukruststiftelsen, medlem i Stortingets utsmykningskomité, leder av Faglig Råd, Norges Museumsforbund.

Anne Kjellberg: Ordförande i Utdelningsnämnden i Agnes Geijers fond för nordisk textiltforskning.

Eva Klerck Gange: Medlem i Stortingets utsmykningskomité, varamedlem i styret for Office for Contemporary Art.

Marit Lange: Leder for norsk avdeling av Comité International Histoire de l'Art.

Nils Messel: Styreleder Emanuel Vigeland Museum, styreleder Ellen og Chriss Dahls legat, styremedlem Norsk Forening for Grafisk Kunst, styremedlem Nasjonalgalleriets Venner, styremedlem Nordnorsk Kunstmuseum. Birgitte Sauge: Varamedlem i styret for Landslaget for lokal- og privatarkiv.

Bente Aass Solbakken: Sekretær i DOCOMOMO, Norge

Møyfrid Tveit: Styremedlem i Norsk Forening for Grafisk Kunst

Øystein Ustvedt: Styremedlem i Office for Contemporary Art, komitémedlem i Forsbergs og Aulies legat

Andrea Kroksnes: Styremedlem i ForArt.



Skrinet i forgyllt sølv og emalje vart teikna av sjefsdesignar Johan Lund hos David Andersen i 1892–93. Midtfeltet på skrinet gjengir ein versjon av Tidemand og Gudes *Brudeferd i Hardanger*. Dette berømte motivet er så langt vi veit utført i sju forskjellige versjonar, men utgåva på skrinet fråvik noko frå desse versjonane. Det kan derfor vere tale om ein åttande og hittil ukjent *Brudeferd i Hardanger*, som har vore førelegg for Johan Lunds emaljemåleri. Johan Lund kan ha møtt Hans Gude i Berlin og sett biletet under opphaldet i 1889–90, der minst to liknande versjonar av *Brudeferden i Hardanger* har funnest.

Foto: Blomqvist / Kari-Marte Frøyset

# 10 AVDELING FORMIDLING

Avdeling formidling består av Seksjon formidling og Seksjon publisering. Kuratorane i Seksjon formidling deltok i faggruppene for kunst, arkitektur og design saman med kuratorane i Avdeling samling og utstilling. Avdelinga hadde pr. 31.12.07 20,5 årsverk og ei rekke frilansarar knytt til formidlingsoppdrag i Oslo og i det landsdekjande programmet. Frå august var prosjektleiar for Mangfoldsåret, Marith Hope, også knytt til avdelinga. Avdelingsleiar var Anne Qvale. Ingen av seksjonane hadde egne leiarar.

Det overordna målet i avdelinga er å vere ei drivkraft i den kunstfaglege og pedagogiske kommunikasjonen museet har med omverda, og dermed medverke til å styrkje museet si rolle som kunst- og kulturinstitusjon. Formidlingsavdelinga skal sørgje for at museet og utstillingane er ein attraktiv møteplass for individ og grupper frå barnehage til universitet. Formidlinga skjer gjennom skriftleg, munnleg og verkstadsrelatert undervisning i og utanfor utstillingane – både ved utstillingsstadene i Oslo og gjennom eit omfattande, landsdekjande formidlingsprogram.

Typiske formidlingsformer som vert utførte og utvikla i avdelinga, er omvisingar, foredrag, praktisk atelierarbeid, tekstar i utstillingane, utforming av ulike typar katalogar, guidar og formidlingsark, særskilte utstillingsproduksjonar og nettutstillinger. For første gong

vart det i 2007 produsert audioguide til ein av dei temporære utstillingane, "Naturens speil", og det vart sett i gang produksjon av audioguide til basisutstillinga "Kunst 3. Verk fra samlinga 1814–1950".

Fleire av dei tilsette innehar styreverv i nasjonale og internasjonale organisasjonar og institusjonar, har holdt eksterne foredrag og publisert artiklar i eksterne publikasjonar. Til saman utgjer dette sju styreverv, 20 foredrag og éin artikkel.

Avdelinga har òg ansvar for Den kulturelle skolesekken og nettverka i det landsdekkande programmet.

## 10.1 MANGFOLDSÅRET 2008

Prosjektleiar for Mangfoldsåret 2008, Marith Hope, utarbeidde i 2007 eit allsidig og omfangsrikt program. Mangfoldsåret 2008 vart innleidd i oktober 2007 med eit stort internt seminar med tittelen "Whose stories are being told?", med norske og internasjonale foredragshaldarar. Seminaret var eit samarbeid med Kunstakademiet i Oslo. Prosjektgruppa var sett saman av Marte Johnsen, Milumbe Haimbe, Michael O'Donnell og Marith Hope.

*Victor's Choice* – formidlingsprosjekt: Markante personar med innvandrarbakgrunn formidlar sitt inntrykk av sjølvvalte verk frå samlinga. Prosjektansvarleg er Nina Denney Ness. Det vart gjen-

nomført eitt opplegg i 2007, og det er planlagt ti opplegg i 2008.

*Afrika i Oslo* – utvekslings- og utstillingsprosjekt. Partnerar i Oslo er Kunstnernes Hus, Stenersenmuseet, UKS, IKM, KORO, Nobels Fredssenter, Du store verden og Nasjonalmuseet. Kunstnarisk leiar er Gavin Jantjes, kurator Stina Högvist og prosjektleiar er Marith Hope. I 2007 er desse førebuingane gjort: Identifisere land, kuratorar, intensjonsavtalar, søknadar til UD, Norsk kulturråd, Fritt Ord, møte med afrikanske ambassadørar, utforming av prosjektmøter, foredrag og presentasjonar i ulike fora.

Førebuing til konferansen "Are There Foreigners in Art?", eit samarbeid med Du store verden. Prosjektgruppe var Eli Borchgrevink og Marith Hope. Ni internasjonale innleiarar vart kontakta og det vart utarbeidd tema for foredraga. Hope har vore medlem av KKDs referansegruppe for Mangfoldsåret, og har møtt i fleire møte gjennom året.

Deltaking, reiser og bidrag på konferansar og seminar: Nettverket Mangfoldsmuseene. Glomdalsmuseet 9. februar, Du store verden-seminar "Strategier for publikumsarbeid" 2.–13. februar, møteleing Kulturelt Mangfold i Norden. KKD konferanse 14.–15. februar, Horizont-seminar 22. mars, 25.–29. april. SEAS-konferanse i Odessa, årsmøte i Du store verden, møteleiar 13. juni i KKD – Mangfoldsårets introduksjonsseminar 26.–27. oktober. "Du store verden-seminar", arrangørsamarbeid over grenser – langt ut over Mangfoldsåret 2008" – konferansier, 31. oktober "Art/Anthropology – seminar, Etnografisk museum – presentasjon, 31. oktober Oslo Kommunes



presentasjon av Mangfoldsåret i Oslo rådhus – presentasjon av "Afrika i Oslo", 15.–16. november Norsk Kulturråds årskonferanse i Stavanger, 13. desember. NMKs formidlingsseminar – innlegg om Mangfoldsåret. Prosjektleiar har reist til Veneziabiennalen, Documenta, Iniva og Visiting Arts London, og vore guide for KKDs Mangfoldssekretariat.

## 10.2 SEKSJON FORMIDLING

Seksjon formidling har ansvar for formidling av alle utstillingane ved museet; basisutstillingar, temporære utstillingar og vandreutstillingar til nettverka. I tillegg har seksjonen gjennomført ei rekke formidlingstiltak i samband med dei andre ansvarsområda. Seksjonen hadde i 2007 14,5 årsverk, i tillegg til ei rekje frilansarar som hovudsakleg er knytte til formidlingsverksemda i basisutstillingane: "Kunst 3", "Kunst 4", "Stil 1100–1905" og "Design og kunsthåndverk 1905–2005".

I 2007 vidareførte seksjonen arbeidet med å utvikle dei ulike formidlingsformene som seksjonen no nyttar, og det vart nedlagt eit stort arbeid i å legje om formidlingsoppgåvene i samband med vandreutstillingane i nettverk galleri. Det vart utarbeidd nye av-talar og system for rekruttering og opplæring som eit ledd i arbeidet med å overføre kompetanse til nettverket.

### 10.2.1 Atelierverksemda

Det var ateliertilbod i alle museumsbygningane i Oslo i 2007. Eit sentralt element for atelierverksemda var å integrere den munnlege formidlinga med eit godt tilrettelagt og pedagogisk relevant verkstadsarbeid i etterkant. Det vart utarbeidd og gjennomført ateliertilbod for ulike målgrupper til alle utstillingane. Det vart mellom anna arbeid med skulpturar i leire knytt opp mot "Kunst 1", moderne skulpturar av gjenbruksmateriale til utstillinga "Dump", kombinasjon av tusjteik-

ning og akvarell til utstillinga "Theodor Kittelsen", oppgaver om figur i rom til "Kunst 3", måleri og landskap til utstillinga "Natur-rens spel", kongekroner i papp inspirert av kinesisk gullkrone frå Liao-dynastiet til utstillinga "Skatter fra Shanghai", og introduksjon til forskjellige strikketeknikkar i utstillinga "Strikkknikk".

I samarbeid med studiesalen for teikning og grafikk vart det gjennomført eit eige pedagogisk opplegg med nærstudiar av originale teikningar og ulike teikneteknikkar i atelieret. Her vart besøkjande kjent med reiskapar som kalligrafipensel, penn med pennesplitt, blyantar med ulike hardleiksgradar, kvitt og grått kritt og kol.

### 10.2.2 Basisutstillingane: Omvisingar

"Kunst 1" (1800–2005) og "Kunst 3. Verk fra samlingen 1814–1950": 606 omvisingar, "Kunst 2 (1950–2005)" og "Kunst 4. Verk fra samlingen 1950–2007": 167 omvisingar, "Stil 1100–1905": 43 omvisingar og "Design og kunsthåndverk 1905–2005": 123 omvisingar.

### 10.2.3 Særskilte formidlingstiltak

Babyomvisingar: Nybakte foreldre vart inviterte til ein omvisningsserie med babyen i beresele på magen. I 2007 vart det gjennomført åtte omvisingar i utstillinga "Design og kunsthåndverk 1905–2005" og éi omvising i utstillinga "Skatter fra Shanghai".

### 10.2.4 Arkitekturvandringar for eit allment publikum

Seks søndagar vart det gjennomført arkitekturvandringar med ca. 200 deltakarar:

"Havna allé" ved arkitekturhistorikar Eirik T. Bøe, "Elvebakken videregående skole" ved arkitekt Geir Ross Børøen, "Kvartalsvan-



Babyomvisingar for nybakte foreldre var populært. I 2007 vart det gjennomført åtte omvisingar i utstillinga "Design og kunsthåndverk 1905–2005" og éi omvising i utstillinga "Skatter fra Shanghai".

Foto: Cathrine Lorange, Nasjonalmuseet



Det vart gitt 62 byvandringar retta mot skoleklassar. "Fra Slottet til Egertorget" og "Kvadraturen" er faste tilbod. Frå heimesida til Nasjonalmuseet kan lærarar og elevar laste ned oppgåver med forslag til for- og etterarbeid i samband med vandringane.

Foto: Eli Solsrud, Nasjonalmuseet

ding i Gimleområdet med blick på villaer og boligkomplekser" ved informasjonsansvarleg hos Byantikvaren Nils Anker, "Forsvarets ledelsesbygg, Akershus" ved sivilarkitekt MNAL Einar Jarmund, "Bjørvika mellom plan og virkelighet" ved prosjektleiar Eivind Hartmann og "Kunstnerkolonien på Ekely og Edvard Munchs vinteratelier" ved sivilarkitekt MNAL Bjørn Egner.

### 10.2.5 Arkitekturvandringar retta mot skolen

"Fra Slottet til Egertorget" og "Kvadraturen" er faste tilbod. I samband med vandringane kan lærarar og elevar laste ned oppgåver frå Nasjonalmuseet si heimeside med forslag til for- og etterarbeid. Det vart gjennomført 62 byvandringar.

### 10.2.6 Peparkakehuskonkurranse 2007 og utstilling

Temaet for konkurransen var "Kiosk". Det vart innlevert 27

peparkakekioskar fordelt på fire klassar. Forutan skoleklassar deltok privatpersonar i alle aldrar, deriblant ein bakar og arkitektstuderantar. Innbyding til konkurransen og fyldig materiale om prosjektet var lagt ut på Nasjonalmuseets heimeside.

Skoleklassar kunne bestille arkitekturkurs i samband med konkurransen. Kurset inneheldt arkitekturverkstad og vandring langs Karl Johans gate. På vandringa studerte elevane fire arkitektteikna kioskar som var skapte i ulike periodar i løpet av dei siste hundre åra. I arkitekturverkstaden arbeidde elevane med form, målestokk og bygde modellar av kioskar i papir og plast. 300 elevar nytta seg av skoletilbodet.

Opning og premieutdeling 13. desember. Korsong ved Majorstuen barne- og ungdomskor. Ti barn møtte opp til knusing av peparkakehus søndag 6. januar (2008).

### 10.2.7 Griffen

Nasjonalmuseets kunstklubb for barn hadde ved utgangen av 2007 om lag 160 medlemmer. Klubben hadde åtte medlemsmøte i løpet av året. Medlemsmøta var knytte til museets ulike verkefelt, og har alternert mellom dei ulike visingsstadene til museet. Det pedagogiske tilbodet har vore eit integrert tilbod med omvisingar og tilrettelagde verkstadaktivitetar. Ved kvart møte deltok ca. 15 barn med følgje i desse utstillingane: "Arkitekt Eero Saarinen" i Kunsthallen, "Naturens speil" i Nasjonalgalleriet, "Skatter fra Shanghai" i Kunstindustrimuseet, "Runa Islam" i Museet for samtidskunst, "Lyd og bilde" i Nasjonalgalleriet, "Strikkikk" i Kunstindustrimuseet og "Kittelsens verden" i Nasjonalgalleriet. Julemøtet vart halde i Nasjonalgalleriet.



### 10.2.8 Grieg-festivalen

Siste veke i juli vart den tradisjonelle Grieg-festivalen i Nasjonalmuseet gjennomført for 7. år på rad med i alt 15 konsertar og tre spesialomvisingar knytte til Grieg og hans musikk. På grunn av den kunstnariske kvaliteten og koplinga til formidling av biletkunst, har festivalen no komme inn på statsbudsjettet med årleg festivalstøtte. Seniorкуратор formidling Frithjof Bringager er medansvarleg for planlegging og gjennomføring av festivalen.

### 10.2.9 Samarbeidsprosjekt

Formidlingsavdelinga har ansvar for å realisere samarbeidsavtalen med Høgskolen i Oslo, avdeling for estetiske fag, i samband med faglærarutdanninga i formgiving, kunst og handverk. Gjennom dette samarbeidet får studentane på første og andre årstrinnet praktisk erfaring med å formidle kunst og design til skoleklassar som besøker museet. Museet får på denne måten verdfull og inspirerende kontakt med studentar og fagmiljø ved høgskolen. Også i 2007 var nesten 60 studentar involverte i dette opplegget knytt til ein 6.-klasse ved Ruseløkka skole, som gjennom hausten besøkte museet sine utstillingar og verkstader åtte gonger for å delta på ulike opplegg som studentane planla og gjennomførte. Fleire av kuratorane ved museet medverka i dette opplegget med omvisingar og rettleiing av studentane.

### 10.2.10 Kuratorstudiet

I 2006 inngjekk Nasjonalmuseet eit samarbeid med Høgskolen i Telemark og Norske Kunstforeningar om ei toårig deltidsutdanning: "Studium i kuratorarbeid – utstilling og formidling". Samarbeidspartnere ser dette studiet som eit viktig middel til å heve kompetansen i kuratorarbeidet ved dei

mange kunstinstitusjonane i landet. I 2007 medverka Nasjonalmuseet med eit årleg økonomisk tilskot, lokale og faglege ressursar på tre samlingar (onsdag – søndag) knytt til hovudemna "Kunstverk – kontekst og tolkning" og "Kuratorarbeid og formidling". Fleire av kuratorane ved avdelinga var engasjerte som førelesarar, omvisarar og verkstadsansvarlege for dei 20 kuratorstudentane. I samarbeid med Norske Kunstforeningar vart det òg gjennomført eit ope fagseminar 12. mai, i samband med utdanninga. I juni vart det arrangert ei veker ekskursjon til København, mellom anna i samarbeid med formidlingsavdelinga ved Statens Museum for Kunst. Koordinator og medlem av

lærargruppa frå museet si side er seniorкуратор formidling Frithjof Bringager.

### 10.3 SEKSJON PUBLISERING

Seksjon publisering hadde i 2007 av fem årsverk. Seksjonen er todelt. Arbeidet vert leia av ein redaktør med ansvar for publiseringar på papir, Marianne Yvenes, og ein med ansvar for nettpublisering, Tom Klev.

#### 10.3.1 Nettstad

Nasjonalmuseet sin nettstad på [www.nasjonalmuseet.no](http://www.nasjonalmuseet.no) er den primære eksterne informasjonskanalen for museet. Her får publikum oversikt over alle utstillingar og arrangement, og informasjon



Frå julemøtet i Griffen i Nasjonalgalleriet. Griffen er Nasjonalmuseet sin kunstklubb for barn, og hadde åtte møte i fjor. Kunstklubben har 160 medlemmer.

Foto: Ellen Lerberg, Nasjonalmuseet





Gruppearbeid mellom kuratorstudentar ved ei av samlingane i Nasjonalmuseet. I 2006 inngjekk Nasjonalmuseet eit samarbeid med Høgskolen i Telemark og Norske Kunstforeningar om ei toårig deltidsutdanning: "Studium i kuratorarbeid – utstilling og formidling". I 2007 medverka Nasjonalmuseet med eit årleg økonomisk tilskot, lokale og faglege ressursar på tre samlingar knytt til hovudemna "Kunstverk – kontekst og tolkning" og "Kuratorarbeid og formidling". Koordinator og medlem av lærargruppa frå museet var seniorkurator formidling Frithjof Bringager.

Foto: Frithjof Bringager, Nasjonalmuseet

med eit utval av verka i utstillinga organisert etter den overordna tematiske inndelinga.

"Theodor Kittelsen": <http://mikro.nasjonalmuseet.no/kittelsen/>. Nettutstilling med presentasjon av alle bileta i utstillinga, skildring og tekstar.

"Fussball : Football": <http://mikro.nasjonalmuseet.no/football/football.html>. Ei side med videoklipp frå utstillinga, brukt som ein del av promoteringsmaterialet. Av rettsomsyn vart sida tatt ned etter at utstillinga var over.

### 10.3.4 Anna

Nasjonalmuseet er med i KSYS, eit nettbasert fagsystem for informasjonshandtering og turnélegging innanfor Den kulturelle skolesekken. All informasjon om utstillingane, som faktaark, pressemeldingar, lærarrettleiingar og biletmateriale, vert lagt inn her og slusa vidare til turnélegjarane på fylkesnivå.

### 10.3.5 Registreringssider for seminar og liknande

Vi har tatt i bruk nettbasert registrering og påmelding til ei rekke av arrangementa ved museet, mellom anna Kunsttorget 2007, foredragsrekka om drakthistorie, Voimauttava-seminaret og vintrens formidlingsseminar.

### 10.3.6 Publisering 2007

Nasjonalmuseet produserer ei rekke større og mindre trykte publikasjonar kvart år, som utstillingskatalogar, forskingspublikasjonar, formidlingspublikasjonar, årbøker, periodika og lærarrettleiingar. Dei fleste av desse er eigenproduserte, dvs. at museet står for både design og det redaksjonelle arbeidet. I somme tilfelle er det fleire involverte aktørar, i hovudsak når museet samarbeider med andre institusjonar om utstillingsprosjekt. Vi har òg samarbeid med

om kjerneverksemda ved museet. Det har ikkje vore gjort store endringar her i løpet av 2007. Det lenge planlagte arbeidet med nye nettsider startar i 2008.

### 10.3.2 Nettutstillingar

Utanom sjølve hovudnettstaden ønskjer Nasjonalmuseet òg å ta i bruk nettmediet for å skape ei forlenging av museumsopplevinga før og etter sjølve utstillingsbesøket gjennom nettutstillingar, kampanjar og nettbaserte formidlingsopplegg. I 2007 vart desse

nettprosjekta lanserte:

"Skatter fra Shanghai": <http://mikro.nasjonalmuseet.no/shanghai/>, norsk og engelsk nettstad med utstillingsinformasjon, presentasjon av høgdepunkt frå utstillinga, arrangementsliste og eit omfattande skoleformidlingsprogram. "Kunst 3": <http://mikro.nasjonalmuseet.no/kunst/>. Nettutstilling med grunnopplysningar om alle verka i utstillinga organisert etter rom og kunstnar.

"Kunst 4": <http://mikro.nasjonalmuseet.no/kunst4/>. Nettutstilling

andre, eksterne utgivarar. Produksjonen i 2007 var i hovudsak knytt til utstillingar. 2007-produksjonen omfatta, i tillegg til formidlingsbrosjyrar, lærarretteleingar, flygeblad m.m., desse publikasjonane på papir:

*Eero Saarinen*, utstillingshefte. Samarbeidsprosjekt, turnéutstilling. *Naturens speil – Nordisk landskapsmaleri 1840–1910*. Katalogen var tilgjengeleg på norsk og engelsk. Redaktør for den norske utgåva Frode Haverkamp. *Skatter fra Shanghai. Kinesisk kunst i 5000 år*, utstillingskatalog på norsk og engelsk. Samarbeid med Shanghai Museum.

*Dump. Postmoderne skulptur i oppløst felt*, utstillingskatalog, norsk og engelsk tekst. Tekst: Andrea Kroksnes og Randi Godø. Redaktør Marianne Yvenes.

*Kunst 3. Verk fra samlingen 1814–1950* utstillingshefte, norsk og engelsk utgåve.

*Kunst 4. Verk fra samlingen 1950–2007*, utstillingshefte, norsk tekst.

*Olle Bærtling. En moderne klassiker*, utstillingskatalog, tekst på norsk og engelsk. Samarbeid med Moderna Museet, Stockholm. Tekst Øystein Ustvedt, John Peter Nilsson, Nina Denney Ness, David Raskin. Redaktør: Marianne Yvenes. Utgitt i samarbeid med Steidl forlag.

*Atelierets utstilling 2007*, utstillingshefte, norsk tekst.

*Fussball : Football. Harun Farocki*, utstillingsavis – norsk og engelsk tekst.

*Arkitektur i Norge. Årbok 2007*. Utgitt i samarbeid med Pax forlag. Redaktør Ulf Grønvold. Redaksjonssekretær Beate Marie Bang. *Kunst og Kultur 1–4 2007*. Vitskapeleg kunstdidsskrift. Utgitt i samarbeid med Universitetsforlaget. Redaktør Ellen Lerberg, redaksjonssekretær Beate Marie Bang.



Det var ateliertilbod i alle museumsbygningane i Oslo i 2007. Eit sentralt element for atelierværksemda var å integrere den munnlege formidlinga med eit godt tilrettelagt og pedagogisk relevant verkstadsarbeid i etterkant. Det vart utarbeidd og gjennomført ateliertilbod for ulike målgrupper til alle utstillingane. Her er barn i gang med akvarellmåling.

Foto: Ellen Lerberg, Nasjonalmuseet

#### 10.4 DELTAKING I ULIKE FORA

Kuratorane ved avdelinga er med i ulike faglege nettverk i inn- og utland. Kurator formidling Hilde Mortvedt er styremedlem i ICEE, UNESCOs International Committee for Exhibition and Exchange, deltok på ICOM-konferansen i Wien med innlegg om vandretstillinga "Finn din Grosch", er redaksjonsmedlem i Arki-tektur N, deltok på Kristiansund Kirke- og kulturfestival og Utdanningsforbundets årskonferanse med vandretstillinga "Våre hellige rom". Kurator formidling Elisabeth Sørheim deltok på Kristiansund Kirke Kunst Kulturfestival og Utdanningsforbundets årskonferanse med vandretstillinga "Våre hellige rom". Senior-kurator Ellen Lerberg er representant for dei tilsette i Nasjonalmuseets styre, redaktør for *Kunst og Kultur*, medlem av styret i Norsk ICOM, medlem av styret i Norges Museumsforbund og sensor ved Universitetet i Oslo. Lerberg har vidare publisert artik-

kelen "Johan Christian Dahl" i ART 7/2007 Beijing 2007 og hatt forelesing om Edvard Munch ved Eton College, England. Redaktør Marianne Yvenes er styremedlem i Seksjon for kunst- og kunstindustrimuseer i Norges Museumsforbund og sensor ved Universitetet i Oslo. Kurator formidling Eli Solsrud er varamedlem for styret i Kunst i Skolen. Kurator formidling Eva Gran er styremedlem i "Oslo Open". Avdelingsleiar Anne Qvale er styremedlem i Seksjon for kunst- og kunstindustrimuseer i Norges Museumsforbund og medlem i styringsgruppa for kuratorstudiet.

# 11 AVDELING MUSEUMSTJENESTER

Hovudoppgåva til avdelinga er å medverke til bevaring og dokumentasjon av, og tilgjenge til, samlingane. Avdelinga skal vere ein nasjonal kunnskapsbank for dei visuelle kunststartane, og utgjere ein sentral del av servicefunksjonen til Nasjonalmuseet. Arbeidet ved Avdeling museumstjenester skal halde høg internasjonal standard.

Avdeling museumstjenester består av seksjonane bibliotek, konservering, foto og logistikk. Seksjon bibliotek vart leia av Turid Aakhus, Seksjon foto av Morten Thorkildsen, Seksjon konservering av Françoise Hanssen-Bauer og Seksjon logistikk av Eivind Johansen. Avdelingsleiar var Françoise Hanssen-Bauer. Ved slutten av

året hadde avdeling for museums-tjenester totalt 33 faste stillingar. Avdelinga har allsidig fagleg kompetanse, og har vore involvert i internasjonale prosjekt og deltatt i kongressar, seminar og kurs.

## 11.1 SAMLINGSARBEIDET

Avdelinga har i løpet av 2007 arbeidd for å avvikle restansar innanfor fotografering/nyfotografering, digitalisering av museet sine samlingar og arkiv, og restansar innanfor konservering, restaurering og montering av gjenstandar. Dette arbeidet vil måtte intensiverast ytterlegare i samband med eit større samlingsarbeidsprosjekt som vil komme i gang i løpet av 2008. Samlingsarbeidet vil om-

fatte kvalitetssikring av registrerte data om gjenstandar, dokumentasjon av tilstand, fotografering, digitalisering og nedskriving av formidlingstekstar. Samlingsarbeidet vil krevje ein innsats frå alle fagavdelingane ved museet, og især av kvar og ein av seksjonane i Avdeling museumstjenester.

Aktivitetane ved museet har i 2007 kravd ein særskilt innsats av Avdeling museumstjenester i samband med utstillingar og utlåns- og turnéverksemd. Fleire av medarbeidarane ved avdelinga har og vore involverte i leiging av utstillingsprosjekt, som for eksempel basisutstillingane på Nasjonalgalleriet og Museet for samtidskunst.

Desse områda har i løpet av 2007 vore via særskild merksemd og kravd ekstraordinær bruk av ressursar: Flytting av måleri frå 3. etasje i Nasjonalgalleriet; flytting av samlinga av arkitekturteikningar frå Rådhusgata; avlasting av magasin i Nasjonalgalleriet, Kunstindustrimuseet og Museet for samtidskunst, og flytting av delar av gipssamlinga frå Lodalen. Vidare har avdelinga medverka til planlegging og gjennomføring av fleire forbetringstiltak innanfor dei eksisterande magasinane. Avdelinga har òg arbeidd med planlegginga av eit nytt museumsbygg på Tullinløkka. Det nye byggekonseptet inneber ei integrering av magasin og verkstader/atelier på Tullinløkka-området. Fleire av seksjonane har vore involverte i utreiingar for Riksrevisjonen og KKD.

## 11.2 SEKSJON LOGISTIKK

Logistikkseksjonen hadde per desember 2007 åtte medarbeidarar i fast stilling. Seksjonen har hatt ein medarbeidar på engasjement frå NAV, for



Syreholdig kartong er svært skadeleg for kunstverk på papir fordi det fører til misfarging og nedbryting av papiret. Her vert kartongen fjerna ved hjelp av fukt – ei svært vanleg behandling i papirkonservering.

Foto: Konservering, Nasjonalmuseet



sakshandsaming med utlån og deposita. I tillegg hadde seksjonen i første halvår to interne og to eksterne engasjement som magasinteknikarar og eit eksternt engasjement knytt til booking av transport, oppfølging og overvaking av skole- og galleriturnear.

Dei primære oppgåvene til seksjonen er knytte til magasinforvaltning, utlån, interne omflyttingar, planlegging, kvalitetssikring og effektivisering av transport, fortolling og forsikring i samband med innlån, innkjøp, og turnéverksemda til museet. Dette inneber samordning, styring og kontroll av både interne og eksterne prosessar. Seksjonen har i 2007 arbeidd kontinuerleg med standardisering av prosessar og prosedyrar.

Ved kompetanse, anbodsløysingar og kontinuerleg oppfølging av transport- og leverandøravtalar, har seksjonen sørgt for monalege innsparingar innanfor transport og forsikring for utstillingsprogrammet i museet. Seksjonen har særleg kompetanse innanfor moms- og tollproblematikk og har for 2007 medverka vesentleg med løysing av refusjonssaker i inn- og utland.

I 2007 har seksjonen ivaretatt over 3000 omflyttingar knytte til forskjellige prosjekt. I tillegg kjem pakking, transport, og mellomlagring av samlingar, innkjøp, tilbakelevering til eigarar etter avslutta vandreutstillingar, i tillegg til ulike interne logistikk- og omflyttingsoppdrag.

#### **11.2.1 Utlånsverksemd**

Seksjonen er ansvarleg for gjennomføring og oppfølging av deposita og utlånsverksemd i museet. Dette inneber ansvar for Utlånskomiteens sekretariat med tilrettelegging og sakshandsaming

av alle lånesøknadar. Utlånskomiteen var sett saman av Eva Klerck Gange (leiar), Anne Kjellberg, Bodil Sørensen, Kari Skytt Andersen, Vibeke Waallan Hansen og Ellen Lerberg. Torill Bjordal var sekretær for utlånskomiteen. Det vart i 2007 lånt ut 295 kunstverk, av desse var 212 til låntakarar i Noreg og 83 verk til låntakarar i utlandet.

#### **11.2.2 Magasina i museet**

Logistikkseksjonen har saman med seksjon konservering ansvar for magasina, og har i 2007 gjennomført tiltak for å avlaste magasin og betre tilsyn, tilkomst og vilkår for handtering av gjenstandar. Tiltaka er gjennomførte innanfor dei gitte økonomiske og fysiske rammene, og med tilgjengeleg kompetanse og bemanning. Det mest omfattande tiltaket har vore å flytte delar av samlingane for å betre bevarings- og tryggleiksforholda.

#### **11.2.3 Anna**

Logistikk- og prosjektkoordinatorene i seksjonen tek seg òg av prosjektleirolla for nokre av utstillingsprosjekta til museet. Seksjonen har i tillegg til transport- og logistikkloysingar for museet sitt landsdekjande program også i 2007 tatt hand om Nasjonal-museets internasjonale vandreutstillingar. Til saman inneber dette 31 vandreutstillingar i inn- og utland.

For 2008 vil dei viktigaste oppgåvene til seksjonen vere knytt til leing og gjennomføring av fleire store flytteprosjekt, i tillegg til kontinuerleg arbeid for effektivisering, tilrettelegging og ytterlegare profesjonalisering av seksjonen sine funksjonar og ansvarsområde. Dette inneber utvikling og implementering av integrert IT-verktøy for planlegging og prosessstyring.

### **11.3 SEKSJON FOTO**

I 2007 har seksjonen hatt seks faste stillingar: seksjonsleiar, to fotografar, fotoarkivar, digital bilethandsamar og fotomedarbeidar.

Seksjon foto har hovudansvar for fotografering og digitalisering av verk i samlingane og arkiva, og ansvar for fotodokumentasjon av utstillingar og enkelte arrangement i museet. Det vert utført kontinuerleg fotografering av alle nyskaffingar.

Alle utstillingane i museet sine eigne lokale, enkelte landsdekjande utstillingar og ei rekke arrangement vart fotodokumentert, totalt ca. 30 stykke. Ei anna viktig oppgåve for seksjon foto er deltaking i dei ulike prosjekta ved museet, og å stå til teneste med fotografering og skanning til utstillingsprosjekta, bøker, postkort, interne publikasjonar, pressefoto, foredrag og powerpoint-presentasjonar. Seksjonen har òg ansvaret for biletbodyrået, med sal av bilete av verk frå museet sine samlingar og arkiv av kunst, kunsthåndverk og design, og museet sine fotosamlingar over norsk arkitektur til eksterne kundar. Seksjonen har òg vore delaktig i det nasjonale fotobevaringsarbeidet og fotonettverkssamarbeidet i regi av ABM-U.

#### **11.3.1 Biletbodyrå**

I 2007 hadde vi i overkant av 500 eksterne førespurnader, som resulterte i at 293 avtalar vart inngått om sal av fotografi med til saman 679 bilete. I tillegg vart ca. 300 interne fotobestillingar handsama, med ca. 3.500 bilete. Seksjonen har òg ansvaret for vedlikehald og sal frå Arkitekturmuseet sin tidlegare biletdatabase, Arkifoto.

#### **11.3.2 Fotodokumentasjon**

Fotodokumentasjon av samlingane og digitalisering av arkiva er seksjonen sitt viktigaste arbeid i

samband med bevaring, samlingsforvaltning og digital tilgjengelegjering av samlingane, og har vore svært høgt prioritert. Museet har eit stort etterslep med å fotografere og skanne samlingane for å gjere dei tilgjengeleg digitalt, og som ledd i satsinga på dette har seksjonen gått 100 % over til digital fotografering. Seksjonen er godt i gang med digitaliseringa av Robert Meyer Collection som vil verte ferdigstilt i 2009.

### 11.3.3 Digitalisering

Arbeidet med å digitalisere samlingane og bygge opp ein biletdatabase / digitalt fotoarkiv er godt i gang, men framleis er ikkje utstyr, rutinar og arbeidsflyt heilt på plass. For å effektivt kunne ta unna ein større del av restansane i samsvar med museet sine mål, er det derfor behov for auka ressursar til digitalisering, investering i digitalt fotoutstyr og opprusting av fotoateliera.

### 11.3.4 Verv

Vidar Ibenfeldt er styremedlem i Institusjonsfotografenes Forening.

Morten Thorkildsen er dei tilsette sin representant i Valorganet for Nasjonalmuseet, leiar av landsforeininga NTL Kulturinstitusjoner og hovudtillitsvald for NTL Nasjonalmuseet.

### 11.4 SEKSJON BIBLIOTEK

Biblioteket har hatt 5,6 faste stillingar. Biblioteket i Nasjonalmuseet er det leiande i landet innan sitt fagområde, og omfattar biblioteksamlingane i tidlegare Nasjonalgalleriet, Museet for samtidskunst, Kunstindustrimuseet, Arkitektur-museet og Riksutstillinger.

I tillegg til å betene museumspersonalet, vert biblioteket nytta av kunsthistorikarar, studentar, skoleelevar og forskarar frå inn- og utland. Samlinga inneheld 152.701 trykte publikasjonar: bøker, årbøker, utstillingskatalogar og auksjonskatalogar. Biblioteket abonnerte i 2007 på 207 tidskrift, 18 auksjonskatalogar og 19 referansedatabasar. Lysbiletet samlinga omfatta ved utgangen av året 30.606 lysbilete.

### 11.4.1 Verksemd

Biblioteket si viktigaste oppgåve er å hjelpe tilsette og besøkande med litteratur i samband med utstillingsplanlegging, forskning, publisering, studiar og i deira daglege arbeid.

Biblioteket har hatt 3.942 besøkjande, ei auke på 32 % frå i fjor, og effektivt 3.343 utlån til museet sine tilsette. Forutan å hjelpe dei besøkjande på staden, har vi fått eit aukande tal spørsmål på e-post i løpet av det siste året. Det vart lånt ut 105 publikasjonar til andre bibliotek, og lånt inn 121 publikasjonar til bruk for tilsette i Nasjonalmuseet. Det vart lånt ut 13.613 lysbilete. Biblioteket har hatt byttesamband med 254 kunst-institusjonar over heile verda.

Til den internasjonale bibliografien BHA (Bibliography of History of Art) er det sendt 100 referansar på ny, norsk kunsthistorisk litteratur, til Norsk Samkatalog for bøker 3643 referansar og til KUNSTBIB (Norsk Kunsthistorisk Bibliografi) 460 postar.

Størsteparten av Nasjonalmuseet si samling av kunstverk på video/DVD er i 2007 gjort tilgjengeleg for publikum i videorommet på biblioteket. Dette har vore eit viktig tilskot til publikumstenesene våre.

### 11.4.2 Tilvekst i 2007

Bøker og utstillingskatalogar: 1.476, ein nedgang på 18 % frå 2006. Nye tidsskriftabonnement: 22. Lysbilete: 357.

Den delen av Robert Meyers Samling som omfattar bøker og tidsskrift, vart i 2007 innlemma i biblioteket. Samlinga omfattar ca. 3.500 bind og inneheld i hovudsak litteratur innanfor fotografi og fothistorie.



Biblioteket i Nasjonalmuseet er med sine 153.000 trykte publikasjonar og abonnement på over 200 tidsskrift, 18 auksjonskatalogar og 19 referansedatabasar det leiande forskingsbiblioteket i landet innanfor kunstfaga.

Foto: Morten Thorkildsen, Nasjonalmuseet

### 11.4.3 Verv

Anne Lise Rabben er medlem av styringsgruppa for BHA (Bibliography of History of Art). Birgit Jordan er medlem av styret i Kunsthistorisk forening og medlem av styret i ARLIS/Norden. Turid Aakhus er medlem av styret i Nasjonalmuseet for kunst.

### 11.5 SEKSJON KONSERVERING

I 2007 har seksjonen hatt 11 faste stillingar, der ei er relatert til konserveringsarbeidet i samband med museet sitt landsdekjande program, og ei anna til montering av kunst på papir. Konservator Mette Carlsen har vore vikar for konservator Anja Sandtrø frå september 2007, og konservator Kari Greve har hatt ansvar for oppfølging av to hospitantar, Annina Hokkanen, student ved EVTEK, konservatorskolen i Vantaa, Finland i tida 05.03.– 01.06. og Daniel Gillberg, student ved Göteborgs Universitet, i tida 21.11.– 21.12. Arbeidsplassen for staben er spreidd på fire forskjellige stader i dei respektive gamle institusjonane som no er samla under Nasjonalmuseet.

Seksjon konservering har hovudansvar for Nasjonalmuseet sitt arbeid med førebyggjande konservering, konservering og restaurering av dei samlingane museet forvaltar. Seksjonen har vidare hovudansvar for forsvarleg oppbevaring av samlingane, og for forvaltning av magasina i museet i samarbeid med Seksjon logistikk.

Konservatorstaben har kompetanse innanfor konservering og restaurering av måleri, kunst på papir, tekstilar, drakter, fotokunst, audiovisuelle medium og objekt.

Arbeidet ved seksjonen har i 2007 vore knytt til museet sine talrike utstillingsprosjekt, og konserve-



Måleriet *To figurer ved fugleskap*, måla av Leonard Rikhard, er kjøpt inn til Nasjonalmuseet si samling i 2007.

Foto: Morten Thorkildsen, Nasjonalmuseet

ringsarbeid i samband med museet sine utlån og innkjøp. Museet har eit omfattande etterslep når det gjeld konservering av arkitekturteikningar, fotografi, skulpturar og møblar, som ikkje har minska nemneverdig i løpet av 2007 grunna annan museumsaktivitet og mangel på kompetanse når det gjeld konservering av møblar og skulpturar.

Seksjonen har vore engasjert i forskings- og formidlingsverksemd (både internt og eksternt) og deltatt i tverrinstitusjonelle og internasjonale prosjekt, i tillegg til fagkongressar og vidareutviklingskurs. Seksjonen har i tillegg assistert andre museum og offentlege institusjonar i konserverings- og restaureringsspørsmål, publikum i daterings- og autentisitetsspørsmål, og kunstnarar når det gjeld materialbruk og teknikkar. Medarbeidarar i seksjonen har vore engasjerte i fleire av ar-

beidsutvala ved museet (utlåns-, innkjøps-, forskingsutvalet) og i prosjektgruppa for det nye museumsbygget på Tullinløkka. Fleire av medarbeidarane ved seksjonen har vore knytt til nasjonale og internasjonale nettverk, som NKF-N; ICOM-CC og CEN/TC 346.

#### 11.5.1 Bidrag til interne seminar/kurs

Konservator Trond Aslaksby har halde eit foredrag for konserveringsstudentar og kunsthistoriestudentar om "museumsarbeid og konserveringsvirksomheten i Nasjonalmuseet". Konservator Angela Musil-Jantjes har hatt orienteringsmøte med to utanlandske konservatorar, Giulia Chiostrini frå Italia og Volker Illigmann frå Tyskland, og halde eit innlegg for konservatorar frå Salhus konserveringssenter, Kulturhistorisk museum, og Folkemuseet om Baldishol-teppet og monteret. Konservator Tina Poulsson har halde eit





Papirkonservator Kari Greve i aksjon; vassmerke kan teiknast av ved å leggje papiret på eit lysbord – dersom det i tillegg er mørkt, vil ein kunne sjå merket endå tydelegare.

Foto: Konservering, Nasjonalmuseet

kurs om handtering av gjenstandar for kunstformidlarar som reiser med vandretustillingar.

### 11.5.2 Eksterne foredrag

Konservator Kari Greve har halde eit foredrag om "Papirets vandring fra øst til vest" på Sogn og Fjordane Kunstmuseum, Eikaastunet, og om "Fiber og vann – europeisk papirhistorie" på Guttorm Guttormsgaards galleri, Blaker.

### 11.5.3 Forelesingar

Konservator Anja Sandtrø har halde ei forelesing om "Digitale rekonstruksjoner og bruk av Adobe Photoshop i konservering" for studentar i konserveringsstudiet på UiO. Konservator Kari Greve har halde forelesingar om "Papirhistorie og papirkjemi" og "Etikk i papirkonservering" for studentar i konserveringsstudiet på UiO og "Washi – japansk papirmakerkunst" og "Fiber og vann – europeisk papirhistorie" for studentar i

KUN2512K på UiO og for studentar frå Kunsthøgskolen. Vidare har Kari Greve hatt ansvar for eit halvdagskurs for MA-studentar i kunsthistorie, UiO, om "Håndtering og magasinerings av kunst" i samarbeid med konservatorane Thierry Ford, Fridrik Oskar Bertelsen, Tina Grette Poulsson og Trond Aslaksby. Konservator Françoise Hanssen-Bauer har halde forelesingane "Konserveringshistorie i Norge og Norden" og "Objekter, konservatorer, eiere, kunstnere" for studentar i konserveringsstudiet på UiO.

### 11.5.4 Deltaking i kurs, seminar, kongressar

Konservator Trond Aslaksby har deltatt i International workshop "Characterisation of the organic materials in paint cross-section in Bologna 20.–21.09.", konservator Brit Kaupang i seminaret "Detergenter i tekstilkonservering" i København 9.10., konservatorane Kari Greve og Tina Grette Poulsson i seminaret om "Printed on paper" i Newcastle i september og NKF papirmøte i Malmö og København i oktober.

### 11.5.5 Publikasjonar

Konservator Kari Greve har publisert ein artikkel i Norske Konserver om "Om å sitte i klisteret", frå tape removal workshop i København.

### 11.5.6 Verv

Tina Grette Poulsson er redaktør i Norske Konserver. Françoise Hanssen-Bauer er medlem i ICOM-CC board, og har deltatt i tre møte: New Delhi, Roma og Paris. Françoise Hanssen-Bauer er òg redaktør for Art and Archaeology Technical Abstracts, AATA-online for the Getty Conservation Institute.

# 12

## AVDELING DRIFT OG SIKKERHET

Avdelinga vert leia av avdelingsleiar drift og sikkerhet Tormod Kaaløy. Han slutta i stillinga 19. januar. Aud Norlin var konstituert avdelingsleiar i perioden 20.01. til 30.06. Frå 01.07. overtok Toril Fjelde Høye, avdelingsleiar rekneskap og økonomi, avdelingsleiaransvaret ut året i påvente av tilsetjing av ny avdelingsleiar som tiltre 1. februar 2008.

Avdelinga har ansvar for å ivareta tryggleiken til museet sine samlingar, publikum og dei tilsette på ein mønsterverdig måte. Tryggleiksrådgivar ved museet er Einar Stangeland.

I 2007 har ein halde fram med oppgraderinga av ITV-anlegg. Jamleg forbetring av branntryggleik har vore gjennomført. Tryggleiksrådgivaren har medverka med råd til forbetringar av tryggleiken i museet.

### 12.1 SEKSJON UTSTILLINGSTEKNIKK

Seksjon utstillingsteknikk vert leia av Jon-Geir Placht og har ansvar for produksjon av utstillingar i Oslo og for det landsdekjande programmet. Dei har hovudbase med verkstad og lager i Mari-dalsveien 17 i Oslo.

Seksjonen har sju fast tilsette. I 2007 har avdelinga hatt omfattande bruk av ekstern ekstrasjelp for å handtere årets utstillingsprogram i Oslo og produsere og vedlikehalde museet sine mange vandretstillinger i Noreg og i utlandet.

### 12.2 PUBLIKUMSENHETEN

Publikumsenheten, som omfattar alle museumsvertane, er leidd av teamleiarane Ingvild Aaserud, Karin Bjørge Fagerstrand og Pål Tokerud.

Ordninga med fast tilsette museumsvertar vart evaluert i 2007 med omsyn til tryggleik og økonomi. Ein konkluderte med at ordninga skal avviklast i 2008, og verte erstatta med kjøp av eksterne vakttenester frå eit profesjonelt vaktelskap.

### 12.3 DRIFTSTEAMET

Driftsteamet vert leia av Thore Borgersrud og har ansvar for drift av dei bygningane som museet leiger.

Driftsteamet har av fire fast tilsette og tek seg av driftsoppgåver i alle våre leigde bygg. Dei har ein tett dialog med huseigar og har i 2007 samarbeidd med huseigar om tiltak for å auke branntryggleiken.



Nasjonalmuseet kjøpte inn Grete Prytz Kittelsen sin vakre bolle i sølv og emalje til samlinga.

Foto: Morten Thorkildsen, Nasjonalmuseet.

# 13 AVDELING ADMINISTRASJON

Administrasjonen skal vere ein aktiv, tilgjengeleg og serviceorientert støttefunksjon for heile Nasjonalmuseet. Avdeling administrasjon vart leidd av Aud Norlin fram til 1. juli, då ho tok avskil frå stillinga i museet. Frå 1. juli og ut året har Toril Fjelde Høye vore konstituert avdelingsleiar administrasjon. Avdelinga har to seksjonar: Seksjon personal og organisasjon, som vert leidd av seksjonsleiar Else-Marit Laskerud, og Seksjon forretningsdrift og marknadsføring, som vert leidd av seksjonsleiar Tone Vesti Wilse.

## 13.1 SEKSJON PERSONAL OG ORGANISASJON

Seksjonen har i 2007 hatt ansvaret for personaladministrasjon, lønn, saksarkiv, sentralbord, resepsjon, telefoni, edb og reinhold, det siste i samarbeid med drift. Frå 1. juli vart leing av publikumseiniga overført seksjonen, og seksjonsleiar følgte opp installering av nytt ITV-anlegg i Nasjonalgalleriet i samarbeid med sikkerhetsrådgivar. I 2007 har seksjonen disponert 7,7 årsverk. Dette er ein auke på 0,5 årsverk frå 2006 som er fordelte på resepsjon og saksarkiv for å sikre

at desse viktige funksjonane er bemanna alle verkedagar. Tidleg i 2007 vart det installert eit funksjonelt sentralbordsystem i museet. Det gjer det enklare å flytte tilsette mellom bygningar og etasjar, og som gjer oss mindre sårbare dersom nokre liner fell ned. I tillegg til løpande oppgåver har lønnsforhandlingar, informasjons- og drøftingsmøte med dei tillitsvalgte, møte med vernetjenesta og arbeidsmiljøutvalet og samarbeid med bedriftshelsetjenesta blitt følgt opp. Som HMS-ansvarleg og sekretær i AMU brukte seksjonsleiar ein del tid til førebuingar, gjennomføring og oppfølging av medarbeidarundersøkinga som vart gjennomført i juni. Evaluering av museet si vertsordning har ført til utgreiing og oppfølging.

I 2007 vert det ikkje oppretta nye stillingar i museet, men nokre



29. august inviterte den nye direktøren ved Nasjonalmuseet til mottaking på Tullinløkka. 600 gjestar kom for å høyre Allis Helleland "avsløre" sine første tankar om Nasjonalmuseet.

Foto: Morten Thorkildsen, Nasjonalmuseet




stillingar som vart vakante, vart erstatta og nokre stillingsbrøkar vart utvida. Museet har stilt seg positive til å ta inn nokre medarbeidarar på tiltak gjennom NAV i 2007.

### 13.2 SEKSJON FORRETNINGS-DRIFT OG MARKNADSFØRING

Seksjonen sitt ansvar er å etablere egne inntekter ved butikk og sal av arrangement i museumslokala med omvising, foredrag og traktering. Seksjonen har ansvaret for bookingkontoret som tar imot tingingar på omvisingar i museet, i tillegg til vedlikehald og oppdatering av adressebasen til museet. Marknadsføringsansvaret omfattar annonsering og utarbeiding av marknadsmateriell. Ansvaret for museet sitt skiltprogram ligg òg i denne seksjonen.

Seksjonsleiar hadde ansvaret for å arrangere mottakinga for den nyttilsette direktøren på Tullinløkka 29. august. Rundt 600 gjester møtte opp for å høyre Allis Hellesland "avsløre" sine første tankar om Nasjonalmuseet. Seksjonsleiar har i 2007 hatt det administrative



Museumsbutikken i Nasjonalgalleriet med eit stort utval kunstbøker, utstillingskatalogar, postkort og designprodukt, er ein viktig del av museumsbesøket.

Foto: Knut Øystein Nerdrum, Nasjonalmuseet

ansvaret for planlegginga av ICAM 2008 (International Confederation of Architectural Museums) i nært samarbeid med seniorкуратор Ulf Grønvold. Seksjonen har ansvaret for kontakten med BONO i samband med opphavsrettar knytt til utvikling av nye produkt som skal seljast i museumsbutikkane.

Bookingkontoret la i 2007 til rette for 1.565 guida grupper og hadde

ei nettoinntekt på kr 134.760. Talet på omviningar gjekk ned med 11 %, medan inntektene auka med ca. 43 %.

Det vart gjennomført 88 arrangement, av desse var 24 profilerande tiltak som ikkje gav inntening. Dei andre 64 arrangementa genererte ei omsetning på kr. 509.258. Det er ei auke på 55,9 %.

Butikken i Nasjonalgalleriet vert driven i nært samarbeid med Tanum, og fungerer godt. Butikken i Kunstindustrimuseet vert heilt og fullt driven av Nasjonalmuseet. Samla omsetning i våre museumsbutikker var i 2007 på kr 4.568.834, som innebar ei auke frå 2006 på 4 %.

Kafeen i Nasjonalgalleriet, Den Franske Sal, vert driven av Sverre Sætre og Bjørn Holte, kafeen i Kunstindustrimuseet vert driven av Olga Dryan, og kafeen i Museet for Samtidskunst, kafé Sesam, vert driven av Li Min Xu.

Seksjonen disponerte i 2007 ca. 6,5 årsverk, fordelt på 2,9 årsverk på marknadsføring, booking, events, samt kafédrift, og 3,6 årsverk knytt til butikkdrift.



Etter museumsbesøket kan publikum nyte ein kopp te og ein matbit i vakre omgjvnader i Den franske sal i Nasjonalgalleriet.

Foto: Borré Høstland, Nasjonalmuseet

# 14

## ARBEIDSMILJØ

Det har vore seks møte i Arbeidsmiljøutvalet (AMU) i 2007, av dei eitt ekstraordinært i samband med ei medarbeidarundersøking. Som representantar for dei tilsette har Ingvild Aaserud (leiar og hovudverneombod), Marianne Yvenes og Matthew Games møtt. Frå leiinga har Aud Norlin (1.01.–30.06.), Anne Qvale, Else-Marit Laskerud (sekretær og HMS-ansvarleg) og Toril Fjelde Høye (1.07.–31.12.) deltatt. I tillegg møter ein representant frå bedriftshelsetjenesta fast i møta. I 2007 har arbeidsmiljøutvalet handsama fleire viktige saker.

### 14.1 OPPFØLGING AV SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet hadde eit snitt på 5,5 %, noko som vart vurdert som akseptabelt i forhold til tilsvarende stillingar utanfor museet. Men fordi sjukefråværet mellom vertane var bekymringsfullt høgt, vart det avgjort at fråværet mellom vertane skulle følgjast opp spesielt nøye. Det vart sett i verk tiltak i 2007 for å få ned fråværet blant vertane, mellom anna med betre oppfølging av leiingar, kjøling av luft og betre utlufting i Nasjonalgalleriet, og mindre krevjande arbeidstidsordningar. Tiltaka

hadde ein god effekt, spesielt første halvåret. Andre halvåret auka fråværet mellom vertane, spesielt i Nasjonalgalleriet. Dette har i hovudsak si årsak i at ordninga med fast tilsette vertar vart evaluert mot ei løysing med bruk av eksterne vektantar.

Fråværsstatistikken for 2007 viser at gjennomsnittleg fråvær i museet var på 6,1 %, mens gjennomsnittleg fråvær blant vertane i same perioden var på 9,7 %.

### 14.2 MEDARBEIDARUNDERSØKING VÅREN 2007

Med bakgrunn i at fleire tilsette våren 2007 melde frå om at dei meinte arbeidsmiljøet i museet var blitt dårlegare, vedtok AMU mellom fleire tiltak å gjennomføre ei medarbeidarundersøking før sommarferien. Spørjeundersøkinga var enkel og nettbasert og vart administrert av bedriftshelsetjenesta. Svare skulle gi den nye direktøren ved museet eit bilete av korleis tilsette i museet opplevde arbeidsmiljøet da ho tiltredde.

Undersøkinga vart gjennomført i byrjinga av juni, og ei oppsummering frå undersøkinga vart gitt i eit allmøte før sommarferien. Etter planen skulle undersøkinga følgjast opp i kvar av gruppene så raskt som mogeleg etter sommarferien. Då den nye direktøren tiltredde 6. august, viste det seg vanskeleg å prioritere oppfølging av medarbeidarundersøkinga. Andre viktige saker måtte takast først, slik at lokal oppfølging først kom i gang i november/desember.

Med bakgrunn i gruppemøta vil bedriftshelsetjenesta lage ei oppsummering som vert sendt til leiargruppa og AMU. Vidare vil



Blant nyinnkjøpa i 2007 var denne veska frå Marimekko.

Foto: Knut Øystein Nerdrum, Nasjonalmuseet

AMU be om tilbakemelding frå leiarar i respektive grupper når det gjeld tiltak og resultatane av desse.

### 14.3 OPPFØLGING AV FYSISK ARBEIDSMILJØ I 2007

Luftfuktningar som var årsak til allergiske reaksjonar på grunn av dårleg reinhald, vart tekne ut av bruk.

Arbeidsbord med heve- og senkefunksjon er kjøpt inn til konserveratorane. Klagar på reinhald er følgt opp med jamlege møte med leverandøren av tenestene.

Nasjonalmuseet har hatt jamleg kontakt med Statsbygg for å få gjennomført tiltak for å betre luftkvalitet og temperaturforhold i Nasjonalgalleriet. Det vart i 2007 utplassert 26 luftkjølarar og sett i verk tiltak for å få betre luftgjennomstrømming i bygget. Alt i nær samarbeid med konserveratorane.

### 14.4 AKAN

AKAN-kontakten ved museet har deltatt på kurs for å setje seg godt inn i kva eit AKAN-opplegg inneber. Alle tilsette bør jamleg verte minte om AKAN-reglementet slik at det vert etterlevd av alle. Det har vore éi AKAN-sak i 2007.

### 14.5 TILTAK FOR Å BETRE TRYGGLEIKEN I MUSEET – ENDRING AV VERTSORDNINGA

Tidleg i 2007 bad styret ved Nasjonalmuseet administrasjonen vurdere tryggleiken i dei publikumsopne areala i museet med omsyn til brann og tjuveri. Museet si ordning med eigne vertar eller å kjøpe vektartenester eksternt var noko av det som skulle vurderast.

Våren/sommaren 2007 vart det derfor utarbeidd ein tryggleiksrapport som vart sendt styret. Den



Ein viktig nyerverving i 2007 var Willki Midelfarts måleri *Refugio Madrid*.  
Foto: Morten Thorkildsen, Nasjonalmuseet.

konkluderte med at tryggleiken i museet ikkje var tilfredsstillande, og at eitt av fleire tiltak for å betre dette kunne vere å kjøpe vektartenester frå eit profesjonelt vaktelskap. Styret ved museet bad administrasjonen med bakgrunn i dette vurdere alternative tiltak som kunne betre tryggleiken, for deretter å fremje eit endeleg forslag for styret. Endeleg forslag vart lagt fram for styret i november, og styret vedtok å avvikle ordninga med fast tilsette vertar. Det vart vedteke å gjennomføre ei verksemdsoverdraging til eit profesjonelt vektarselskap, der alle som er tilsette i Publikumsenheten på avviklingstidspunktet vil få tilbod om ei stilling. Kjøpet av tenesta skal legjast ut på offentleg anbod.

### 14.6 ÅRLEG HELSE-UNDERSØKING

Bedriftshelsetjenesta har vore tilgjengeleg for individuelle samtalar i samband med medarbeidarundersøkinga, spesielt for dei som

arbeider i Publikumsenheten. Det har ikkje vore ein ordinær helse sjekk av nokon i 2007, men nokon i prioriterte grupper vil få tilbod om legesjekk tidleg i 2008.



# 15

## AVDELING ØKONOMI OG REGNSKAP

Avdelinga er sett saman av avdelingsleiar Toril Fjelde Høye, rekneskapssjef og to rekneskapsmedarbeidarar.

Avdelinga har i 2007 vidareført arbeidet med å utvikle verktøy for tilsette som har budsjetansvar, slik at det vert enklare å følgje opp forbruket i forhold til budsjetta.

Opplæring av dei tilsette i bruk av slike verktøy og elektronisk kontering av fakturaer er gjennomført.

Kostnadsbasen er gjennomgått og kostnadsreducerande tiltak er gjennomført kontinuerleg gjennom året. Det er etablert god intern kontroll og god likviditet.

Kvalitetssikring av alle avtalar som vert inngått med eksterne parter, er òg ein del av avdelingas prioriterte område.



Tresnittet til Zinnia Gjengsto, *Utan tittel*, er mellom museets nyervervingar i 2007.

Foto: Børre Hostland, Nasjonalmuseet.

STIFTELSEN NASJONALMUSEET  
FOR KUNST

Årsrekneskap 2007

## RESULTATREKNESKAP

	Note	2007	2006	Konsern 2007	Konsern 2006
Tilskot frå KKD	2	198 795 000	182 973 391	198 795 000	182 973 391
Andre offentlege tilskot	2	3 126 004	3 453 798	3 126 004	3 453 798
Andre tilskot og gåver		6 092 124	18 507 310	6 092 124	18 507 310
Inntekter butikk		4 569 802	4 397 236	4 569 802	4 397 236
Anna driftsinntekt	3	8 141 536	6 582 903	8 141 536	6 582 903
<b>Sum inntekter</b>		<b>220 724 466</b>	<b>215 914 638</b>	<b>220 724 466</b>	<b>215 914 638</b>
Lønnskostnader	15	63 589 412	64 677 397	63 589 412	64 677 397
Andre personalkostnader	4	22 859 358	21 014 236	22 859 358	21 014 236
Honorar	4	3 834 186	3 003 513	3 834 186	3 003 513
Utstillingskostnader		15 558 536	15 683 436	15 558 536	15 654 040
Innkjøp av varer		3 984 252	3 551 695	3 984 252	3 551 695
Vakthald		7 901 465	6 610 065	7 901 465	6 610 065
Husleige		53 139 949	53 272 485	53 139 949	53 272 485
Drift og innkjøp bibliotek		1 159 331	1 507 023	1 159 331	1 507 023
Andre driftskostnader		20 656 168	22 504 421	20 670 882	22 548 242
Innkjøp til samlingane		8 647 316	11 460 004	8 647 316	11 460 004
Avskrivningar	5,6,7,8	6 913 249	4 343 037	6 913 249	4 343 037
<b>Sum kostnader</b>		<b>208 243 222</b>	<b>207 627 312</b>	<b>208 257 936</b>	<b>207 641 737</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>12 481 244</b>	<b>8 287 326</b>	<b>12 466 530</b>	<b>8 272 901</b>
Anna finansinntekt		1 667 264	813 657	1 667 403	828 197
Annan finanskostnad		98 234	163 197	98 234	163 312
Sum finansielle postar		1 569 030	650 460	1 569 169	664 885
Årsresultat		14 050 274	8 937 786	14 035 699	8 937 786
<b>Disponering av årsresultat</b>					
Avsett til fond for forskingsmidlar	14		12 200 000		
Overført frå fond for forskingsmidlar til annan EK	14	(12 200 000)	(12 200 000)		
Avsett til fond for kunstkjøp	14	3 300 000			
Avsett til annan eigenkapital	14	22 950 274	8 937 786		
Sum disponering av årsresultat		14 050 274	8 937 786		



**Balanse**

	Note	31/12/07	31/12/06
<b>Eiendeler</b>			
<b>Anleggsmidler</b>			
<b>Varige driftsmidler</b>			
Bygg under oppføring	8	36 946 780	-
Aktiverte investeringar KIM 2., 3. og 4. etasje	5	9 065 082	11 847 421
Tryggleiksutstyr	6	2 700 275	1 117 819
Driftslausøyre og inventar	7	11 520 868	12 920 052
<b>Sum varige driftsmidler</b>		<b>60 233 005</b>	<b>25 885 292</b>
<b>Finansielle anleggsmidler</b>			
Investering i dotterselskap	9	-	100 000
Sum finansielle anleggsmidler		-	100 000
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>60 233 005</b>	<b>25 985 292</b>
<b>Omløpsmidlar</b>			
<b>Varebeholdning</b>	10	<b>1 580 000</b>	<b>3 425 000</b>
<b>Fordringar</b>			
Kundefordringar	11	542 156	1 186 754
Andre fordringar	12	7 641 353	52 567 098
<b>Sum fordringar</b>		<b>8 183 509</b>	<b>53 753 852</b>
<b>Bankinnskot, kontantar og liknande</b>	13	<b>39 842 686</b>	<b>10 769 804</b>
<b>Sum omløpsmidlar</b>		<b>49 606 195</b>	<b>67 948 656</b>
<b>Sum eigendelar</b>		<b>109 839 200</b>	<b>93 933 948</b>

<b>Balanse</b>			
	<b>Note</b>	<b>31.12.07</b>	<b>31.12.06</b>
<b>Eigenkapital og gjeld</b>			
<b>Eigenkapital</b>			
Grunnkapital	14	1 000 000	1 000 000
Eigenkapital med eksternt pålagte restriksjonar	14	-	12 200 000
Eigenkapital med sjølvpålagte restriksjonar	14	5 000 000	1 700 000
Annan eigenkapital	14	61 468 403	38 518 129
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>14</b>	<b>67 468 403</b>	<b>53 418 129</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Avsetning for forplikningar</b>			
Pensjonsforplikting	15	4 722 425	1 127 425
<b>Sum avsetning for forplikting</b>		<b>4 722 425</b>	<b>1 127 425</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld	16	14 779 804	19 702 567
Skuldige offentlege avgifter	17	5 334 319	6 205 602
Tilskotsgjeld	1	7 083 078	4 180 212
Anna kortsiktig gjeld	18	10 451 171	9 300 013
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>37 648 372</b>	<b>39 388 394</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>42 370 797</b>	<b>40 515 819</b>
<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>		<b>109 839 200</b>	<b>93 933 948</b>

Oslo 25.04.08

Styret for Stiftelsen Nasjonalmuseet for kunst

  
Christian Bjelland  
Styreleder

  
Kari Kjelndalen  
Nestleder

  
Turid Aakhus  
Styremedlem

  
Ellen Heiberg  
Styremedlem

  
William Nygaard  
Styremedlem

  
Jorun Veiteberg  
Styremedlem

  
Allis Helleland  
Direktør

  
Ingrid Blekastad  
Varamedlem

## NOTAR

### **Note 1 Rekneskapsprinsipp**

Årsrekneskapen inneheld resultatrekneskap, balanse, noteopplysningar og kontantstraumoppstilling og er avlagt i samsvare med stiftingslov, rekneskapslov og god rekneskapsskikk i Noreg gjeldande pr. 31. desember 2007. Årsrekneskapen er basert på dei grunnleggjande prinsippa, og klassifiseringa av eigendelar og gjeld følgjer definisjonane i rekneskapsloven. Årsrekneskapen for 2007 omfattar perioden 01.01.2007 til 31.12.2007.

### **Konsern**

Konsernet omfatta i 2006 av Stiftelsen Nasjonalmuseet for kunst og det 100 % eigde dotterselskapet Kyss Frosken AS. Kyss Frosken AS vart avvikla i 2007, og det har derfor berre vorte laga samanliknbare tal for resultatrekneskapen for 2007.

### **Rekneskapsprinsipp for vesentlege rekneskapspostar**

#### **Inntektsføringstidspunkt**

Tilskot frå stat og andre offentlege institusjonar vert inntektsførte i den perioden dei er tildelt for, noko som normalt vil falle saman med utbetalingsåret. Tilskot som er øyremerkta spesielle prosjekt vert inntektsførte på det tidspunktet stiftinga har juridisk rett til tilskotet, det er rimeleg sikkert at inntekta vil bli mottatt, og den kan målast påliteleg. Andre inntekter vert resultatførte når dei er opptente, det vil seie ved leveringstidspunktet ved sal av varer og tenester.

#### **Kostnadsføringstidspunkt**

Kostnader vert periodiserte til det året aktiviteten som medfører kostnaden er utført.

#### **Varige driftsmidlar**

Varige driftsmidlar vert førte i balansen til anskaffingskost, fråtrekt akkumulerte avskrivningar. Dersom den verkelege verdien av eit driftsmiddel er lågare enn bokført verdi, og dette skuldast årsakar som ikkje reknast å vere forbigåande, vert driftsmidelen nedskriven til verkeleg verdi.

#### **Avskrivningar**

Ordinære avskrivningar er utrekna lineært over den økonomiske levetida til driftsmidla med utgangspunkt i historisk kostpris. Avskrivningane er klassifiserte som ordinære driftskostnader.

#### **Varelager**

Behaldninga av varer vert vurdert til det lågaste av kostpris etter "først inn - først ut"-prinsippet og tenkt salspris.

#### **Fordringar**

Fordringar er oppførte til pålydande med frådrag for forventa tap.

#### **Pensjonsforplikting og pensjonskostnad**

Rekneskapsføring av pensjon følgjer NRS 6. Lineær oppteningsprofil og forventa sluttlønn som oppteningsgrunnlag er lagt til grunn.



**Note 2 Offentlege tilskot**

	2007	2006
<b>Tilskot frå KKD</b>	<b>198 795 000</b>	<b>182 973 391</b>

**Andre offentlege tilskot**

	2007	2006
Tilskot frå departementa	318 504	750 000
Tilskot frå Norsk kulturråd	150 000	509 298
Tilskot frå Statsbygg	550 000	0
Tilskot frå Oslo kommune	1 000 000	0
Tilskot frå Tromsø kommune	241 500	0
Tilskot frå DKS	866 000	2 000 000
Tilskot andre offentlege inst.	0	194 500
<b>Sum andre offentlege tilskot</b>	<b>3 126 004</b>	<b>3 453 798</b>

**Note 3 Anna driftsinntekt**

I anna driftsinntekt inngår desse inntektspostane: omvining, konservering, leige, lån fotodias og diverse inntekter

**Note 4 Andre personalkostnader**

	2007	2006	Konsern 2007	Konsern 2006
Folketrygdavgift	9 700 624	9 894 368	9 700 624	9 894 368
Pensjonskostnader	10 487 000	8 327 000	10 487 000	8 327 000
Andre personalkostnader	2 671 734	2 792 868	2 671 734	2 792 868
<b>Sum andre personalkostnader</b>	<b>22 859 358</b>	<b>21 014 236</b>	<b>22 859 358</b>	<b>21 014 236</b>

Tal på tilsette ved slutten av året	196	210	196	210
-------------------------------------	-----	-----	-----	-----

**Godtgjeringar (i kr)**

Styret	301 250	297 500
--------	---------	---------

**Direktør**

Lønn	1 049 501	982 829
Yting til pensjonsforplikting	4 244	98 283
Anna godtgjering	4 431	31 393
<b>Sum</b>	<b>1 058 176</b>	<b>1 112 505</b>

Stiftinga hadde i løpet av 2007 to direktørar. Den eine direktøren var konstituert. Den samla godtgjersla for både er angitt over.

Dagleg leiar har ein årslønn på kr 1.250.000. I tillegg skal dagleg leiar motta ein tilleggsgodtgjersle på 30 % av årslønna i samband med den planlagte utbygginga og utvidinga av Nasjonalmuseet si verksemd, frå det tidpunkt byggeprosjektet er formelt godkjent av reguleringsmyndighetane og fram til bygget er overtatt og det er gitt løyve til å ta det i bruk. Dagleg leiar mottek ein godtgjersle på kr 8.000 pr. måned til dekking av buutgifter dei første 12 månadene etter tiltredinga, og dekking av internettsamband, telefon og avis. Dagleg leiar har ein pensjonsordning som skal dekke differansen mellom full pensjon i Statens Pensjonskasse, og ein pensjonsopptjening basert på grunnlag av fast lønn.

Dersom Nasjonalmuseet bringer arbeidsforholdet til opphøyr i løpet av åremålsperioden på seks år, har dagleg leiar rett til løn ut åremålsperioden, men redusert for inntekt frå anna arbeid.

### Revisor

Samla kostnadsført revisjonshonorar for 2007 er kr 226.656. Av dette er kr 141.250 honorar for revisjon, kr 11.875 er honorar for annan revisjonsmessig bistand, kr 31.250 honorar for teknisk bistand til årsrekneskapen og andre rekneskapsmessige spørsmål, og kr 42.281 honorar for spørsmål vedrørande meirverdiavgift, lønnsrapportering, deltaking i møte og diverse.

### Note 5 Aktiverte investeringar

	KIM 3. etasje	KIM 2. etasje	KIM 4. etasje	Sum
Anskaffingskost 01.01.07	3 493 741	10 411 951	0	13 905 692
Tilgang kjøpte driftsmidlar i år	0	0	248 857	248 857
Akkumulerte avskrivningar	1 566 741	3 493 530	29 196	5 089 467
<b>Balanseført verdi 31.12.07</b>	<b>1 927 000</b>	<b>6 918 421</b>	<b>219 661</b>	<b>9 065 082</b>

Avskrivningar i år	696 000	2 306 000	29 196	3 031 196
Økonomisk levetid	inntil 6 år	inntil 5 år	Inntil 5 år	
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	Lineær	

Etter ei revurdering av forventa brukstid sett opp mot leigekontrakten er avskrivningstida forkorta, noko som har resultert i auka avskrivningar med kr 1 612 724,- i 2007.

### Note 6 Tryggleiksutstyr

	Tryggleiks- prosjekt	Sum
Anskaffingskost 01.01.07	1 383 683	1 383 683
Tilgang kjøpte driftsmidlar i år	2 295 898	2 295 898
Akkumulerte avskrivningar	979 306	979 306
<b>Balanseført verdi 31.12.07</b>	<b>2 700 275</b>	<b>2 700 275</b>

Avskrivningar i år	713 442	713 442
Økonomisk levetid	Inntil 5 år	
Avskrivningsplan	Lineær	

### Note 7 Varige driftsmidler - driftslausøyre og inventar

	Butikk Nasjonalgal- leriet.	Oppgrad. Bygg	Tullinløkka/ Arkitektur Nytt mu- seum	PC/digitalt
Anskaffingskost 01.01.07	1 130 710	1 416 664	437 003	3 302 016
Tilgang kjøpte driftsmidler i år	211 906	0	0	766 317
Avgang driftsmidler i år			(437 003)	
Akkumulerte avskrivningar	349 198	333 183	0	1 392 883
<b>Balansført verdi 31.12.07</b>	<b>993 418</b>	<b>1 083 481</b>	<b>0</b>	<b>2 675 450</b>
Avskrivningar i år	242 417	148 307	0	606 373
Økonomisk levetid	inntil 9 år	inntil 10 år	inntil 10 år	Inntil 5 år
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær
	<b>Bibliotek/ Dok. Arkiv</b>	<b>Inventar Kr.A.gt. 23</b>	<b>Inventar</b>	<b>Sum</b>
Anskaffingskost 01.01.07	1 552 475	6 862 865	2 704 702	<b>17 406 435</b>
Tilgang kjøpte driftsmidler i år	0	243 421	984 785	<b>2 206 429</b>
Avgang driftsmidler i år				<b>(437 003)</b>
Akkumulerte avskrivningar	737 976	3 216 923	1 624 831	<b>7 654 994</b>
<b>Balansført verdi 31.12.07</b>	<b>814 499</b>	<b>3 889 363</b>	<b>2 064 656</b>	<b>11 520 867</b>
Avskrivningar i år	310 500	1 310 239	550 773	<b>3 168 609</b>
Økonomisk levetid	inntil 5 år	inntil 5 år	inntil 10 år	inntil 10 år
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær

### Note 8 Bygg under oppføring

	Bankplassen	Sum
Anskaffingskost 01.01.07	-	-
Tilgang kjøpte driftsmidler i år	36 946 780	<b>36 946 780</b>
Akkumulerte avskrivningar	-	-
<b>Balansført verdi 31.12.07</b>	<b>36 946 780</b>	<b>36 946 780</b>
Avskrivningar i år	-	-
Økonomisk levetid	inntil 20 år	
Avskrivningsplan	Lineær	



### Note 9 Aksjar i dotterselskap

Kyss Frosken AS vart avvikla i løpet av 2007.

### Note 10 Varer

	31.12.07	31.12.06
Verdi varelager IB	3 425 000	4 600 000
Varelager reduksjon	1 845 000	1 175 000
<b>Verdi varelager UB</b>	<b>1 580 000</b>	<b>3 425 000</b>

### Note 11 Kundefordringar

	31.12.07	31.12.06
Kundefordringar	692 156	1 336 754
Delkrederavsetning	(150 000)	(150 000)
<b>Totalt</b>	<b>542 156</b>	<b>1 186 754</b>

### Note 12 Andre fordringar

	31.12.07	31.12.06
Forskot til Statsbygg		36 946 780
Forskotsbetalte kostnader	6 902 421	15 620 935
Tillagte inntekter	702 880	35 277
Andre kortsiktige fordringar	36 052	49 166
Fordring på konsernselskap	0	(85 060)
<b>Totalt</b>	<b>7 641 353</b>	<b>52 567 098</b>

### Note 13. Bankinnskot, kontant

	31.12.07	31.12.06
Kontantar og bankinnskot	39 842 686	10 769 804
Av dette skattetreksmidlar	2 699 457	3 242 229
Av dette øymerka midlar	6 067 530	5 814 697
<b>Til disposisjon</b>	<b>31 075 699</b>	<b>1 712 878</b>

**Note 14 Eigenkapital**

	Grunnkapital	Eigenkapital med restriksjonar		Annann EK	Sum
		Eksterne pålegg forskingsfond	Interne pålegg Innkjøpsfond		
Eigenkapital 31.12.2006	1 000 000	12 200 000	1 700 000	38 518 129	53 418 129
Disponering av årsresultat		(12 200 000)	3 300 000	22 950 274	14 050 274
<b>Eigenkapital 31.12.2007</b>	<b>1 000 000</b>	<b>-</b>	<b>5 000 000</b>	<b>61 468 403</b>	<b>67 468 403</b>

Stiftinga har motteke tilskot frå Umoe AS på 12,2 mill i 2006, 12,2 mill i 2005 og 12,4 mill i 2004 som skal nyttast til forskning innan forverkeområdet til stiftinga. I 2007 er siste rest av fondet kr 12,2 mill. brukt til forskingsarbeid.

**Note 15 Pensjonsforplikting**

Stiftelsen Nasjonalmuseet for kunst har pensjonsordning i Statens Pensjonskasse (SPK) som omfattar i alt 208 personar, og Kommunalansattes Landspensjonkasse (KLP) som omfattar 37 personar. Pensjonane er i hovudsak avhengige av talet på oppteningsår, lønnsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytinga frå folketrygda. Sjå også note 1 om rekneskapsprinsipp. I tillegg til den sikra ordninga i SPK og KLP har verksemda ei udekt forplikting i AFP-ordninga.

Tal i heile 1 000	SPK	KLP	Sum
<i>Pensjonskostnaden i år:</i>			
Noverdi av pensjonsoppteninga i år	6 806	0	6 806
Rentekostnad på pensjonsforpliktinga	2 498	829	3 327
Avkastning på pensjonsmidlar	(2 178)	(660)	(2 838)
Administrasjonskostnader	159	20	179
Resultatført estimatavvik	1 738	0	1 738
Arbeidsgivaravgift	1 272	3	1 275
<b>Netto pensjonskostnad</b>	<b>10 295</b>	<b>192</b>	<b>10 487</b>
<i>Balanseført netto forplikting:</i>			
Opptente pensjonsforpliktingar	62 135	14 472	76 607
Pensjonsmidlar (til marknadsvardi)	(45 997)	(11 170)	(57 167)
Ikkje resultatført verknad av estimatavvik	(14 037)	(1 264)	(15 301)
Arbeidsgivaravgift	296	287	583
<b>Balanseført netto forplikting (overdekning)</b>	<b>2 397</b>	<b>2 325</b>	<b>4 722</b>
<i>Økonomiske føresetnader:</i>			
Diskonteringsrente	4,70%	6,00%	
Forventa lønnsregulering og pensjonsregulering	4,50%	4,50%	
Forventa G-regulering	4,25%	4,25%	
Forventa avkastning på fondsmidlar	5,25%	6,30%	

**Note 16 Leverandørgjeld**

	<b>31.12.07</b>	<b>31.12.06</b>
Leverandørgjeld	14 779 804	19 702 567
<b>Total</b>	<b>14 779 804</b>	<b>19 702 567</b>

**Note 17 Skuldige off. avgifter**

	<b>31.12.07</b>	<b>31.12.06</b>
Skattetrekk, påleggstrekk	2 698 897	3 241 829
Meirverdiavgift	(162 003)	96 837
Arbeidsgivaravgift	2 797 425	2 866 936
<b>Totalt</b>	<b>5 334 319</b>	<b>6 205 602</b>

**Note 18 Anna kortsiktig gjeld**

	<b>31.12.07</b>	<b>31.12.06</b>
Tillagte feriepengar	6 566 345	6 293 994
Tillagte kostnader	2 722 593	4 075 963
Anna kortsiktig gjeld	1 162 233	3 110 268
<b>Totalt</b>	<b>10 451 171</b>	<b>13 480 225</b>

## KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

<b>Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar</b>	<b>Note</b>	<b>2007</b>	<b>2006</b>
Årsresultat		14 050 274	8 937 786
Ordinære avskrivningar		6 913 249	4 343 037
Kostnadsførte tidlegare aktiverte driftsmidlar		437 003	
Endring i varelager		1 845 000	1 175 000
Endring i kundefordringar		644 598	295 661
Endringar i leverandørgjeld		(4 922 763)	3 594 812
Endring i andre tidsavgrensingar		11 261 706	(16 209 215)
<b>Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar</b>		<b>30 229 067</b>	<b>2 137 081</b>
<b>Kontantstraumar frå investeringsaktivitetar</b>			
Utbetalingar ved kjøp av varige driftsmidlar		(4 751 185)	(3 795 193)
Endring i pensjonsmidlar/forpliktingar		3 595 000	361 620
<b>Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar</b>		<b>(1 156 185)</b>	<b>(3 433 573)</b>
<b>Kontantstraum frå finansieringsaktivitetar</b>			
<b>Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar</b>		<b>-</b>	<b>-</b>
<b>Netto endring i likvidar</b>		<b>29 072 882</b>	<b>(1 296 492)</b>
Likviditetsreserve pr. 01.01.	<b>13</b>	10 769 804	12 066 296
<b>Likviditetsreserve pr. 31.12.</b>	<b>13</b>	<b>39 842 686</b>	<b>10 769 804</b>



# KJELSTRUP & WIGGEN AS

Statsautoriserte revisorer



Vidar Haugen  
Eystein O. Hjelme  
Ole F. Kjelstrup  
Per-Henning Lie  
Erik Olsen  
Paul G. M. Thomassen  
Cecilie Tronstad

Til Stiftelsen Nasjonalmuseet for Kunst

## REVISJONSBERETNING FOR 2007

Denne beretningen erstatter tidligere avgitt beretning, datert 7. februar 2008. Stiftelsens regnskap er endret etter dette tidspunktet fordi det i det opprinnelige regnskapet ikke var gitt fullstendige opplysninger om ytelser til daglig leder.

Vi har revidert årsregnskapet for Stiftelsen Nasjonalmuseet for Kunst for regnskapsåret 2007, som viser et overskudd på kr 14 050 274 for morselskapet og et overskudd på kr 14 035 699 for konsernet. Vi har også revidert opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet, forutsetningen om fortsatt drift og forslaget til disponering av overskuddet. Årsregnskapet består av selskapsregnskap og konsernregnskap. Selskapsregnskapet består av resultatregnskap, balanse, kontantstrømoppstilling, og noteopplysninger. Konsernregnskapet består av resultatregnskap, balanse, kontantstrømoppstilling, og noteopplysninger. Regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge er anvendt ved utarbeidelsen av regnskapet. Årsregnskapet og årsberetningen er avgitt av stiftelsens styre og daglig leder. Vår oppgave er å uttale oss om årsregnskapet og øvrige forhold i henhold til revisorlovens krav og stiftelseslovens krav.


Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder revisjonsstandarder vedtatt av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardene krever at vi planlegger og utfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon. Revisjon omfatter kontroll av utvalgte deler av materialet som underbygger informasjonen i årsregnskapet, vurdering av de benyttede regnskapsprinsipper og vesentlige regnskapsestimater, samt vurdering av innholdet i og presentasjonen av årsregnskapet. I den grad det følger av god revisjonsskikk, omfatter revisjon også en gjennomgåelse av stiftelsens formuesforvaltning og regnskaps- og intern kontroll-systemer. Vi mener at vår revisjon gir et forsvarlig grunnlag for vår uttalelse.

Vi mener at

- årsregnskapet er avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av stiftelsens og konsernets økonomiske stilling 31. desember 2007 og av resultatet og kontantstrømmene i regnskapsåret i overensstemmelse med god regnskapsskikk i Norge
- ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge
- opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet, forutsetningen om fortsatt drift og forslaget til disponering av overskuddet er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

Vi har ikke fått kjennskap til noe forhold som tilsier at stiftelsens forvaltning og utdelinger ikke er foretatt i samsvar med lov, stiftelsens formål og vedtektene for øvrig.

Oslo, 25. april 2008  
Kjelstrup & Wiggen AS

  
Erik Olsen  
statsautorisert revisor

Henrik Ibsens gate 20 - 0255 Oslo - Norge  
Tlf.: +47 23 11 42 00 - Fax: +47 23 11 42 01 - Org. NO 983 953 328 MVA - Bank 1609 04 17006 - firmapost@k-w.no - www.k-w.no

MEDLEMMER AV DEN NORSKE REVISORFORENING  
MEDLEM AV NEXIA INTERNATIONAL

